



# Midt-Telemark kommune

## Kommunedelplan Lifjell

2025-2035

Planomtale

*Vedteke av kommunestyret 16.06.2025*

A stylized illustration of a town in white lines on a blue background. It features various buildings, a sun, trees, and a road. A central banner contains the text.

VI SKAPAR  
FRAMTIDA  
SAMAN

<b>1 Føresetnader for planarbeidet .....</b>	<b>3</b>
1.1 <i>Bakgrunn .....</i>	3
1.2 <i>Plan- og bygningslova.....</i>	3
1.3 <i>Overordna føringar .....</i>	3
1.3.1 Statlege føringar .....	3
1.3.2 Regionale føringar .....	4
1.3.3 Kommunale føringar .....	5
1.3.4 Utgreiingar som inngår i kunnskapsgrunnlaget .....	5
1.4 <i>Planprosess og medverknad .....</i>	6
1.4.1 Planprogrammet for dette planarbeidet.....	6
1.4.2 Organisering av planprosessen .....	6
1.4.3 Medverknad .....	6
1.4.4 Planprosessen .....	7
1.4.5 Innspel til varsel om oppstart og planprogram .....	7
1.4.6 Innspel til høyring og offentleg ettersyn.....	8
<b>2 Planomtale .....</b>	<b>8</b>
2.1 <i>Plandokumenta.....</i>	8
2.2 <i>Hovedgrep i planforslaget .....</i>	9
2.3 <i>Tilhøve til andre arealplanar .....</i>	13
2.4 <i>Arealrekneskap .....</i>	15
2.5 <i>Klimaregnskap .....</i>	15
<b>3 Samandrag etter plantema .....</b>	<b>18</b>
3.1 <i>Fritidsbusettader .....</i>	18
3.1.1 Status og hovedutfordringar .....	18
3.1.2 Nye område for fritidsbusettad .....	19
3.1.3 Utforming .....	20
3.1.4 Områder som er omgjort til andre formål .....	22
3.2 <i>Mobilitet, infrastruktur og folkehelse .....</i>	24
3.2.1 Status og utfordringar .....	24
3.2.2 Blågrøn infrastruktur og mobilitet .....	24
3.2.3 Parkering og teknisk infrastruktur .....	25
3.2.4 Idrettsanlegg/alpinområde .....	25
3.2.5 Nye arealfremål.....	26
3.2.6 Føremål som er omgjort .....	26
3.3 <i>Næringsliv, reiseliv .....</i>	26
3.3.1 Status og hovedutfordringar .....	26
3.3.2 Nye arealfremål.....	27
3.3.3 Føremål som er omgjort .....	27
3.4 <i>Grønstruktur, naturmiljø, kulturmiljø og vassdrag .....</i>	27
3.4.1 Status og hovedutfordringar .....	27
3.4.2 Idrettsanlegg/alpinområde .....	28
3.4.3 Turdrag eller skiløype .....	28
3.4.4 Friluftslivsområde.....	29
3.4.5 Utbygging langs vassdrag .....	29
3.4.6 Vassdrag og naturmangfold .....	29
3.4.7 Kulturminne.....	30

3.5	<i>Beredskap og tryggleik</i> .....	30
3.5.1	Status og hovedutfordringar .....	30
3.5.2	Overvasshandtering .....	31
3.5.3	Tryggleik for flaum og skred .....	31
3.5.4	Tryggleik mot skogbrann .....	31
3.6	<i>Klimagassutslepp</i> .....	31
3.6.1	Status og hovedutfordringar .....	31
3.6.2	Tiltak for å redusere klimagassutslepp.....	32
3.7	<i>Omsynssoner og føresegnsområde</i> .....	32
3.7.1	Faresoner .....	32
3.7.2	Omsynssoner .....	32
3.7.3	Føresegnsområde.....	33
4	<b>Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av planforslaget</b> .....	34
4.1	<i>Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innkomne innspel</i> .....	34
4.2	<i>Samla verknad etter arealformål.....</i>	35
4.3	<i>Samla verknad etter tema .....</i>	39
	<b>Vedlegg .....</b>	<b>48</b>
	<b>Vedlegg 1 - Innspel til varsel om oppstart og planprogram med kommentarar .....</b>	<b>49</b>
	<b>Vedlegg 2 - Innspel til høyring av planforslaget .....</b>	<b>67</b>

## 1 Føresetnader for planarbeidet

### 1.1 Bakgrunn

Gjeldande kommunedelplan for Lifjell vart sist vedtatt 24.02.2014. Målet med denne rulleringa av kommunedelplan for Lifjell er ei full revidering, der det er gitt høve til å fremje forslag om nye arealføremål, nye utbyggingsområde og endring av føresegner. Eit sentralt føremål med planarbeidet har òg vore å vurdere om det bør gjerast endringar i sti- og løypetraséar eller heistraséar som ikkje inngår i reguleringsplanar. Det har òg vore eit mål med planarbeidet å vurdere alternativ for områda som tidlegare er sett av til sentrumsføremål. Ikkje realiserte byggeområder har blitt gjennomgått på bakgrunn av ny kunnskap og nye føringar, og det er vurdert om det er naudsynt med endringar i arealføremål her. Det er òg utarbeida ei kommunal markagrense mot fjellet og sett på nye areal til renovasjon. Det er vidare gjort endringar i tidlegare føresegner om utnytting, utforming og estetikk, der blant anna tema som lysforureining og alternative energikjelder er tatt opp.

### 1.2 Plan- og bygningslova

Kommunedelplan for Lifjell er heimla i plan- og bygningslova (pbl) §§ 11-1 og 11-5, og er juridisk bindande (pbl §11-6). I dei områda der det ikkje finst eller er sett krav om reguleringsplan skal kommunedelplanen for Lifjell leggjast til grunn ved handsaming av søknader etter pbl § 20-1.

### 1.3 Overordna føringar

Planarbeidet er styrt av både statlege, regionale og kommunale føringar.

#### 1.3.1 Statlege føringar

##### Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. I dette dokumentet vert den nasjonale politikken formidla. Forventningsdokumentet som låg til grunn for kommunedelplan for Lifjell ved oppstart er *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*. Det vart lagt fram nye forventingar medan planarbeidet føregjekk: *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Det er i stor grad tatt omsyn til dette i planarbeidet. I forventninga 2019-23 vert det lagd fokus på FN berekraftsmål og at utbygginga skjer på ein måte som sikrar kvalitet i områda. I forventingane for 2023-27 er det lagt tydeleg fokus på å oppretthalde intakte økosystem, ivareta naturmangfald, kulturmiljø og friluftsområde og avgrense og tilpasse seg til klimaendringane, samtidig som ein sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønnsam næringsverksemd. Dette er følgd opp i planarbeidet gjennom å skaffe tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag (deriblant naturtype- og myrkartlegging, spørjeundersøking blant grunneigarar, næringsaktørar, velforeiningar med fleire, kartlegging av potensielle avrenningslinjer, medverking- og dialogmøte med fleire), som er lagt til grunn både i konsekvensutgreiing og gjennomgang av eldre planar.

##### Statleg planretningslinjer

Dei statlege planretningslinjene gjev konkrete føringar for korleis enkelttema skal følgjast opp i planlegginga. Planar som er i strid med retningslinjene kan gi grunnlag for innvendingar, dersom vesentlege regionale eller nasjonale interesser er gjeldande. Dei mest relevante planretningslinjene for kommunedelplan for Lifjell er:

- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing  
Kommunale planar skal bidra til å redusere klimagassutslepp og auke miljøvenleg energiomlegging. Planlegging skal bidra til at samfunnet er betre førebudd og evnar å tilpasse

seg klimaendringane. Kommunane skal stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auke miljøvenleg energiomlegging. Tiltak og verkemiddel skal visast i kommuneplan eller i eigen kommunedelplan.

- **Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging**

Retningslinjene skal blant anna styrke sykkel og gange som transportform. Dette er også relevant for Lifjellområdet. Kommunane skal ta omsyn til overordna grønstruktur, forsvarleg handtering av overvatt, viktig naturmangfald, god matjord, kulturhistoriske verdiar og estetiske kvalitetar, samt ta høgde for universell utforming og tilgjenge for alle. Retningslinjene setter også fokus på å utnytte potensialet for fortetting framfor å råke areal som er viktig for landbruk, naturmangfald, grønstruktur eller friluftsinteresser.

- **Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga**

Retningslinjene skal styrke barn og unge sine interesser i planlegging. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan skape sitt eige leikmiljø. Ved omdisponering av areal som er i bruk eller er eigna for leik skal det skaffast ei fullverdig erstatning.

- **Rikspolitiske retningslinje for verna vassdrag**

Retningslinjene gjeld vassdragsbeltet og eit område på inntil 100m langs sidene av vassdraget og andre delar av nedbørfeltet som påverkar verneverdien i vassdraget. Kommunane må unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø. Friluftslivsverdien skal sikrast, særleg i område med høge innbyggjartal.

### 1.3.2 Regionale føringer

- **Regional klimaplan for Telemark 2019-2026**

Hovudtema er 1) Reduksjon av klimautslepp, 2) Klimatilpassing og 3) Samordning og formidling. Planen har fleire satsingsområde, mellom anna: Kompakte og attraktive byar og tettstader og klimatilpassing i alle regionale og kommunale planar.

- **Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030**

Planen skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar helse og utjamnar sosiale skilnader, og har satsingsområda: Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid, helsefremmande oppvekst, helsefremmande vaksenliv og samfunnsutvikling for ein aktiv alderdom.

- **Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-25**

Bygging av fritidsbustader skal fortrinnsvis skje ved fortetting i eksisterande område for fritidsbustader og styrke eksisterande sentra og/eller destinasjonar

- **Regional plan for vannforvaltning for Vestfold og Telemark vannregion, planperioden 2022-2027**

Planen skal vise korleis vassmiljøet og vassressursane skal forvaltast. Planen viser miljøkvalitetsnormer for elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn, og legg føringer for korleis ein skal klare å nå dei definerte miljømåla.

- **Regional strategi for reiseliv og opplevelser 2022–2030**

Strategien skal bidra til utvikling av et berekraftig opplevingsbasera reiseliv som gir lokal verdiskaping og attraktive busamfunn. Mangfaldet i reiselivstilbodet står sentralt i denne strategien.

### 1.3.3 Kommunale føringar

#### Kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031

I samband med samanslåinga av Bø og Sauherad kommunar vart kommuneplanens samfunnsdel revidert. 21 mål i samfunnsdelen viser korleis lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg i planperioden. 10 av disse måla vurderast som mest relevante for kommunedelplan Lifjell:

- Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald skal sikrast.
- Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar.
- Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnærings og bustadutvikling vert ivaretatt.
- Legg til rette for nyetablering og vidareutviklar eksisterande næring.
- Sikrar og legg til rette for badeplassar og tilkomst til friluftsområde.
- Viktige frilufts- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast.
- Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging.
- Integrerer omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging.
- Kartlegg risiko for flaum og skred.
- Sikrar og vidareutviklar blågrøne strukturar som kan handtere ekstremnedbør.

#### Kommunedelplanens arealdel 2021-2033

Gjeldande kommuneplanens arealdel (planid: 202001, I kraft: 21.06.2021) dannar grunnlaget for denne planen.

### 1.3.4 Utgreiingar som inngår i kunnskapsgrunnlaget

Følgjande utgreiingar inngår i kunnskapsgrunnlaget for kommunedelplanen for Lifjell:

- *Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel om endra arealbruk* (Midt-Telemark kommune, 2023).
- *Reiselivsanalyse* (Sweco, 2020).
- *Spørreundersøkelse om fremtidig arealbehov på Lifjell* (Tømmerforsking/Mimir, 2022).
- *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde* (Midt-Telemark kommune 2020).
- *Naturtypekartlegging på Lifjell i Midt-Telemark kommune*. Hertzberg, M.K. og Brynjulvsrud J.G. 2023. Biofokus rapport 2023-089. Stiftelsen Biofokus. Oslo.
- *Notat om friluftsliv og sentrale møteplasser på Lifjell* (Midt-Telemark kommune, 2023).
- *Notat – Avrenningslinjer i KDP Lifjell* (Sweco, 2023).
- *Notat – Verna vassdrag og kommunedelplan Lifjell* (Midt-Telemark kommune, 2023).
- *Notat om kulturmiljø på Lifjell* (Midt-Telemark kommune, 2023).

## 1.4 Planprosess og medverknad

### 1.4.1 Planprogrammet for dette planarbeidet

Planprogrammet viser korleis planprosessen skal gjennomførast, med plantema, opplegg for konsekvensutgreiing, medverknad og framdriftsplan. Planprogrammet vart vedtatt av kommunestyret 24.10.2022.

### 1.4.2 Organisering av planprosessen

Oppdragsgjevar er kommunestyret og det er kommunestyret som vedtek planen.

Den politisk styringsgruppa er formannskapet.

Arbeidsgruppa har hovudansvaret for å utarbeide planen i samsvar med dei føringane som er lagt i plan- og bygningslova, planprogrammet og innspel frå styringsgruppa. Arbeidsgruppa arbeider med plandokumenta og samarbeider med konsulent.

### 1.4.3 Medverknad

Medverknadsprosessen er basert på måla sett i planprogrammet. Medverknadsprosessen er gjennomført som vist nedanfor.

Medverknad av lokalbefolkninga og lokale aktørar:

- Høyring av planprogram, med invitasjon til innspel til endringar. Ope plankontor og folkemøte i Gullbring kulturanlegg under høyringa. Ope plankontor på Lifjell under høyringa.
- Høyring av planforslag, med fysisk og digitalt høyringsmøte. Rundt 600 digitale visingar og fullsett kommunestyresal. Ope plankontor på kommunehuset under høyringsperioden.
- Medverknadsmøter eller -dialog med fleire grunneigarar, forslagsstillarar, turlag, Jønnbu leirskule, Sagavoll FHS, USN *Idrett og friluftsliv* og *Natur og miljø*, Bø vgs, renovasjonsselskapet, beitelag, VisitBø og MTNU.
- Felles innspel frå grunneigar og beitelag om føresegns 1.11 Gjerde.
- To møter i kommunen sitt planforum.
- Høyringsperiode på meir enn 6 veker.

Medverknad av regionale etatar:

- To møter i regionalt planforum, både i planprogramfasen og i samband med utarbeiding av kommunedelplanen. Fagleg dialog med rådgivarane for kultur og samferdsel.
- Høyring av planprogram og forslag til plan.

Politisk medverknad

- Vedtak av kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategiar i kommunestyra til Bø og Sauherad kommunar i 2019.
- Vedtak om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram (kommunestyret i Midt-Telemark, mars 2022).
- Vedtak av planprogram (kommunestyret i Midt-Telemark 24.10.2022).
- Presentasjon av planforslaget i formannskap og utval for plan, teknikk og næring (januar/februar 2024).
- Vedtak i formannskapet om å leggje planforslag på høyring (11.03.2024).
- Orientering om høyring av planforslaget i råd for funksjonshemma, eldreråd, ungdomsråd og alle hovudutval.

- Behandling av høyringsinnspeil i formannskapet og kommunestyret (26.08.2024, 17.09.2024, 13.11.2024)
- Vedtak i kommunestyret 16.06.2025.

#### 1.4.4 Planprosessen

Tabell 1-1 Planprosessen for kommuneplanens arealdel

Oppgåver	Dato
<b>Vedtak om oppstart av planarbeid og utkast til planprogram</b>	Kommunestyret 14.03.22
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram	Høyringsfrist 19.05.22
Regionalt planforum	27.04.22
Ope plankontor/folkemøte	11.04.22 og 19.04.22/19.04.22
<b>Vedtak planprogram</b>	Kommunestyret 24.10.22
<b>Utgreiingar</b>	
Konsekvensutgreiing	Des 22-Sep 23
Naturtype- og myrkartlegginga	Jul-Aug 23
<b>Medverknad i planprosessen</b>	
Regionalt planforum	27.04.22/08.11.23
Kommunalt planforum	19.10.23/18.01.24
Møte med organisasjoner, grunneigarar, næringsaktørar	Jan – Mai 23
Orientering i formannskapet og PTN	Mar 23
Utarbeidning av ulike fagnotat med innspeil frå eksterne	Haust 23
Orientering i PTN	Januar 24
<b>Politisk handsaming av planforslag</b>	Formannskapet 05.02.24/11.03.24
<b>Høyring og offentleg ettersyn</b>	10.04.24- 26.05.24 (utvida til 21.06.24)
<b>Medverknad i høyringsfasen</b>	
Ope plankontor	24.04.24
Høringsmøte	24.04.24
Orientering i råd og utval	22.04.24/23.04.24/08.05.24/14.05.24
<b>Motsegnsavklaringar</b>	
Dialogmøte med Telemark	
fylkeskommune/Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	28.11.24
Stadfesting på trekte motsegner	21.01.25/11.02.25
Meklingsmøte	04.03.25
<b>Politisk handsaming etter høyring</b>	
Handsaming av innkomne merknader	Formannskapet 26.08.24/17.09.24 Kommunestyret 13.11.24
Politisk vedtak	Kommunestyret 16.06.25
<b>Kunngjering</b>	24.06.25

#### 1.4.5 Innspeil til varsel om oppstart og planprogram

Då fristen for innspeil om varsel til oppstart var ute hadde det kome inn 45 innspeil. Alle innspeila er lagt ut på Midt-Telemark kommunes heimesider. Oppsummering og kommunens merknad til innspeila er vist i vedlegg 1.

Alle innspela om arealendringar vert konsekvensutgreidd. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av inntekomne innspel om arealendringar visast i eige dokument som vedlegg til planen.

#### 1.4.6 Innspel til høyring og offentleg ettersyn.

I løpet av høyringsperioden kom det inn 41 innspel og 13 motsegn. Alle innspela er oppsummera i eit vedlegg til politisk sak. Oppsummeringa er vist i vedlegg 2.

Miljødirektøren har fremja desse motsegnene:

FB7, Jønnbuseter – naturmangfald. Motsegna vart trekt 21.01.25 under føresetnad av at gitte vilkår blir oppfylte.

FB8, Kalveliane – naturmangfald. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB11 (tidlegare H9) – naturmangfald og myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB16 (tidlegare H12) – naturmangfald. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB19 (tidlegare H8) – naturmangfald og myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB20 (tidlegare S1) – myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB21, Grostul – naturmangfald og myr. Motsegna vart trekt 21.01.25 under føresetnad av at området ikkje ble sett av som område for utbygging.

FTU – Tjønna ved hovedparkering – verna vassdrag. Motsegna vart trekt 21.01.25 under føresetnad av at gitte vilkår blir oppfylte.

NVE fremja motsegn mot FB19 – skredfare. Motsegna vart trekt 11.02.25 under føresetnad av at gitte vilkår blir oppfylte.

Telemark fylkeskommune har fremja desse motsegnene:

FB11 (tidlegare H9) – myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB19 (tidlegare H8) – myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB20 (tidlegare S1) – myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

FB21, Grostul – barns lek, myr. Partane vart einige i meklingsmøte 04.03.25.

## 2 Planomtale

### 2.1 Plandokumenta

Kommunedelplan for Lifjell består av plankart, føresegner og retningslinjer og planomtale. Plankartet og føresegndene utgjer dei juridisk bindande dokumenta av kommunedelplanen for Lifjell.

Plankartet viser noverande og framtidig arealbruk. Framtidig arealbruk visar det som er ny/endra arealbruk ved denne revidering av planen. Noverande arealbruk viser areala som er uendra ved denne revideringa av planen.

Føresegndene er eit sett med reglar som presiserer og spissar plankartet og set rammer for reguleringssplanlegging og andre søknader om tiltak. Føresegndene omfattar både generelle føresegner, som gjeld alle typar føremål, og føresegner knytt til arealføremål eller omsynsssonar.

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men hjelper til med å rettleie i sakshandsaminga eller gje eit tolkingsgrunnlag for innhaldet i føreseggnene.

Føreseggnene frå førre kommunedelplan for Lifjell er revidert og endra i tråd med føringane i samfunnssdelen, kommuneplanens arealdel og nye overordna føringar. Det er nytta same oppsett som i kommuneplanens arealdel. Planen er delt i generelle føresegner som gjeld for alle formål, og føresegner knytt til dei enkelte arealformåla.

## 2.2 Hovudgrep i planforslaget

Endringane i planforslaget kan samanfattast slik:

### Generelle føresegner

- Kommuneplanens arealdel har overstyrt føreseggnene om unntak frå krav om reguleringsplan og utbyggingsgrad i tidlegare planar. Føreseggnene er no oppdaterte i tråd med kommuneplanens arealdel. Det er presisert at unntaket ikkje gjeld dersom tomta kan vere utsett for naturfare som flaum eller skred. Unntaket gjeld heller ikkje dersom eit tiltak kan komme i konflikt med friluftsliv, natur, miljø eller andre tryggleikshensyn. I tillegg er det innført krav om at infrastruktur som veg, vatn, avløp og straum må vere tilstrekkeleg etablert før ein kan få unntak frå kravet om reguleringsplan.
- Det er innført krav om risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med kommuneplanens arealdel. Viss reguleringsplanar ikkje har tilfredsstillande risiko- og sårbarheitsanalyse, skal dette omsynet klarleggjast før søknad om tiltak etter pbl § 20-1 kan vurderast, uavhengig av vedtaksdato.
- Føresegna om samfunnstryggleik er presisert, mellom anna i 1.17 c), som seier at det ikkje er tillate med annan utbygging enn tiltak omfatta av sikkerheitsklasse S1 i skredutsette område.
- Begrepet "blågrøn infrastruktur" er innført i ny plan og inngår nå blant anna i føresegner om rekkefølgje (1.4). Dette skal sikre større fokus på sambandet mellom artar, deira leveområde og økosystemtenester og dei arealet om er viktige for oss menneskjer.
- Det er innført nye føresegner knytt til blå og grøne naturverdiar. Desse føresegnnene er no oppdatert i tråd med kommuneplanens arealdel. Det er stilt strengare krav til bevaring og kartlegging av myr og våtmarksområde, samt naturmangfold. Det har òg blitt auka fokus på avrenning og årsikker vassføring i ny plan. Reguleringsplanar skal no òg vurdere om det er behov for å sikre barrierar mot skogbrann.
- Det er innført føresegner knytt til handtering av vatn, overvatn og avløp i tråd med kommuneplanens arealdel. Det er no lagt inn krav om tilknyting til offentleg vatn og avløp i ny kommunedelplan, men det er i tillegg gitt eit unntak. Eldre kommunedelplan bestemde kun at terrenginngrep for vatn- og avløpsanlegg skal utformast på ein skånsam måte. No skal bygg og anlegg blant anna utformast slik at naturlege flaumvegar og sokk i terrenget blir bevart, og det skal vere sikra tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon. Overvatn skal fortrinnsvis handterast med trestegprinsippet. I tråd med kommuneplanens arealdel skal det i alle reguleringsplanar med bygg og anleggsføremål utarbeidast ein rammeplan for vatn og avløp, som òg inkluderer sløkkevatn. Ved søknad om rammeløyve skal det ligge føre ein godkjent plan.
- Det er innført føresegner knytt til byggegrensa ved vassdrag i tråd med kommuneplanens arealdel. Disse føreseggnene er nå oppdaterte i tråd med kommuneplanens arealdel med å (1)

innføre ei byggegrense på 50 m for bekkar med årsikker vassføring, og (2) sette krav til flaumsikringstiltak.

- Det er innføra nye føresegner knytt til grenser mot dyrka mark i ny plan, i tråd med kommuneplanens arealdel. Det skal vere minimum 20 m avstand mellom bygningar og dyrka mark (dette inkluderer innmarksbeite). Ved frådeling av eigedom skal nye eigedomsgrenser ikkje ligge nærmere dyrka eller dyrkbar mark enn 5 m.
- Det er satt meir detaljerte krav til landskap og estetikk i ny kommunedelplan, samanlikna med både kommuneplanens arealdel og eldre kommunedelplan. Etter ny plan skal vegar leggjast med god tilpassing av terrelleng for å unngå store vegskjeringar, og naturleg vegetasjon skal takast vare på så langt som råd.
- Det er innført føresegner om omsyn til lysforureining.
- Det er innført føresegner for gjerdehald. Beitedyr må ikkje kome til skade, og naturlege ferdelsvegar og stiar må ikkje stengast.
- Det er innført føresegner om omsyn til støy, tilsvarande dei føreseggnene som er i kommuneplanens arealdel.
- Det er innført føresegner om universell utforming, der det ved utarbeidning av ny reguleringsplan og søknad om tiltak skal sikrast universell tilgjenge for alle.
- Det er innført føresegner om klima og miljø, som krev at det i reguleringsplanar skal vise kva grep og tiltak som er gjort for å redusere klimagassutslepp i planområdet.

Føresegner knytt til arealformål:

- Dei generelle føreseggnene for bygg og anlegg er revidert i den nye planen. Det er innført nye føresegner og retningslinjer for miljøvennlege alternative kjelder for energi. Dette skal no vurderast i kvar reguleringsplan.
- Kommuneplanens arealdel har overstyrt føreseggnene knytt til utnytting og parkering. Desse føreseggnene er no oppdaterte i tråd med kommuneplanens arealdel.
- Det er innført eit generelt forbod mot utebelysning, bortsett frå funksjonell belysning ved inngangspartiet. Lysstyrkt utelys må kunne slås av.
- Det er innført føresegner knytt til gjerdebruk. Gjerdebruk i utbyggingsområde er no tillate. Det er innført eit detaljert regelsett for å sikre at beitedyr ikkje kjem til skade og at allmenn tilgang blir sikra.
- Det er innført føresegner knytt til reflekterande flater som taktekking og vindauge. Store vindaugeflater som ikkje tek omsyn til refleksjon og synlegheit (lysforureining innanfrå) er ikkje lenger tillate.
- Det er innført føresegner til FB12 knytt til at eksisterande fritidsbustader i området må inngå i ei alternativ løysing for vatn og avløp.
- Det er innført føresegner til FB19 knytt til etablering av lågstandardhytter utan vatn og avløp, og høgstandardhytter der infrastruktur kan føras utanom myrområda. Anleggsaktivitet og utbygging skal ikkje ha negativ verknad på myrområda, og graving, sprenging eller annan terrellengbearbeiding som kan skade myra er ikkje tillate. Nye vegar og tekniske anlegg skal ikkje leggast i myrområda. Eksisterande fritidsbustader skal inngå i alternativ løysing for vatn og avløp.
- Det er innført føresegner til FB20 knytt til at anleggsaktivitet og utbygging ikkje skal ha negativ verknad på det registrerte myrområdet. Graving, sprenging og terrellengbearbeiding

som kan skade myr er ikkje tillate, og nye vegar eller tekniske anlegg skal ikkje leggast i myrområda.

- Det er innført krav om rekkefølge for FB8, FB6, FB11 og FB19.

Nye utbyggingsområde:

- Ei ny områdeavgrensing for fritidsbusetnad i Kalveliane på bakgrunn av eit ønske om fortetting. Det er innført blant anna krav om felles planlegging for området, for å kunne oppnå fortetting av området utan å forringa kvalitetane området har for friluftsliv og vintersport (FB8).
- Ei ny tomt for fritidsbustad (nær krysset Solskinsdalen/Lifjellvegen) (FB10)
- Eit nytt område for renovasjon (ABA)
- Eit nytt næringsområde som forlenging av servicebygget til Vinterland
- Eit nytt område for eit foreningshus (ABA)

Byggeområde som er omgjort i sin heilheit eller delvis til LNF-føremål er vurdert med utgangspunkt i gjeldande overordna føringar og føringar for planarbeidet. Dette har ført til følgjande grep:

- Fleire område for fritidsbusetnad går delvis ut av planen. Delar av FB19 (tidlegare H8), FB15 (tidlegare H4), FB12 (tidlegare D2), FB6 (tidlegare H11), delar av Jønnbuflåtin (no FB6), FB4 (tidlegare H6), FB7, FB13, FB9, samt eit område i Solskinsdalen mellom skiløypene, går ut av planen av omsyn til naturmangfald, karbonrike massar eller kantvegetasjon til vassdrag.
- Tidlegare sentrumsformål S1 er delt opp i område med ulike formål, bortsett frå eit mindre område som framleis er sett av til sentrumsformål. Øvre delar med kartlagt myr er omgjort til LNF-område og turdrag. Området mellom myra og dagens hovudparkering er sett av til fritidsbusetnad, i tråd med resultata frå meklingsmøte 04.03.25. Akebakken er sikra som eige formålsområde (idrettsanlegg). Deler av området er sett av til parkering og næring i samband med Vinterland. Området rundt tjernet (BSV) er vidareført som LNF-område, der kantvegetasjonen er bevart.
- Formål for framtidig høgdebasseng, samt framtidig tilkomstveg vert tatt ut av planen. Høgdebassenget vart bygd i 2019, på Lifelltoppen.

Byggeområde som er omgjort i sin heilheit eller delvis til LNF-spreidd er vurdert med utgangspunkt i gjeldande overordna føringar og føringar for planarbeidet. Dette har ført til følgjande grep:

- Fleire område for fritidsbustad får ny arealformål som LNF-spreidd. Det er i alt hovudsak områder med eldre fritidsbustader som ikkje byggjer opp under eksisterande infrastruktur, som til dømes veg eller vatn og avløp, og der det ikkje er hensiktsmessig med videre fortetting på noverande tidspunkt. I denne revidering av planen vert kvoten i LNF-spreidd sett til null.

Byggeområde som er omgjort til fritidsbustad føremål:

- Eit nytt område for fritidsbusetnad i delar av tidlegare S1 (no FB20).

Byggeområde som er omgjort til andre formål:

- Tidlegare sentrumsformål S1 er delt opp i områder med ulike formål, bortsett frå eit mindre område som framleis er sentrumsformål. Øvre delar er omgjort til fritidsbusetnad og turdrag.

Akebakken er sikra med eige formålsområde (idrettsanlegg). Deler av området er sett av til parkering og næring i samband med Vinterland.

- Gnr/bnr 9/516, høgdebasseng: Gjeldande arealføremål for fritidsbusetnad blir endra til andre typar bebyggelse og anlegg i tråd med faktisk arealbruk.
- Gnr/bnr 18/6/36, pumpestasjon: Gjeldande arealformål for fritidsbusetnad blir endra til andre typar bebyggelse og anlegg i tråd med faktisk arealbruk.
- Gnr/bnr 9/423, gamle høgdebasseng, bygget er fjerna: Gjeldande arealformål for andre typar bebyggelse og anlegg blir endra til idrettsanlegg.

#### Omsynssoner

- Nye omsynssone for friluftsliv som markerer ei kommunal markagrense i overgangen mot høgfjellet.
- Ny omsynssone for myr.
- Ny omsynssone for naturtype.
- Omsynssone for INON-område har fått justert avgrensing.
- Ny omsynssone krav om felles planlegging i Kalveliane.
- Ny fareområde for flaumvegar.
- Fareområdet for ras og skred er oppdatert på bakgrunn av nytt kartgrunnlag frå NVE.
- Nye omsynssoner for kulturmiljø knytt til tidlegare stølslandskap.
- Dei resterande omsynssonene er vidareført og oppdatert om naudsynt.

#### Vassdrag

- Vassdraga blir vist med arealføremål og/eller omsynssone, der det er mogleg.

#### Alpinanlegg

- Nedfarter og heisanlegget som er vurdert å vere i strid med § 11 om kantvegetasjon i vassresursloven er omgjort til LNF.
- Transportheisene går ut av planen og vert omgjort i all hovudsak til LNF-føremål på bakgrunn av endra behov.

#### Skiløyper

- Skiløyper er, der føremålstenleg og ønskeleg, oppdatert, slik at avsett arealbruk stemmer overeins med faktisk arealbruk. Det er ikkje lagt inn nye skiløyper som ikkje alt er i bruk i dag.

#### Lysløype

- Det opnast ikkje lenger for å anlegge lysløype i Kalveliane, av omsyn til lysforureining.

#### Nye områdenamn

- Med bakgrunn i endringane i plankartet har fleire områder fått eit nytt namn. Fleire områder for fritidsbusetnad har no fått eige namn i plankartet. Endringar som er gjort i namngitt områder går fram av denne tabellen:

Områdenamn i KDP 2014	Områdenamn i ny KDP
Heis F	C
H7	FB1
H15	FB2
H17	FB3
H6	FB4
H10	FB6
H11	FB6
H14	FB8
H9	FB11
D1	FB12
D2	FB12
H4	FB15
H1	FB16
H12	FB16
H8	FB19
S1	FB20, S og fleire
S2	S

### 2.3 Tilhøve til andre arealplanar

Som hovedregel gjeld reguleringsplanar før kommunedelplanen for Lifjell, dersom det er motstrid (føresegnene nr 1.2). Det er nokre unntak, og desse er vist i oversikten nedanfor og i føresegnene nr. 1.2 punkt b og punkt c.

Føresegn 2.1.2 g) *Gjerde* og 2.1.1 e) *Alternative energikjelder* gjeld for alle reguleringsplanar vedtatt før kommunedelplanen.

Kommunedelplanen for Lifjell gjeld før følgjande reguleringsplanar:

- **04121993 Skitrekk og løpemedfart Lifjell:** I stor grad erstatta av nyare planar. Det som ligg att i reguleringsplanen er ikkje realistisk arealbruk (stort parkeringsområde nord for Lifjellvegen vest for Jønnbu seter) . Eldre plan (PBL 1985).
- **04131993 Fv 153 ved Lifjell hotell/Vårbusvingen:** Planen samsvarer ikkje med dagens situasjon. Eldre plan (PBL 1985).
- **04262001 Jønnbu, del av Kalveliane:** Det er ønskeleg med vidare fortetting i heile utbyggingsområdet. Det krevst ein ny felles plan for heile område som tek i vare frilufts- og skisportinteresser i området. Eldre plan (PBL 1985).
- **04362006 Ny reguleringsplan for Lifjell feriesenter:** Delar av planen er i strid med overordna føringar for klimaomsyn. Eldre plan (PBL 1985) som er i stor grad bygd ut.
- **04232001 Del av Østerli sameige – reguleringsendring:** Delar av planen er i strid med overordna føringar for naturmangfold og klima. Eldre plan (PBL 1985), som er i stor grad bygd ut.
- **04302005 Reguleringsplan for S1\_2 og H7 på Lifjell:** Det som ligg att i reguleringsplanen er ikkje realistisk arealbruk (kommersiell overnatting, myrområde, og terrenget brattare enn 1:3). Eldre plan (PBL 1985).

Kommunedelplanen for Lifjell gjeld framfor delar av detaljreguleringsplan **04562017**

**Detaljreguleringsplan for Hytteområdet H9 på Lifjell.** Dette omfattar areal som er sett av som

omsynssonene H560\_1 og H560\_2. Det er innført eit rekkefølgjekrav for området FB11, som krev ei reguleringssendring av gjeldande detaljreguleringsplan før området kan byggast ut. Ved reguleringssendringa må ein ta omsyn til myrområde og rik gransumpskog, til dømes ved å fjerne eller flytte området som er sett av til felles parkering og energianlegg, justere vegføringa, og tilpasse byggegrensene slik at de følgjer grensene for kartlagt naturtype for rik gransumpskog.

## 2.4 Arealrekneskap

Arealrekneskapet viser at areal sett av til fritidsbusetnad er redusert med 258 daa. Areal sett av til idrettsanlegg er redusert med 376 daa. Den største auken er areal sett av til LNF, vassdrag, turdrag og veg.

Tabell 2-1. Arealrekneskap – etter arealformål angitt i da.

Arealformål	KDP 2014	KDP 2025	Endring
<b>§11-7. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>	<b>2 846</b>	<b>2 139</b>	<b>-707</b>
1120 - Fritidsbusetnad	1 809,7	1 552,1	-258
1130 - Sentrumsformål	104,7	30,2	-74
1160 - Offentleg eller privat tenesteyting	20,6	22,0	1
1300 - Næringsbygnad	8,7	11,4	3
1400 - Idrettsanlegg	892,9	517,3	-376
1500 - Andre typar bygningar og anlegg	2,4	5,8	3
1800 - Kombinert bygnad og anleggsformål	6,5	0,0	-6
<b>§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>92</b>	<b>148</b>	<b>57</b>
2010 - Veg	70,0	117,4	47
2080 - Parkeringsplassar	21,8	31,0	9
<b>§11-7. Nr. 3 - Grønstruktur</b>	<b>285</b>	<b>363</b>	<b>78</b>
3030 - Turdrag	285,0	362,7	78
<b>§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift</b>	<b>10 575</b>	<b>11 077</b>	<b>502</b>
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksem basert på ressursgrunnlaget på garden	10 574,7	11 018,9	444
5220 - Spreidd fritidsbusetnad	0	57,9	58
<b>§11-7. Nr. 6 - §11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone</b>	<b>37</b>	<b>107</b>	<b>70</b>
6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	36,7	106,9	70
<b>Totalt alle kategoriar: 13 834</b>			

## 2.5 Klimaregnskap

Det er gjennomført ein analyse av klimaeffektar ved planlagde endringar av arealbruk ved hjelp av NIBIO sin klimagaskalkulator. Resultata, som er oppsummera i tabellen i dette kapittelet, gjev oss ein indikasjon på kva utslepps- og opptakseffektar vi kan forvente frå både noverande og planlagd arealbruk. Utsleppseffekten blir presentert for tre tidsperiodar: etter 5 år, 20 år, og over ein periode på 75 år. Utslepp blir vist med positive tal, medan opptak blir vist med negative.

Resultata syner at det nye planforslaget (KDP 2025) potensielt kan redusere den samla CO2-utslippeffekten samanlikna med tidlegare planar (KDP 2014). Likevel indikerer det òg at KDP 2025 framleis kan medføre ein signifikant auke i CO2-utslepp samanlikna med dagens arealbruk. Det er viktig å merke seg at det er ein viss grad av usikkerheit knytt til desse berekningane. For eksempel kan kartgrunnlaget som er nytta for å estimere dagens arealbruk vere unøyaktig, spesielt når det gjeld myrområde. Areal med myr på Lifjell er til dømes større enn det som er kartlagt i AR5. Vidare

kan ei analyse ikkje ta omsyn til effekten av enkelte føresegner som potensielt kan redusere klimagassutslepp i utbyggingsprosjekt.

Til tross for desse utfordringane, gir resultata ein verdifull peikepinn på kva for effektar planlagd arealbruk kan ha på klimagassutslepp. Utslepp på 78 266 tonn CO<sub>2</sub> over 75 år svarer til eit gjennomsnittleg årleg utslepp på 1043 tonn CO<sub>2</sub>. Dette svarar til om lag 0,09 tonn CO<sub>2</sub> per innbyggjar i Midt-Telemark kommune årleg over ein periode på 75 år. Til samanlikning har kvar innbyggjar i Noreg eit årleg forbruksbasert klimafotavtrykk på om lag 11 tonn CO<sub>2</sub>. Desse funna bidreg til auka bevisstgjering og kan legge grunnlaget for meir målretta prioriteringar i arealbruken framover.

*Tabell 2-2. Berekna CO<sub>2</sub> utslepp (i tonn CO<sub>2</sub>) av planlagde arealbruksendringar. Berekningar er utført for både KDP 2014 og planforslaget (KDP 2025). Utslepp visast med positivt føreteikn og opptak visast med negativt føreteikn. Verktøyet brukt i berekninga er NIBIO sin klimagasskalkulator (lenke: <https://kart9.nibio.no/klimagasskalkulator/>).*

<b>Hektar</b>		<b>Berekna endring i areal av planlagt tiltak</b>		<b>Samla arealeffekt av planlagt tiltak</b>	
Arealbruk	Arealbruk som i dag	KDP 2014	KDP 2025	KDP 2014	KDP 2025
Annan utmark	26	26	26	0	0
Utbygd	96	308	245	211	149
Beite	410	333	368	-76	-42
Myr	16	9	12	-6	-4
Skog	827	699	724	-128	-103
Vatn	9	9	9	-1	0
<b>Total</b>	<b>1 384</b>	<b>1 384</b>	<b>1 384</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tot. t CO<sub>2</sub> på 5 år</b>		<b>Berekna endring i CO<sub>2</sub> utslepp/opptak av planlagt tiltak</b>		<b>Samla klimaeffekt av planlagt tiltak</b>	
Arealbruk	Arealbruk som i dag	KDP 2014	KDP 2025	KDP 2014	KDP 2025
Annan utmark	0	0	0	0	0
Utbygd	55	64 494	55 038	64 440	54 983
Beite	-13	-10	-11	2	1
Myr	194	158	182	-36	-12
Skog	-11 934	-10 572	-10 819	1 362	1 115
Vatn	0	0	0	0	0
<b>Total</b>	<b>-11 698</b>	<b>54 070</b>	<b>44 389</b>	<b>65 768</b>	<b>56 088</b>
<b>Tot. t CO<sub>2</sub> på 20 år</b>		<b>Berekna endring i CO<sub>2</sub> utslepp/opptak av planlagt tiltak</b>		<b>Samla klimaeffekt av planlagt tiltak</b>	
Arealbruk	Arealbruk som i dag	KDP 2014	KDP 2025	KDP 2014	KDP 2025
Annan utmark	0	0	0	0	0
Utbygd	218	71 529	59 983	71 312	59 765
Beite	-50	-41	-46	9	5
Myr	778	634	730	-144	-48
Skog	-47 738	-42 288	-43 277	5 450	4 461

Vatn	-1	-1	-1	0	0
<b>Total</b>	<b>-46 793</b>	<b>29 833</b>	<b>17 389</b>	<b>76 627</b>	<b>64 182</b>
<b>Tot.t CO<sub>2</sub> på 75 år</b>		<b>Berekna endring i CO<sub>2</sub> utslepp/opptak av planlagt tiltak</b>			<b>Samla klimaeffekt av planlagt tiltak</b>
Arealbruk	Arealbruk som i dag	KDP 2014	KDP 2025	KDP 2014	KDP 2025
Annan utmark	0	0	0	0	0
Utbygd	819	75 253	62 518	74 434	61 699
Beite	-189	-155	-171	34	18
Myr	2 917	2 377	2 736	-540	-181
Skog	-179 017	-158 579	-162 287	20 437	16 729
Vatn	-4	-3	-4	0	0
<b>Total</b>	<b>-175 473</b>	<b>-81 108</b>	<b>-97 208</b>	<b>94 365</b>	<b>78 266</b>

### 3 Samandrag etter plantema

#### 3.1 Fritidsbusetnader

##### 3.1.1 Status og hovudutfordringar

Mange av dei eksisterande fritidsbustadene i Midt-Telemark kommune ligg innanfor kommunedelplanområdet for Lifjell. Før oppstarten av planarbeidet var det om lag 600 fritidsbustader i dette området, og litt over halvparten av bygningane vart oppført før år 2000. Det inneber at det i løpet av dei siste 20 åra har blitt bygd rundt 300 fritidsbustader i området.

Tidlegare planlegging har vore basert på eit konsept der målet var å utvikle Lifjell som ein rein vinterdestinasjon med stor overnattingsskapasitet – både i form av varme og kalde senger. Dette har vist seg vanskeleg å realisere, og nyare undersøkingar viser at dette heller ikkje lenger er ei utvikling som er ønskt (Telemarksforsking/Mimir, 2022, Spørjeundersøking om framtidig arealbehov på Lifjell).

Det har vist seg krevjande å utvikle bygg regulert til turistformål eller fritidsbustader for utleige i området. Eit sentralt utgangspunkt for realisering av planen om ein vinterdestinasjon har vore tilgang til varme senger og arealeffektive bygg sentralt plasserte. I praksis er det derimot eit større ønskje om å utvikle dei sentrale områda med private fritidsbustader og leggje til rette for Lifjell som ein heilårsdestinasjon med nærleik til naturen.

Ei ny kartlegging av myr- og naturområde, samt eit hellingskart for området, viser at det er avgrensa areal som eignar seg for utbygging av private fritidsbustader. Særleg dei sentrale områda har vist seg å vere utfordrande. Terrenget er gjennomgåande kupert, noko som gjer at store terrenginngrep kan bli nødvendige ved eventuell utbygging. I område med slakare terrenget er det i stor grad påvist karbonrike massar.

Kommuneplanens samfunnsdel har ein strategi om å «leggje til rette for utvikling og utviding av eksisterande hytteområde» (strategi 2.6.6). I arealstrategien blir det òg peikt på «fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar». For å styrke Lifjell som del av reiselivsregionen, er det viktig å ta vare på sårbare natur- og myrområde, samt å sikre tilgjenge til naturen som eit sentralt reiselivsmål i regionen.

Dette inneber ein annan tilnærming enn det tidlegare kommunedelplanar for Lifjell har lagt opp til. På bakgrunn av desse vurderingane har ein i denne revisjonen vore varsam med å leggje til rette for nye utbyggingsområde. Det er lagt vekt på at ny utbygging ikkje skal forringe kvaliteten på natur- og friluftsområda, ettersom desse blir rekna som sentrale verdiar i vidare utvikling av Lifjell som eit heilårs reiselivsmål i regionen.

### 3.1.2 Nye område for fritidsbusetnad

Det er lagt til rette for 3 nye område for fritidsbusetnad.

Nytt område for fritidsbusetnad		
Områdenamn	Daa	Merknader
Kalveliane  gnr.: 9/38, 9/113, 9/125, 9/131, 9/132, 9/135, 9/140, 9/142, 9/144, 9/156, 9/157, 9/158, 9/165, 9/171, 9/172, 9/173, 9/184, 9/193, 9/194, 9/196, 9/205, 9/226, 9/227, 9/231, 9/438, 9/439, 9/440, 9/441, 9/442, 9/443, 9/445, 9/446, 9/447, 9/448, 9/449, 9/450  Plankart: FB8 KU: Nr. 7.12	107,2	Området er delvis utbygd. Det er sett krav om felles planlegging for heile området. Dette for å sikre eksisterande kvalitetar området har for friluftsliv, vintersport og ulike brukargrupper.  Sjå på konsekvensutgreiinga (KU).
Solskinsdalen  gnr.: 9/166  Plankart: FB10 KU: Nr. 7.8	1,3	Terrenginngrep bør ikkje vere større enn nødvendig for å oppføre ein enkelt fritidsbustad.  Sjå på konsekvensutgreiinga (KU).
Sentrums  gnr.: 9/429, 9/486, 9/38, 18/118  Plankart: FB20	14,3	Føremålet for området er endra frå sentrumsføremål til fritidsbusetnad. Området omfattar ikkje myra eller akebakken som ligg inntil. Det er teke omsyn til myra og terrenget i føresegnene (sjå føresegner 1.16.a, 1.15 og 2.12.n).

I denne revideringa av kommunedelplanen for Lifjell er det òg lagt til rette for spreidd utbygging av fritidsbustader, men kvoten for slik utbygging er sett til null i denne planperioden. Område utan vegtilkomst, som i tidlegare plan var sett av til fritidsbusetnad, er no endra til LNF-område med spreidd utbygging som føremål. Dette gjeld likevel ikkje område FB19, då det framleis er behov for nærmere utgreiing av mogleg skredfare i området.

Bakgrunnen for endringa er at føremålet fritidsbusetnad i desse områda ville vere i strid med krava til vegtilkomst. I LNF spreidd-område er det tillate med fleire typar tiltak ved eksisterande fritidsbustader enn i vanlege LNF-område, men det er ikkje tillate å oppføre nye fritidsbustader i slike område.

Planreserven viser eit teoretisk framtidig utbyggingsvolum. Sett i eit historisk perspektiv er det mange fritidsbustader i området som framleis inngår i planreserven. Desse områda er i stor grad allereie påbegynte og/eller prega av eksisterande, eldre bygningar.

For å beregne planreserven har ein nytta innsendte innspel, gjeldande reguleringsplanar og/eller areal som er sett av til formålet, i tillegg til vanlege utnyttingsgradar og tettleik (tal på fritidsbustader per dekar). Tala nedanfor viser såleis eit teoretisk potensial, der ein legg til grunn at arealet i hovudsak kan nyttast til det føremålet det er sett av til. Område som ikkje eignar seg for utbygging av ulike grunnar, bør ikkje setjast av som utbyggingsområde for fritidsbustader.

Tabell 3-1. Teoretisk antatt planreserve sett av i planforslaget. Det er gjort ein enkel gjennomgang av både regulerte og uregulerte område sett av til fritidsbustad. Det er ikkje gjort analyse av gjennomføringsrealisme/forprosjektering. Det er teke utgangspunkt i ledige regulerte tomter og/eller i ledig areal sett av til fritidsbusetnader.

Områdenamn	Antatt planreserve, både detaljregulert og uregulert (cirka tall fritidsbustader)
<b>FB1</b>	2
<b>FB2</b>	25
<b>FB3</b>	2
<b>FB4</b>	28
<b>FB5</b>	0
<b>FB6</b>	64
<b>FB7</b>	0
<b>FB8</b>	30
<b>FB9</b>	0
<b>FB10</b>	1
<b>FB11</b>	22
<b>FB12</b>	47
<b>FB13</b>	4
<b>FB14</b>	0
<b>FB15</b>	117
<b>FB16</b>	100
<b>FB17</b>	18
<b>FB18</b>	0
<b>FB19</b>	5
<b>FB20</b>	7
<b>Teoretisk antatt planreserve</b>	<b>472</b>

### 3.1.3 Utforming

Føresegnene for fritidsbusetnad er endra frå eksisterande plan i tråd med kommuneplanens arealdel.

#### Størrelse:

Etter bokstav a) for område avsett til fritidsbusetnad skal arealet på ei hovudhytte ikkje overstige BYA=125 m<sup>2</sup>. Anneks og/eller uthus kan ha samla areal inntil BYA=25 m<sup>2</sup>. Parkering skal ikkje lenger reknast som BYA, jf. Bokstav b). Dette er ei endring frå tidlegare plan, der føresegnene ga ein maksimal BYA pr tomt på 150 m<sup>2</sup> (inkludert parkering). Etter tidlegare kommunedelplan skal størrelse på fritidsbustad fastsetjast i kvar enkelt reguleringsplan tilpassa situasjonen i dei enkelte områda. Dette vert no endra til ei retningslinje som angir ei maksgrense på 1 dekar. Maksgrensa for mønehøgde er utvide med 0,5 m, frå 5,5 m til 6,0 m.

#### Avstand:

Føresegnene i den nye planen har no satt ei maksgrense for avstanden frå anneks/uthus til hytte på 5 m. I den gamle planen kravde føresegnene kun at nye separate anneks og/eller uthus vart bygd under føresetnad om at desse blir plassert inntil, eller i samanheng med fritidsbustaden.

#### Tiltak og bygg:

Bokstav h) og f) er innført i ny plan som bestemmer at kryperom under bygg/terrassar/veranda skal vere lukka, og at trapper ikkje tillatast utan at det ligg føre særleg tilhøve på tomta.

**Fasade:**

Føresegne om fargeval og fasade vidareførast til ny kommunedelplan, men med noko meir detaljerte føringar. Reflekterande taktekking er ikkje tillate med unntak av solfangarar eller solceller i tråd med 2.1.1 e). Store vindaugeflater som ikkje tek omsyn til refleksjon og synlegheit (lysforureining innanfrå) er ikkje lengre tillat.

**Lys:**

Av omsyn til lysforureining er det ikkje lenger tillate med utandørs belysning, med unntak av funksjonell lys ved inngangspartiet, i tråd med føresegn 1.9. I føresegn 1.9 står det at val og utforming av utelys skal bidra til å redusere strølys så mykje som mogleg. Det skal takast omsyn til at Lifjell er eit viktig natur- og friluftsområde. Unødig lysbruk er ikkje tillate. Lysstyrkt utelys må kunne slåast av.

**Gjerde:**

Gjerde er no tillat, men det er teke konkrete forbehold med omsyn til fri allmenn ferdsel, estetikk, beitedyr og trafikktryggleik.

**Fritidsbusetnad tilrettelagt for utleige:**

Føresegne om fritidsbusetnad som er tilrettelagt for utleige er ikkje vidareført til ny plan.

### 3.1.4 Områder som er omgjort til andre formål

Områdenamn i KDP Lifjell (2014)	Årsak til endringa
Deler av H8 (nå FB19)	<p>I den nordaustlege delen av H8 er det registrert to naturtypar (NIN) av typen gamal granskog, med både gamle tre og liggjande død ved. Desse naturtypane har viktig økosystemfunksjon og er vurderte å ha høg kvalitet. Dei er derfor rekna som naturtypar med nasjonal og vesentleg regional miljøverdi (T2-16). Delområdet blir endra til LNF-føremål, basert på resultat frå meklingsmøtet 04.03.2025.</p> <p>Det er også registrert myr i store delar av H8. Deler av området der det er kartlagt myr, blir endra til LNF-føremål, også dette basert på resultat frå meklingsmøtet 04.03.2025.</p> <p>Føremålet fritidsbusetnad blir vidareført i dei delane av området der det ikkje er registrert myr eller viktige naturtypar. Det er stilt strenge krav for å sikre tryggleik mot skred og for å unngå skadar på myra (sjå føresegns 2.12 m) og rekkefølgjekrav føresegns 1.4.2).</p>
Deler av H4 (nå FB15)	<p>Det er både naturtypar med nasjonale og vesentleg regionale miljøinteresser, samt myrområde som ligg i utbyggingsområdet H4 (no FB15). Etableringa av planlagt veginfrastruktur i området som er detaljregulert, er i stor grad fullført. Det er nye fritidsbustader spreidd over store delar av dette området, sjølv om det framleis finst ei nokså stor tomtereserve.</p> <p>Områda i H4 (no FB15), der det er registrert naturtypar med nasjonale og/eller vesentleg regionale miljøinteresser, og som ikkje er detaljregulert, blir endra til LNF-føremål. Myrområda er i stor grad påverka av allereie etablert infrastruktur. For å ta vare på dei ikkje utbygde delane av myrområda, samt ein naturleg trasé langs den regulerte skiløypa, er det sett av områder som grøntareal i detaljreguleringsplanen. Desse områda er delvis gjort om frå utbyggingsformål til turdrag og LNF-føremål.</p>
Deler av D2 (nå FB12)	Det går eit bekkeløp gjennom området i sør. Inngrep i kantvegetasjonen her er ikkje tillate. Området vert snevra inn, slik at bekkeløpet ligg i LNF-område.
Deler av H11 (nå FB6)	Ein del av eit større myrområde ligg vest i planområdet. Av omsyn til klima og miljø er det ikkje ønskjeleg med fysiske inngrep i myra. Området vert avgrensa slik at det ikkje kjem i konflikt med myra og omsynsona i vest.
Deler av Jønnbuflåtin (nå FB6)	Ein del av eit større myrområde ligg vest i planområdet. Av omsyn til klima og miljø er det ikkje ønskjeleg med fysiske inngrep i myra. Området er avgrensa slik at det ikkje kjem i konflikt med myra og omsynsona i vest. Utbygging i tråd med gjeldande detaljreguleringsplan er allereie i gang, og verknaden av endringa vil berre bli realisert dersom det blir gjennomført ei reguleringsendring av gjeldande detaljreguleringsplan.

Delar av Solskinsdalen (nå FB9)	Av omsyn til både myr og naturmangfald er delar av området omgjort til LNF og LNF-spreidd.
Delar av Solskinsdalen-Nutestul (nå FB13)	Av omsyn til både myr og naturmangfald er delar av området omgjort til LNF og LNF-spreidd.
Alle hytter utan direkte vegtilkomst med formål fritidsbustad	Alle hytter som ligg åleine og ikkje inngår i eit hytteområde, og som er viste med føremålet fritidsbustad i kommunedelplanen frå 2014, er no omgjorde til LNF-spreidd dersom dei ikkje har direkte vegtilkomst. Der eigedomsgrensene er usikre, er det brukt eit symbol (sirkel) med 30 meter i diameter rundt hovudbygningen. Elles er tomtegrensene nyttta. I tidlegare planar har ein lagt inn eldre hytter med fritidsbustadføremål for å gjere plankartet meir oversiktleg. Dette har vist seg å vere uheldig, då det kan skape ei feilaktig forventing om at det er mogleg å bygge fleire nye fritidsbustader i desse områda. For å skape større føreseielegheit for dagens grunneigarar, har ein valt å nytte formålet LNF-spreidd i desse områda. Føresegnene til dette formålet gir eigarane høve til å gjennomføre ulike tiltak på eksisterande bygningar og eigedom, i motsetnad til LNF-område, der føresegnene legg fleire restriksjonar på slike tiltak. Det er likevel ikkje lengre tillate å setje opp nye fritidsbustader i desse områda. Årsaka til dette er at vidare fortetting ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, at handsaminga av søknader om nybygg blir for ressurskrevjande, og at slik fortetting kan føre til eit uønskt auka press på eksisterande parkeringsplassar.
gnr./bnr. 18/118	Ei enkelt tomt for fritidsbustad, som ligg i omsynssone for friluftsliv og no òg innanfor den kommunale markagrensa. Føremålet blir endra til LNF.
gnr./bnr. Delar av 9/421 og heile 9/422	To tomter for fritidsbustad, der den eine allereie er bebygd. Det er registrert myrområde, utfordringar knytt til overvatn og eit eksisterande løpenett i området. Føremålet blir endra til LNF og turdrag.
gnr./bnr. Delar av 9/119 og 9/310	Området ligg mellom skiløyper og har ikkje vegtilkomst. Ei vidare utbygging her vil kome i konflikt med friluftslivsinteressene. Nytt føremål er LNF og LNF-spreidd.
Jønnbuseter (gnr./bnr. 9/177, 9/238, 9/221, 9/218, 9/258 og 9/38, 9/201) (nå FB7)	Det er konflikt mellom utbyggingsformålet fritidsbusetnad og avsett omsynssone for naturmangfald i delar av området. Fritidsbustadformålet blir redusert slik at det ikkje kjem i konflikt med omsynssonene. Nytt føremål er LNF.

## 3.2 Mobilitet, infrastruktur og folkehelse

### 3.2.1 Status og utfordringar

Arealstrategiane i samfunnssdelen til kommuneplanen legg vekt på å leggje til rette for klimavennleg transport gjennom medviten plassering av ulike arealformål, tilrettelegging for mijuke trafikantar ved alle utbyggingar og langs hovudvegane, samt ved å utvikle kollektivtilbodet. Strategiane slår fast at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.

Kommunedelplanområdet for Lifjell blir i hovudsak nådd med personbil. I periodar har det vore sett opp bussavgangar til og frå Lifjell–Bø. Det er sett av eit stort parkeringsareal som kommunen i dag leiger, sentralt plassert på Lifjell med kort veg til turområde og skiløyper. Det er òg sett av eigne parkeringsplassar for høvesvis Vinterland og skisenteret. Aktørar som Lifjellstua og Jønnbu fjellkyrkje har eigne parkeringsplassar i tilknyting til verksemda si, men det er ikkje gjennomført parkeringsteljing for desse.

Litt under halvparten av dei eksisterande fritidsbustadene på Lifjell er eldre hytter, og mange av desse har framleis ikkje vegtilkomst. Fleire manglar eigne parkeringsplassar, noko som skapar utfordringar knytt til parkering. Nokre brukar hovudparkeringa, eller parkerer langs fylkesvegen, noko som reduserer kapasiteten for dagsbesøkande. Det er òg relativt langt og bratt mellom sentrale målpunkt (sjå eige notat om friluftsliv, vedlagt planen) og fleire fritidsbustadområde. Dette fører til ein del intern biltrafikk på Lifjell.

Ei sentral utfordring for Lifjellområdet er å unngå ein vesentleg auke i intern personbiltrafikk som følgje av nye utbyggingar. Det inneber å vurdere plasseringa av nye utbyggingsområde i høve til sentrale målpunkt (både avstand og terrengr), å leggje til rette for eit samanhengande sti- og løypenett, samt attraktive vegar for gåande og/eller syklande mellom sentrale målpunkt.

Arealstrategiane i samfunnssdelen legg òg vekt på folkehelse. Det går fram av det vedlagde friluftslivsnotatet (Midt-Telemark kommune, 2023) at tilgjengeleghet og terrenghold i friluftsområde spelar ei viktig rolle for i kor stor grad folk nyttar høvet til å gå på tur eller delta i annan friluftsaktivitet. Område som er relativt flate og lett tilgjengelege frå sentrale punkt (som hyttefelt, parkering eller Lifjellstua), er viktige i eit folkehelseperspektiv og for folk flest. Dei områda som eignar seg godt som turområde i eit folkehelseperspektiv, er ofte dei same som er attraktive for utbygging – relativt flate og tørr område, gjerne med god utsikt.

### 3.2.2 Blågrøn infrastruktur og mobilitet

For å nå målsetjingane i samfunnssdelen om klimavennleg transport, og for å unngå auka intern biltrafikk på Lifjell, er det gjennomført fleire tiltak:

Det er innført nye føresegner knytte til blå og grøn infrastruktur. Det er stilt strengare krav for å sikre at blågrøn infrastruktur – som møteplassar, uteoppholdsareal, leikeplassar, vegetasjonssoner langs vassdrag, tur- og løypepetrasear – er sikra eller etablert før eit område sett av til bygg og anlegg kan takast i bruk (jf. føresegr 1.4.1). Det er òg krav om at samanhengande grønstruktur skal sikrast og vidareutviklast i reguleringsplanar, og at grønstrukturen skal innehalde eit nett av ferdsselsårer for mijuke trafikantar (jf. føresegr 1.16 c)).

I den tidlegare Lifjell-planen vart det stilt krav om planfri kryssing av veg og skiløype inn til Solskinsdalen. Denne føresegna er ikkje vidareført, sidan veginfrastrukturen og delar av tomtene i området allereie er utbygd. Etter ny føresegna (jf. 1.16 d)) skal det alltid etablerast planfrie kryssingspunkt mellom veg og skiløype, og nye kryssingar mellom veg og skiløype er ikkje tillatne.

Den nye kommunedelplanen vidarefører i hovudsak føresegner om mobilitet frå kommuneplanens arealdel. Den førre kommunedelplanen hadde ei tilsvarande føresegn, som kravde at dersom ein reguleringsplan berre omfattar ein del av eit utbyggingsområde, må planomtala vise korleis veg og skiløype kan førast vidare i heile feltet, og at dette er løyst på ein god måte.

Etter den nye planen skal reguleringsplanar prioritere tilgjenge for gåande og skigåande. I reguleringsplanar og søknadar om tiltak skal snarvegar for mjuke trafikantar innanfor plan- eller søknadsområdet kartleggjast og sikrast. Det skal også etablerast nye snarvegar mellom viktige gangruter eller målpunkt, som bidreg til å forkorte avstandar for mjuke trafikantar. Det er vidare krav om at reguleringsplanar skal dokumentere korleis ulike målpunkt – som fritidsbustader, friluftsområde, leikeplassar, stiar og løypenett – blir kopla saman (jf. føresegn 1.8).

### 3.2.3 Parkering og teknisk infrastruktur

Det er innført føresegner som sikrar at ein ikkje kan byggje nye fritidsbustader utan at naudsynt infrastruktur, som tilkomstveg, er tilstrekkeleg etablert (sjå føresegn 1.1.2 c, 1.4.1 og 2.1.2 k)). For fritidsbustader og leilegheiter med felles parkering er minstekravet 1,5 parkeringsplassar per eining. Minst 5 % av parkeringsplassane i kvart utbyggingsprosjekt skal vere tilpassa personar med nedsett funksjonsevne. Dette vidarefører krava frå kommuneplanens arealdel.

I tillegg er det innført ei ny føresegn som slår fast at ein ikkje kan dele frå nye eller eksisterande tomter utan at parkeringsforholda er dokumenterte (sjå føresegn 1.7 e). Tidlegare Lifjell-plan hadde ikkje slike føresegner.

Det blir vurdert at arealet som er sett av til parkering i planen, er tilstrekkeleg. Planen inneheld fleire grep som sikrar at nye fritidsbustader får eigne parkeringsareal, og at fleire eksisterande fritidsbustader òg vil få eigne parkeringsløysingar gjennom vidare fortetting i visse område.

Det er sett begrensingar i område med fritidsbustader utan vegtilkomst. I desse områda vil det ikkje lenger vere tillate å oppføre nye fritidsbustader etter den nye planen. Eit unntak er FB19. Arealet sett av til framtidig alpinanlegg og sentrumsformål er òg betydeleg redusert i denne planen. Hovudparkeringa er no sikra med eige arealformål og kan ikkje byggjast ned. Med desse tiltaka blir parkeringskapasiteten vurdert som tilstrekkeleg.

Ein ser likevel føre seg at det kan oppstå enkelte dagar i vinterhalvåret der kapasiteten ikkje er tilstrekkeleg, men ein har per i dag ikkje eit godt nok datagrunnlag til å vurdere dette nærmare. Eit mellombels kollektivtilbod i periodar med mange besökande kan vere ei mogleg løysing for å møte slike utfordringar.

Den nye kommunedelplanen stiller krav om tilknyting til offentleg vatn og avløp, i tråd med kommuneplanens arealdel. Det er opna for unntak i område der kostnadene ved slik tilknyting blir vurderte som uforholdsmessig høge som i FB12, eller i område det andre omsyn er vektet høgare som i FB19. I slike tilfelle skal det utarbeidast ei alternativ løysing av fagkyndig person med relevant kompetanse. Dette kan vere aktuelt for både FB19 og FB1.

### 3.2.4 Idrettsanlegg/alpinområde

Det er lagt inn eit nytt område for idrettsanlegg/alpinområde, tilrettelagt for aking, i tilknyting til Vinterland (tidlegare område S1). Føremålet er å sikre eit viktig målpunkt for barnef familiar og besökande til Vinterland.

### 3.2.5 Nye arealføremål

<b>Andre typar bygningar og anlegg</b>		
Områdenamn	Daa	Kommentar
Kalveliane gnr.: 9/38	2,8	Det blir lagt til rette for eit nytt område for renovasjon
Gamle skistall gnr.: 18/6  KU-nr.: 7.10	0,4	Det blir lagt til rette for eit forenings-/forsamlingshus.

### 3.2.6 Føremål som er omgjort

Følgjande område er omgjort til andre føremål eller har fått justert avgrensing:

Områdenamn i KDP Lifjell (2014)	Årsak til endringa
Framtidig høgdebasseng gnr.:9/106	Området vart sett av til eit høgdebasseng ved revisjon av planen i 2014. Ny høgdebasseng vert bygd i 2019 på Lifjelltoppen. Det er ikkje behov for fleire høgdebasseng i området. Arealformålet vert gjort om til LNF.
Eksisterande høgdebasseng gnr.: 9/516	Høgdebasseng på Lifjelltoppen vart sett av med arealformål fritidsbusetnad. Ny arealformål: Andre typar bebyggelse og anlegg
Eksisterande pumpestasjon gnr.: 18/6/36	Eksisterande pumpestasjon vart sett av med arealformål fritidsbusetnad. Nytt arealformål: andre typar bebyggelse og anlegg.
Gamle høgdebasseng gnr.: 9/423	Tidlegare høgdebasseng, no rivne. Nytt arealformål: idrettsanlegg.

## 3.3 Næringsliv, reiseliv

### 3.3.1 Status og hovudutfordringar

Kommuneplanens samfunnsdel har som mål at Midt-Telemark skal vere eit attraktivt reisemål.

Lifjellområdet er ein del av dette reisemålet. Samfunnsdelen har òg ein strategi som seier at «Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfold skal sikrast».

Undersøkingar som er gjennomførte i samband med og i forkant av planarbeidet, viser at tilgjengelege naturopplevelingar både sommar og vinter er ein viktig grunn til at Lifjell er attraktivt for besøkande. Dette omfattar òg dei mange undervisningsinstitusjonane – mellom anna Universitetet i

Søraust-Noreg (USN), Sagavoll folkehøgskule, Jønnbu leirskule og Bø vidaregåande skule – som til saman står for om lag 5000 årlege dagsbesøk på Lifjell, med Jønnbu som utgangspunkt.

Samtidig viser resultata at tilkomsten med mange bratte bakkar kan vere ei utfordring for fleire potensielle brukarar av området. For å styrke Lifjell som ein del av reisemålet Midt-Telemark, er det difor viktig å ta vare på dei kvalitetane som gjer området attraktivt for folk flest. Dette omfattar lett tilgjengelege område som kan gi spanande naturopplevingar året rundt..

### 3.3.2 Nye arealføremål

Næringsføremål		
Områdenamn	Daa	Kommentar
Vinterland gnr.: 9/38	2,6	Det blir lagt til rette for ein framtidig utviding av Vinterlandbygget i tillegg til eksisterande servicebygget.

### 3.3.3 Føremål som er omgjort

Følgjande område er omgjort til andre føremål eller har fått justert avgrensing:

Områdenamn i KDP Lifjell (2014)	Årsak til endringa
Kombinert formål, gnr. 9/57	Området er omgjort til LNF på bakgrunn av at alpinanlegget i området er teke ut av planen.
Jønnbu fjellkyrkje, gnr. 9/38	Området er utvida mot vegen på bakgrunn av at sentrumsformålet vert teke ut. Nytt arealformål: offentleg eller privat tenesteyting. Tidlegare arealformål: sentrum.
S1	Området er delt opp i fleire føremål, mellom anna LNF, fritidsbusetnad, parkering, næring, idrettsanlegg og blågrønstruktur. Det er teke omsyn til tidlegare løypetrasé. Eit mindre område med sentrumsformål i sør, som ligg sentralt og i naboleik til eit anna sentrumsområde i sør, vert beholdt. Det er teke inn ei omsynssone rundt myra som vart kartlagt i området.

## 3.4 Grønstruktur, naturmiljø, kulturmiljø og vassdrag

### 3.4.1 Status og hovudutfordringar

Grønstruktur, naturmiljø, kulturmiljø og vassdrag heng saman. Store delar av planområdet til kommunedelplan Lifjell ligg i eit verna vassdragsområda (verneplanen for vassdrag 06/16 Lifjellområdet). Vernegrunnlaget og tydinga av dei rikspolitiske retningslinjer for området er samanfatta i eit eige notat som vedlegg til planen.

Planområdet kan klassifiserast i klasse 2 eller 3 jf. dei rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Forvaltningsmåla omfattar meir enn sjølve vasstrengen og det nærmeste vassdragsbeltet – dei er retta mot å a vare på heilskapen i landskapet.

Desse forvaltningsmåla er knytte til klasse 2 og 3:

Klasse	Beskrivelse	Forvaltning
<b>2</b>	Vassdragsbelte med moderate inngrep i sjølve vasstrengen, og der nærområda består av utmark, skogbruksområde og jordbruksområde med spreidd bygnad.	Hovudtrekka i landskapet må søkjast halde oppe. Inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vasstrengen og i dei områda som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, bør unngåast. Inngrep som enkeltvis eller i sum medfører endringar av ei viss tyding i sjølve vasstrengen, bør unngåast. Leveområde for truga plante- og dyreartar og mindre område med store verneverdiar bør gjevast særleg vern.
<b>3</b>	Vassdragsbelte som er lite ramma av moderne menneskeleg aktivitet, og som difor har stor oppleavingsverdi og vitskapleg verdi.	Det er svært viktig å ivareta natur som er prega av å vere lite ramma av moderne menneskeleg aktivitet. Alle former for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngåast. Vasskvalitet og naturleg vassføring må takast vare på, og alle former for inngrep som reduserer verdien av vassdraget må søkjast unngått.

Det er no presisert i føresegne at vernegrunnlaget for 06/16 Lifjellområdet og dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag skal leggjast til grunn ved behandling av søknader i dette området (sjå føresegn 1.16 g)). Tiltak innanfor verneområdet skal vurderast opp mot både vernegrunnlaget og dei rikspolitiske retningslinjene.

Grønstruktur i kommunedelplanen for Lifjell omfattar område som er sette av til turdrag, det vil seie skiløyper og/eller turstiar.

### 3.4.2 Idrettsanlegg/alpinområde

Deler av området som tidlegare var sett av til alpinområde, er no endra til LNF-formål. Tidlegare planlagde nedfartar i hovud- og sideløp til vassdrag, som var i strid med vassforskrifta, rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag og føresegner i vassressurslova om kantvegetasjon, er teken ut av planen. Etter den nye planen kan tiltak som fremjar friluftsliv, turvegar og område for leik og rekreasjon berre tillatast dersom viktige økologiske funksjonar vert oppretthalde.

### 3.4.3 Turdrag eller skiløype

Planen vidarefører i all hovudsak turdrag og skiløyper frå tidlegare plan. Skiløypene er justerte slik at avsett arealbruk samsvarer med faktisk bruk, der det er vurdert som formålstenleg. Det vert ikkje sett av areal til nye turdrag eller skiløyper som avviker frå dagens faktiske eller allereie planlagde bruk. Enkelte skiløypetraséar er fjerna på bakgrunn av at dei ikkje er teke i bruk, til dømes fordi ein annan trasé gjennom LNF-området er valt, og at det ikkje vurderast som naudsynt å utvikle desse i framtida.

Skiløypene er i all hovudsak avsett i plankartet med ei breidde på 20 meter. Endringane kjem tydeleg fram i plankartet, der dei vert vist som framtidig arealbruk. Det viser at det er gjort endringar i avsett arealbruk i plankartet, men det er ikkje einsydig med at arealet ikkje alt er teke i bruk. I utbygde området kan breidda variere og vere mindre enn 20 meter.

I område som er sett av til turdrag eller skiløype, vert det opna for tiltak for å fremje friluftsliv, turvegar og område for leik og rekreasjon, så lenge økologiske funksjonar vert opprethalde. Drenering av myrområde er ikkje tillate av omsyn til klima og miljø.

#### 3.4.4 Friluftslivsområde

Det er tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde for Midt-Telemark kommune etter Miljødirektoratets rettleiar *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*. Kartlegginga er tilgjengeleg på miljødirektoratet si kartinnsynsløysing ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Dette har ført til at friluftsområda som vurderast som viktig er sikra med omsynssone (sjå 3.7.2 omsynssoner). Dette er vidareført frå tidlegare plan. Omsynssona er i tillegg tydeleg utvida for å markere ei kommunal markagrense (sjå 3.7.2 omsynssoner).

For å sikre heilheit og tilgjenge til friluftsområde er det stilt eit krav i dei generelle føreseggnene som seier at reguleringsplanar og søknad om tiltak skal dokumentere korleis grønstruktur og friluftsområde kan koplast saman med andre målpunkt (føreseggnene 1.8 b) og 1.16 c).

Delar av tidlegare S1 område er sett av til idrettsanlegg (akebakke). Det er eit mykje brukte friluftsområde av barnefamiliar. Tidlegare rundløype gjennom området er òg sikra som turdrag i plankartet.

I plankartet er skiløypene sett av til turdrag. Skiløypene er no oppdaterte med bakgrunn i faktisk oppkjørte løyper der det er hensiktsmessig.

Friluftsliv har vore eit ege tema i konsekvensutgreiinga av innkomne innspel til endra arealbruk (sjå konsekvensutgreiing).

#### 3.4.5 Utbygging langs vassdrag

Den generelle regelen er at tiltak etter pbl. §§20-1 a, f, j, k, l, m ikkje er tillate nærmare enn 100 m langs Åseåa, Raukritbekken, Hestemyrbekken, Plassstulbekken, Kikkutbekken, Jønnbubekken, Torillbekk, Langerudbekken, Grostulbekken og Hellebekken, og ikkje nærmare bekkar med årsikker vassføring enn 50 m (føresegner 1.6.1 a)). Det er i stor grad vidareført frå tidlegare plan, men det er presisert i føreseggnene kva tiltak som ikkje er tillate og at det òg gjeld ei byggegrense på 50 m for bekkar med årsikker vassføring.

I føreseggnene 1.16 e) er det presisert at tiltak som fører med seg inngrep i kantvegetasjonen ikkje er tillat jf. §11 i vassressurslova.

#### 3.4.6 Vassdrag og naturmangfold

Naturmangfold vart kartlagt etter NIN-metodikken i sentrale delar av planområdet i juli 2023. Alle innspelsområde vart kartlagde (sjå konsekvensutgreiing og eigen rapport om naturmangfold), samt sentrale delar av planområdet, som er under press frå utbygging. Myr og myrdjupn vart kartlagt samstundes. Der det er vurdert som hensiktsmessig ut frå ei heilskapleg vurdering, er naturtypar og myr sett av med omsynssone. Storleiken på buffersonene er valde i tråd med anbefalingane i fagrapporten om naturmangfold. Retningslinje nr. 3.2.3 Omsynssone for naturtypar (H560\_2) gjer tydeleg at det ikkje må utførast tiltak i desse områda som kan føre til degradering av naturtypar med nasjonale eller vesentlege regionale miljøinteresser, eller som kjem i konflikt med verdiar knytt til biologisk mangfold. Retningslinje nr. 3.2.2 Omsynssone for myr (H560\_1) gjer tydeleg at det ikkje må utførast tiltak i desse områda som kan føre til drenering eller forureining av myr. Det er i alt hovudsak område sett av til LNF og turdrag/skiløype. Føreseggnene knytte til både turdrag/skiløype og LNF føremål (føresegner 2.3.1 og 2.4.1) sikrar at tiltak her ikkje skal forringe viktige økologiske

funksjonar. Dette gjeld òg naturtypar med nasjonale eller vesentlege regionale miljøinteresser som definert i rundskrivet T-2/16, samt myr- og våtområde.

Dei generelle føresegne sikrar omsyna til blå og grøne naturverdiar (sjå føresegn 1.16). Her er det sett krav om at myr og våtmarker ikkje skal byggast på, og sett krav om kartlegging av naturmangfald i reguleringsplanar.

Det skal vidare i reguleringsplanar og byggjesaker blir gjort ei konkret vurdering av konsekvensar avrenning kan få for vassdrag. Føresegne sikrar òg at samanhengande grønstruktur skal takast vare på og at vassdrag skal haldast opne. Føresegne er i tråd med kommuneplanens arealdel.

### 3.4.7 Kulturminne

Lifjell er eit område som er tett knytt til eit stølslandskap som antakast å vere av nasjonal verdi. Deler av stølslandskapet i planområdet er i mindre grad bevart. Det er gjennomført ei vurdering av enkeltlokasjonar som potensielt kan ha kulturmiljø av stor lokal verdi i eit bakgrunnsnotat for kulturmiljø. Notatet er eit vedlegg til planen.

Det er sett av omsynssoner for kulturmiljø rundt seks ulike lokalitetar. Kor stor verdien som lokal kulturmiljø er verdt er ikkje vurdert her. Det er tatt utgangspunkt i at lokalitetane kan ha stor lokal kulturmiljøverdi utan at det vert stadfesta. Tiltak i og nær desse lokalitetane vil krevje meir detaljerte utgreiingar før ein set i gang inngripande tiltak.

Lokasjonane som vert sett av med omsynssone for kulturmiljø er:

Fjellstul (gnr/bnr.: 9/57, 9/65, 9/60)

Grøbuskora (gnr/bnr.: 9/60)

Knarlia Nordre (gnr/bnr.: 9/65)

Knarlia Søndre (gnr/bnr.: 9/32)

Nedre Bråten husmannsplass (gnr/bnr.: 9/586)

Jønnbu (gnr/bnr.: 9/38)

I plankartet er det sett omsynssone for kulturmiljø (H570). Les meir om dette i kapittel 3.7.2 *Omsynssoner*.

## 3.5 Beredskap og tryggleik

### 3.5.1 Status og hovudutfordringar

I følgje klimaprofil for Telemark (2022) er det sannsynleg at episodar med kraftig nedbør skjer oftare og blir meir intens. Dette vil føre til utfordringar med overvatn, skred og flaum. Ein kan òg vente fleire og større regnflaumar, og ei auke i flaumvassføringa. Det forventast òg auking i fare for tørke om sommaren. Dette kan auke skog- og lyngbrannfaren. Det er viktig at ein har nok vatn tilgjengeleg med tilstrekkeleg trygg i og nær hytteområda som grensar mot utmark. Det ventast òg at faren for våtsnøskred aukar i skredutsette områder på grunn av eit varmare og våtere klima, der det oftare kjem regn på snødekt underlag.

Eit viktig element i planlegginga er at Lifjell området i Midt-Telemark kommune ikkje har beredskapsveg. Det er kun ein køyreveg.

### 3.5.2 Overvasshandtering

Overvasshandtering var ikkje omtala i tidlegare kommunedelplan for Lifjell. No er planen oppdatert i tråd med kommuneplanens arealdel. Dette inkluderer mellom anna korleis handtering av vatn og avløp skal skje i reguleringsplanar og byggjesøknader, i tillegg til dei føresegndene som er nemnde ovanfor. Føresegndene seier mellom anna at overvatn skal inngå i ein VA-rammeplan i reguleringsplanar, og i ein eigen plan for vatn og avløp i samband med byggjesøknader (føresegndene 1.5.3 og 1.5.4).

Overvatn skal handterast etter trestegsprinsippet. Naturlege flaumvegar skal takast vare på (føresegn 1.5.2). I fareområde for flaumvegar, som vist på plankartet, er tiltak som stengjer flaumvegane ikkje tillatne (føresegn 3.1.3). Det skal ikkje byggjast på myr og våtmark, og opne strekningar for elvar, bekkar, vatn og dammar skal haldast opne (føresegndene 1.16 a og f).

### 3.5.3 Tryggleik for flaum og skred

Det er ikkje lagt opp til nye utbyggingsområde i område som er kartlagde som faresone for flaum eller skred, eller i aktsemdsområde. FB19 ligg i aktsemdsområde for snøskred. Det er innført ei rekkjefølgjeføresegn (føresegn 1.4.2) knytt til FB19, som sikrar at skredfarene må vere avklara gjennom ein vedteken reguleringsplan før det kan gjevast løkke til tiltak etter § 20-1. Det er òg tydeleggjort at det i område innan FB19 som er utsette for skredfare, ikkje kan gjennomførast utbygging.

Plankartet viser faresoner og aktsemdsområde for flaum og skred. Les meir om faresoner i kapittel 3.7.1 Faresoner. Krav i samband med tiltak i faresonene er sikra i føresegndene til sonene. Desse føresegndene byggjer i stor grad på krava som er sett til tryggleik mot naturkjennningar i TEK17, kapittel 7.

I samband med utbygging i område med eldre reguleringsplanar der det ikkje er gjennomført ei tilfredsstillande risiko- og sårbarheitsanalyse er det krav om at risiko skal avklarast før byggjesøknaden kan vurderast, uavhengig av vedtaksdato (føresegn 1.2. d).

### 3.5.4 Tryggleik mot skogbrann

Alle områder som ligg i tilknyting til utmark er potensielt utsett for skog- eller lyngbrann. I føresegn 1.17.d) sikrast det at temaet vert særskilt vurdert i detaljreguleringa. I føresegn 1.5.3 *Handtering av vatn og avløp i reguleringsplan* (inkludert overvatn) og 1.5.4 *Handtering av vatn og avløp i byggjesøknad* (inkludert overvatn) sikrar ein at det takast omsyn til sløkkevatn i ein plan for vatn og avløp både ved utarbeidning av reguleringsplanar, men også ved søknad om tiltak.

## 3.6 Klimagassutslepp

### 3.6.1 Status og hovudutfordringar

Klimagassutslepp er i stor grad knytt til forbruk og vegtrafikk. Klimagassutslepp knytt til endring av arealbruk kan òg vere store og då særleg om skog med høg bonitet og myr blir omdisponert til utbyggingsføremål. For å kome seg til Lifjellområdet i Midt-Telemark kommune er ein i stor grad avhengig av personbilar. Det er ikkje kollektivtransport i området. Fleire besøkjande i området vil difor òg auke talet på personbilreiser.

Omtrent 14 % av dei sentrale områda i planområdet er dekt med myr. Myr har store karbonlager. Når myr blir drenert vil gjenverande karbon bli omdanna til CO<sub>2</sub>. Alt er fleire myrområde i planområdet gjort om til utbyggingsområde.

### 3.6.2 Tiltak for å redusere klimagassutslepp

I kommunen sitt planarbeid kan ein legge til rette for å både redusere og unngå auke i klimagassutslepp. Gjennom å unngå nye omdisponering av areal med karbonrike masser, til dømes myr og skog med høg bonitet vil ein kunne dempe auking i klimagassutslepp med bakgrunn i nye arealdisponeringar. Gjennom å legge til rette for at behovet for intern biltrafikk på Lifjell reduserast, til dømes gjennom gange og/eller skigåing frå eit målpunkt til den andre, kan kommunal planlegging bidra til å redusere klimagassutslepp.

I plankartet er det gjort følgjande grep:

- I plankartet er fleire område som tidlegare var sett av til fritidsbustader fjerna frå planen.
- Myr er sikra gjennom eigne omsynssoner.

I føresegnehene er det gjort fleire grep:

- Det er krav om at reguleringsplanar skal prioritere tilgjenge for gåande og skigående, og snarvegar for mjuke trafikantar skal kartleggast og sikrast. Det skal etablerast nye snarvegar der det er relevant (føresegn 1.8 a)).
- Grønstruktur skal knyte saman ulike målpunkt (føresegn 1.8 b)).
- Reguleringsplanar skal vise tiltak for å redusere klimagassutslepp, og utslepp frå arealendringar skal reknast ut etter nasjonale retningslinjer (føresegn 1.18.1).
- Tiltak etter §20-1 a, f, i, j, k, l, m er ikkje tillate på myr og våtmark (føresegn 1.16 a)).

## 3.7 Omsynssoner og føresegnsområde

### 3.7.1 Faresoner

Aktsomhetsområde frå NVE for skred og flaum er vist i plankartet. Aktsomhetsområde for flaum er vist som flaumfaresone (H320\_1). Aktsomhetsområde for ras og skred er vist som fareområde for skred (H310). Basert på ei kartlegging frå Sweco (vedlagt) er det identifisert flaumvegar i planområdet. Desse er vist i plankartet som fareområde for flaumvegar (H320\_2), så langt det er mogleg.

### 3.7.2 Omsynssoner

#### 3.7.2.1 *Omsynssone for viktige friluftsområde – kommunal markagrense (H530)*

Område der det skal takast særskilt omsyn til friluftsliv, er markerte med ei omsynssone (omsynssone for viktige friluftsområde H530). Omsynssona for friluftsliv markerer òg ein communal markagrense. Markagrense er ei langsiktig grense mellom marka og utbygging. Ho kan fastsetjast anten gjennom omsynssone eller som ei trekt linje i kommuneplanens arealdel. Regjeringa tilrår omsynssone som verkemiddel i meldinga si til Stortinget om friluftsliv (Meld. St. 18 (2015–2016)) og i Handlingsplan for friluftsliv (2018). Omsynssone er godt eigna fordi ho både syner marka på arealplankartet og gir moglegheit til å fastsetje retningslinjer. Omsynssona for friluftsliv er tydeleg utvida i denne revideringa. Bakrunnen er at det er innført ein communal markagrense for å syne at utbygging framover ikkje skal skje vidare innover i fjellområda.

#### 3.7.2.2 *Omsynssone for myr (H560\_1)*

14 % av prosjektområdet som vert kartlagt i juli 2023 var dekt av myr. Det er òg områder som er under press frå utbygging. Myra i det kartlagde området vert i liten grad fanga opp av miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks. Det er likevel skildra i fagrappoen. Myr har ein viktig

funksjon som eit flaumhindrande lager av vatn, og dannar eit viktig økosystem og biotop for mange planter og dyr. Myr er eit stort lager med karbon, og kjem det oksygen ned i myra blir den omsett til CO<sub>2</sub>. Ved utbygging av myrområde vil ein derfor auke klimagassutslepp vesentleg samanlikna med utbygging av eit areal som ikkje har karbonrike masser. Kartlagde myrområde vert med bakgrunn i klimaomsyn, omsyn til overvatn og økosystemfunksjon avsett med eiga omsynssone (omsynssone for myr H560\_1), der det er vurdert som formålstenleg utifrå planlagt og pågående utbygging.

### **3.7.2.3 *Omsynssone for naturtype (H560\_2)***

Omsynssone for viktige naturområde (H560\_2) er òg tydeleg utvida i denne planen. Det er med bakgrunn i ei ny naturtypekartlegging som vart gjort i juli 2023, der ein har kartlagt betydelege naturverdiar. Det blei til saman registrert 31 naturtypelokaliteter innanfor undersøkingsområdet på Lifjell. 2025 daa av planområdet på 13.844 daa vert kartlagt. Det er òg registrert 12 raudlista artar innanfor prosjektområde. Resultata av kartlegginga er nærmare omtalte i eigen fagrappo. Areala som vert kartlagt er òg områder som er under sterkt press som følgje av utbygging.

### **3.7.2.4 *Omsynssone for INON-område (H560\_3)***

Omsynssone markerer avgrensinga av INON-område sone 2. INON – Inngrepstørie naturområde er definerte til å vere naturområde som ligg ein kilometer eller meir (i luftlinje) unna tyngre tekniske inngrep.

### **3.7.2.5 *Omsynssone for kulturmiljø (H570)***

Omsynssone for kulturmiljø (H570) er vidareført frå tidlegare plan. Det er i tillegg lagt inn omsynssoner rundt seks lokalitetar som kan ha stor lokal kulturmiljøverdi.

## **3.7.3 Føresegnsområde**

For utbyggingsområdet FB8 er det innført krav om felles planlegging. Det er vist i plankart med omsynssone (H810).

## 4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av planforslaget

### 4.1 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innkomne innspel

Innspel med ønske om endringar i arealbruken (nye utbyggingsområde) vert konsekvensutgreidd i eige dokument. Ei samanstilling av utgreiinga med tilråding og eventuelle vilkår er vist under.

Tabell 4-1. Samanstilling av utgreiinga for alle foreslått utbyggingsområda med tilråding og eventuelle vilkår

Innspelnr.	Namn	Føremål	Tilrådd	Plan	Vilkår
1	9/86 – Jønnbuflåtin	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
9	10/10 - Torillstul/Aamotdalen	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
11	18/117 – Grostul	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	Ingen
18	9/467 – Bøkstulliane	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
34/38-1	9/38 – Solskinsdalen	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
34/38-2	9/38 - Knarlivegen	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
34/38-3	9/38,9/200 og 9/201 – Jønnbulia	Fritidsbusetnad/ sentrumsformål	Nei	Ikkje tatt inn	
5/30	9/166 – Solskinsdalen	Fritidsbusetnad	Ja	Tatt inn	1.Terrenginngrep bør ikkje være større enn nødvendig for å bygge ein enkel fritidsbustad. 2. Krav om utgreiing av flaumfare i byggesak og/eller reguleringsplan, dersom det planleggast for bygging i flaumaktsemdosområde.
27	10/121 – Torillstul	Fritidsbusetnad	Nei	Ikkje tatt inn	
45	18/6 – Gamle skistall	Offentleg eller privat tenesteyting	Ja	Tatt inn	Føresegna må sikre at eventuell ureining frå tidlegare massedeponi vert tilstrekkeleg utgreidd før oppføring

					av eit ny bygg på plassen.
<b>15</b>	9/38 – Vinterland	Næring	Ja	Tatt inn	1. Utsiktspunkt må erstattast. 2. Større terrenginngrep i ei buffersone på 15 meter frå myrområdet i aust er ikkje tillat utan vidare utgreiing av konsekvensane for myra.
<b>6 og 44</b>	Fleire - Kalveliane	Fritidsbusetnad	Ja	Tatt inn	1. Krav om felles planlegging for heile området; gjeldande reguleringsplan opphevast. 2. Krav om infrastruktur (veg, VA, straum). 3. Krav om at tilkomsten til løypenettet og kvalitetane området har for friluftsliv og ulike brukargrupper ikkje forringast. 4. Området avgrensast slik at naturbeitemark ikkje omfattast av byggeformålet.

#### 4.2 Samla verknad etter arealformål

##### Fritidsbustad:

Det er foreslått eit nytt område for fortetting i Kalveliane (FB8) og ei ny tomt for fritidsbustad nær krysset mellom Lifjellvegen og Solskinsdalen (FB10). Desse områda ligg i eit område med fleire eksisterande fritidsbustader og ei større utleigehytte, Solstua. Dei ligg òg tett på Lifjellstua, som er ei viktig næringsverksemد i området. Det er vurdert at endringane kan få negative konsekvensar for dei som allereie nyttar området, både med tanke på fritidsbustader og løypeinfrastruktur. For å sikre ei god og heilsakpleg utvikling må heile området inngå i ein felles reguleringsplan før det kan opnast for vidare utbygging. Dette er teke inn i både føresegne og plankartet.

Nye områder for fritidsbustad	Forv. antal einingar	Daa	Merknadar
<b>Kalveliane (innspelnr. 6 og 44), FB8</b>	20-30	107,2	Området er prega av eksisterande bygningar (fritidsbustader), og har ein viktig tilkomst til løypenettet. På bakgrunn av dette er det stilt krav om felles planlegging. Kommunedelplanen gjeld framfor gjeldande detaljreguleringsplan i området.
<b>Solskinsdalen (innspelnr. 5 og 30), FB10</b>	1	1,3	Det er ei enkel tomt som ligg i tilknyting til eksisterande infrastruktur. Det er sett krav om at terrengeinngrep ikkje skal vere større enn nødvendig for å kunne føre opp ein enkel fritidsbustad. Eksisterande arealbruk er barskog.
<b>FB20</b>	7	14,3	Området ligg sentralt i nærleiken av Vinterland, med hovudparkering ved Lifjell og hovudtilkomst til løypenettet i området. Delar av området har bratt terrem, noko som kan føre til synlege inngrep ved tradisjonell utbygging av fritidsbustader og svekke tilgjengelege friluftsområde.
<b>Områder for fritidsbustad som er gjort om til LNF-formål/LNF-Spreidd formål eller fått redusert areal</b>	<b>Daa i KDP (2014)</b>	<b>Daa i KDP (2025)</b>	<b>Merknadar</b>
<b>H8 (FB19)</b>	54	22,2	Deler er omgjort til LNF. Dette medfører ein reduksjon i arealet som er sett av til fritidsbustader.
<b>H4 (FB15)</b>	497	385	Deler omgjort til LNF og turdrag. Dette medfører ein reduksjon i arealet som er sett av til fritidsbustader.
<b>D2 (FB12)</b>	156	135	Deler omgjort til LNF. Dette medfører ein reduksjon i arealet som er sett av til fritidsbustader.
<b>H10/11/Jønnbuflåtin (FB6)</b>	173	164	Deler omgjort til LNF. Dette medfører ein reduksjon i arealet som er sett av til fritidsbustader.
<b>H6 (FB4)</b>	160	153	Deler omgjort til turdrag. Dette medfører ein reduksjon i arealet som er sett av til fritidsbustader.

<b>Solskinsdalen (FB9)</b>	24	5	Deler omgjort til LNF og LNF-spreidd. Dette medfører ein reduksjon i arealet sett av til fritidsbustader og ei avgrensing i moglegheita for nybygging av fritidsbustader.
<b>Solskinsdalen, område 2/Nutestul (FB13)</b>	77	58	Deler omgjort til LNF og LNF-spreidd. Dette medfører ein reduksjon i arealet sett av til fritidsbustader og ei avgrensing i moglegheita for nybygging av fritidsbustader.
<b>Solskinsdalen (FB14)</b>	29	11	Deler omgjort til LNF-spreidd. Dette medfører ei avgrensing i moglegheita for nybygging av fritidsbustader.
<b>gnr./bnr. 18/118</b>	0,3	0	Omgjort til LNF. Dette medfører ein reduksjon i arealet sett av til fritidsbustader.
<b>gnr./bnr. 9/119 og 9/310</b>	8,7	0	Omgjort til LNF og LNF-spreidd. Dette medfører ein reduksjon i arealet sett av til fritidsbustader og ei avgrensing i moglegheita for nybygging av fritidsbustader.
<b>Jønnbuseter (FB7)</b>	15,6	12	Deler omgjort til LNF. Dette medfører ein reduksjon i arealet sett av til fritidsbustader.
<b>Områder for fritidsbustad som er gjort om til LNF-spreidd formål</b>	<b>Daa i KDP (2014)</b>	<b>Daa i KDP (2025)</b>	<b>Merknadar</b>
<b>Mindre områder utan vegtilkomst</b>	11,2	0	Omgjort til LNF-spreidd. Konsekvens er at ein avgrensar nybygg av fritidsbustader.

#### Sentrum:

<b>Områder for sentrum som er gjort om til andre formål</b>	<b>Daa KDP (2014)</b>	<b>Daa KDP (2025)</b>	<b>Merknadar</b>
<b>S1 (S)</b>	105	5,8	Store delar av tidlegare S1 er tekne ut av planen. Mykje av området er ikkje lenger sett av til sentrumsføremål, mellom anna ein mykje bruk akebakke. Konsekvensen er at planen ikkje lenger støttar opp under eit konsept som utviklar området som ein reindyrka alpindestinasjon. Det samla arealet sett av til utbygging med varme senger i planområdet er redusert betydeleg.

#### Offentleg eller privat tenesteyting:

<b>Områder for offentleg eller privat tenesteyting som har fått utvida areal</b>	<b>Daa (KDP 2014)</b>	<b>Daa (2025)</b>	<b>Merknadar</b>
<b>9/38 og 9/208</b>	20,6	22	Omgjort frå sentrumsformål til privat tenesteyting. Det er eit lite areal mot vegen

			som i førre plan høyrte til området S1. Det er vurdert at endringa ikkje fører til eit nytt konsekvensbilde, men har karakter av ei mindre justering.
--	--	--	---

**Næring:**

Nye næringsområde	Daa (KDP 2025)	Merknadar
9/38	2,6	Det er lagt inn eit nytt område for næring i tilknyting til servicebygget ved Vinterland skianlegget. Endringa kan ha positive verknader for utvikling av ei næringsverksemd i framtida. Det er fare for at eit viktig utsiktpunkt går tapt og at eit myrområde blir påverka negativt. Dette er tatt hand om gjennom føresegnene (2.1.4 b)).

**Andre typar bygg og anlegg:**

Nye område for andre typar bygg og anlegg	Daa (KDP 2025)	Merknadar
9/38	2,8	Det er lagt inn eit nytt område for renovasjon. Formålet er endra frå parkering i tidlegare plan til formålet for andre typar bygg og anlegg. Formålsendring førar ikkje til ei vesentleg endring i konsekvensbildet. Det leggast til rette for å renovasjonsordninga kan forbetrast frå dagens ordning.
18/6	0,4	Det er lagt inn eit nytt område for foreningshus. Føremålet er endra frå LNF. Tomta er allereie utbygd, og den foreslårte bruksendringa fører i liten grad til endringar i konsekvensbiletet.
9/516	1,2	Eksisterande høgdebasseng. Formålsendring førar ikkje til eit nytt konsekvensbilde.

**Kombinert formål:**

Områder for kombinert formål som er gjort om til LNF-formål	Daa (KDP 2014)	Daa (KDP 2024)	Merknadar
9/57	6,4	0	Området for kombinert formål må sjåast i samanheng med planlagde alpinanlegg. Endringa har positive verknader for natur, miljø, klima, kulturmiljø og friluftsliv. Konsekvensen er at planen ikkje lenger byggjer opp under eit konsept som utviklar området som ein reindyrka alpindestinasjon.

**Idrettsanlegg/alpinanlegg:**

Områder for alpinanlegg som er gjort om til LNF-formål	Daa (KDP 2014)	Daa (KDP 2025)	Merknadar
<b>Heis L, M, N, G, H, I, J, K og tilhøyrande nedfarter</b>	859	494	Det er gjort store endringar i planlagde arealingrep i urørt naturområde ved at store delar av det planlagde alpinanlegget er omgjort til LNF. Endringa har positive verknader for natur, miljø, klima, kulturmiljø og friluftsliv. Konsekvensen er at planen ikkje lenger byggjer opp under eit konsept som utviklar området som ein reindyrka alpindestinasjon.

#### 4.3 Samla verknad etter tema

##### **Ureining og støy:**


Det er ikkje kome til nye moment knytt til ureining og støy. Kommunedelplanen opnar ikkje for nye arealføremål som vil generere meir støy eller ureining. Difor er konsekvensane for ureining og støy vurderte som låge. To område for fritidsbustad, FB12 (tidlegare D1 og D2), som vert vidareførte frå førra plan (KDP 2014), kan ikkje koplast til kommunalt VA-anlegg. På grunn av omsynet til myr gjeld det same for FB19. Føresegne og retningslinene knytt til VA er difor presiserte, og det er stilt krav om at også eksisterande fritidsbustader i desse områda skal inngå i ei ny løysing.

##### **Jordvern og sikring av beiteressursar:**

Det er ikkje vesentlege nye moment i planen knytt til jordvern og sikring av beiteressursar. Omsyn til andre tema som naturmangfold og kantvegetasjon har òg ført til at den negative påverknaden på beiteområde ved utbygging av alpinanlegg og hyttefelt blir noko redusert i planforslaget samanlikna med tidlegare planlagt arealbruk. Ei ny føresegn som opnar for bruk av gjerde kring fritidsbustader skal bidra til at færre beitedyr kjem til skade, og til å redusere interessekonflikta mellom beitenæring og eigarar av fritidsbustader. Eit område med viktige beiteinteresser blir delvis vidareført som område for fritidsbustad (H8, no FB19). Det er lagt opp til ei svært avgrensa utbygging i området, hovudsakleg av lavstandardhytter. Området er òg vesentleg redusert samanlikna med tidlegare plan.

##### **Naturmangfold:**


Det er gjennomført ei kartlegging av naturmangfold etter miljødirektoratet sin instruks og kartlegging av myr i sentrale delar av planområdet som del av planarbeidet i juli 2023. Fagrapporten er eit vedlegg til planen og viser at planområdet er myrrikt og eit område med sårbart naturmangfold. Det er mange små lokasjoner med nasjonale eller vesentleg regionale miljøinteresser som er utsette for press frå både ferdsel og utbygging. Kartlegginga har ført til at fleire utbyggingsområde er tekne ut av planen eller fått justert avgrensing. Det er bestemt at kommunedelplanen skal overstyre fleire detaljreguleringsplanar med bakgrunn i denne kartlegginga. Detaljreguleringsplanane som no blir overstyrte av kommunedelplanen må opphevast gjennom ein eigen prosess.




Figur 1. Kart som viser kartlagde naturtypar med lokasjonskvalitet og kartlagde myrområde.

Enkelte naturtypelokasjoner blir ikkje tatt vare på i planen og er foreslått utbygde:


- FB16: I området gjeld reguleringsplan Torillstul/Håråldskar (04512014). Her er det regulert areal til fritidsbustader utover gjeldande kommunedelplan. I kartlegginga frå juli 2023 er det registrert naturtypar med viktig økosystemfunksjon og høg kvalitet i området. Det omfattar to lokalitetar med gamal granskog og liggande død ved, ein lokalitet med gamal granskog med gamle tre, og ein lokalitet med gammal naturskog dominert av gran. To av desse lokalitetane vil bli øydelagde dersom reguleringsplanen blir gjennomført, og to vil bli delvis øydelagde. Det er ikkje gjort endringar i avgrensinga av FB16 (tidlegare H12 og H1) i planforslaget. Det er vurdert at ei oppheving av reguleringsplanen kan få konsekvensar for pågående utbygging og vil gjere det svært krevjande å finne ei eigna vegtrasé gjennom området. I meklingsmøtet 04.03.2025 vart det semje om å oppretthalde området som fritidsbusetnad, trass i konfliktane med registrerte naturverdiar.



- Heis D (sambindingsheis): To naturtypelokasjonar vart registrerte i juli 2023 i delar av området som er regulert til sambindingsheis. Ein liten del av eit område med naturbeitemark kryssar området sett av til sambindingsheisen. Lokasjonen her er vurdert å vere av låg kvalitet. Naturbeitemark er ein raudlista naturtype. Store delar av den andre naturtypelokasjonen, Høgstaudegranskog, ligg i området regulert til sambindingsheisen. Lokasjonen er vurdert å vere av moderat kvalitet. Òg denne naturtypen er raudlista. Konsekvensen av ei oppheving av reguleringsplanen her vil vere at sambindingsheisen ikkje kan realiserast som planlagt. Konsekvensen for naturmangfald her kan vere at ein raudlista naturtype blir øydelagd.




- FB 8: I dette området ligg det ein mindre lokalitet med naturbeitemark av låg kvalitet. Området er endra i planforslaget, og gjeldande reguleringsplan er foreslått oppheva, men området er framleis foreslått utbygd. Det ligg omgitt av eksisterande bygningar og veginfrastruktur. Naturbeitemark er ein raudlista (sårbar) naturtype og vil bli øydelagd ved ei utbygging i dette området. I meklingsmøtet 04.03.2025 vart det semje om å oppretthalde området som fritidsbusetnad, trass i konfliktane med registrerte naturverdiar.





- FB11 (tidlegare H9): Ein sterkt truga naturtype med nasjonale og vesentlege regionale miljøinteresser ligg i utkanten av området. Det er ikkje planlagt direkte inngrep i sjølve naturtypen, men det er planlagt fysiske tiltak i buffersona og like ved. I tillegg er det foreslått ein tur- eller skiløypetrasé gjennom eit bestemningsområde som skal kople til andre traséar og lette ferdsla inn i det kartlagde området. Ei slik ferdselsåre vil kunne ha store negative konsekvensar for naturtypen. I meklingsmøtet 04.03.2025 vart det semje om å innføre eit rekkjefølgjekrav. Dette inneber at gjeldande detaljreguleringsplan må endrast for å ta betre omsyn til myra og naturtypen, før eventuelle tiltak kan setjast i gang.



Føresegne set øg krav om gjennomføring av naturmangfaldskartleggingar i reguleringsplan og bygesak der det ikkje er gjennomført.

Endringane som er gjort i planforslaget reduserer den samla negative verknaden på naturtypar med nasjonale eller vesentlege regionale miljøinteresser samanlikna med KDP Lifjell frå 2014.

#### Vassressursar og lausmasseressursar:

Det er mange vassførekommstar i området (bekker) med årsikker vassføring. Store delar av området omfattast òg av verneplanen for vassdrag. Det er gjort fleire grep i planen for å redusere verknader på vassførekommstar. Eit fritidsbustadområde er redusert. Byggegrense og forbod mot inngrep i kantvegetasjon er sikra i føresegne. Det er øg ei generell tilknytingsplikt til kommunal vass- og avløpsnett. Ingen registrerte førekommstar av byggjeråstoff og mineralressursar får negative verknader gjennom avsett arealbruk.

#### Kulturminne og kulturmiljø, og landskap:

Det er registrert eit kulturminne som er automatisk freda (kolframstillingsanlegg) ved Torillbekken. Kulturminna er sikra gjennom lov om kulturminne og er sett av med eiga omsynssone rundt.

Planområdet ber framleis preg av å ha vore eit område med tidlegare stølsdrift. Stølslandskapet er i

mindre grad bevart samla sett, men enkeltdelar som framleis er bevarte kan minne om den tida og har ein viktig lokal kulturmiljøverdi. Omsynet til lokal kulturmiljøverdi er i planen no sikra gjennom at ein har sett av omsynssoner rundt enkeltlokasjonar. Dette gjeld òg eit område på Jønnbu, som er eit viktig minne for den tidege turismen på Lifjell og eit godt bevart kulturlandskap. Planlagt utbygging på Bråten kan ha ein negativ verknad på desse enkeltlokalitetane. Nedre Bråten er sikra gjennom ei omsynssone, medan Øvre Bråten ligg i eit område med ein detaljreguleringsplan og kan bli øydelagt ved ei utbygging her. Med bakgrunn i at det ikkje føreligg ny kunnskap om Øvre Bråten enn ved detaljreguleringa av området har ein vald å behalde utbyggingsområdet her.

#### **Friluftsliv:**

Område Kalveliane (FB8) kan få en negativ konsekvens for friluftsliv. Det gjeng ein viktig tilkomst til løypenetett gjennom foreslått utbyggingsområde. Det opnast opp for omlegging av eksisterande løypetrasé under føresetnad av at kvalitetane for ski og friluftsliv ikkje forringast. Ei auka fortetting rundt løypetraséen i området kan likevel føre til svekking av kvaliteten for friluftsliv.

Omsyna for friluftsliv i planområdet er klart utvida i denne planen, med omsynssonar langs den kommunale markagrensa.

#### **Energiproduksjon:**

Nye arealføremål har ingen konsekvensar for energiproduksjon. Føresegne legg opp til at alternative energiformer vert vurdert i reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Føresegne skal òg gjere det enklare å installere solceller eller solfangar i planområdet.


#### **Klimagassutslepp:**

Konsekvensane for klimautslepp kan vere både utslepp som følgje av omdisponering av areal og utslepp som følgje av den nye bruken av areala. Omdisponering av areal frå myr, våtmark og skog til utbygging kan ha stor konsekvens for klimagassutslepp.

Fleire utbyggingsområde er tekne ut av planen og vil ikkje få endra arealbruken frå utmark, myr, skog til utbygd areal. Klimarekneskapet totalt sett i planen fører til ein teoretisk reduksjon av klimagassutslepp samanlikna med gjeldande plan (KDP 2014), men rekneskapen viser framleis at ein vidare utbygging av området vil bidra til ein auke av klimagassutslepp totalt sett.

Føresegne siker at det i reguleringsplanar skal visast grep og tiltak for å redusere klimagassutslepp, samt vise klimagassutslepp i eit arealrekneskap. Det er òg sikra i føresegnene at tiltak som kan føre til drenering av for eksempel myrområde ikkje tillatast innanfor ei omsynssone.

Kartet under viser kartlagde myrområde. I planen har ein forsøkt å ta omsyn til så mange av desse områda som mogleg. I fleire område (FB8, FB15, FB6) vil det truleg vere slik at myrområde blir øydelagde ved vidare utbygging. I FB8 er det eit myrområde av svært lite omfang, og det fungerer difor som eit mindre karbonlager. I FB6 finst det eit større myrområde, som truleg er relativt grunt. Det er allereie gitt byggjeløyve for ein veg i dette området, noko som truleg vil føre til at myrområdet her blir øydelagt. I FB15 er fleire myrområde allereie sterkt påverka av pågående utbygging. Nokre av desse er merkte med omsynssone i plankartet, men ikkje alle. Tiltaka som allereie er gjennomførte, og dei som er planlagde framover, vil truleg føre til at òg myrområda her blir øydelagde.



Figur 2. Kart som viser kartlagde naturtypar med lokasjonskvalitet og kartlagde myrområde.

### Transportbehov og trafikktryggleik:

Med fleire fritidsbustader i planområdet framover vil trafikkbehovet framover fortsette og auke, samtidig som terrengforhold og plassering av ulike målpunkt (fritidsbustader, skisenter, vinterland, Lifjellstua, fjellkyrkja, hovudparkering, stiar, skiløyper og akebakkar) tilseier at ein har ein del intern trafikkbehov for å lette trafikk mellom ulike målpunkt. Det er og fritidsbustader og andre målpunkt på begge sider av fylkesvegen. Det resulterer i at det finst fleire naturlege kryssingspunkt for mjuke trafikantar. Fartsgrensa på 80 og delvis uoversiktleg utforming av avkjøringar, samt høge brøyttekantar vinterstid bidrar til at trafikktryggleiken ikkje vurderast som bra nok. Eit av desse kryssingspunktta ligg ved området FB8 og tilkomst til løopenettet direkte i frå fylkesvegen. Ved ei vidare utbygging i området og ny detaljregulering, samt omlegging av løpetilkomsten ligg det eit potensiale her i planen for å forbetre trafikktryggleiken ved eit av dei naturlege kryssingspunktata.

For å redusere det interne trafikkbehovet er det sikra i føresegndene at det i reguleringsplanar må sikrast gode gangvegar (stiar og skiløyper) mellom fritidsbustader og andre målpunkt.

### Teknisk infrastruktur:

Det er sett krav om at teknisk infrastruktur er tilstrekkeleg etablert før ein kan bygge ut eit område. For dei fleste områda er konsekvensane av dette mindre omfattande. Eit unntak er FB12 og FB19. Her vil det ikkje vere realistisk å få etablert kommunal vatn og avløp til områda. Det er sett krav om ei alternativ løysning i føresegndene som skal utarbeidast av fagkunnig. Eksisterande fritidsbustadar skal kunne inngår i ei slik alternativ løysning.

### Folkehelse:

Fleire tidlegare utbyggingsområde er reduserte i denne planen. Særleg områda rundt tidlegare H8 og S1 (no FB19 og FB20), samt delar av tidlegare H4 (no FB15), kan ha positive verknader for å betre tilgangen til friluftsområde for folk flest. Det er likevel ikkje sett rekkjefølgjekrav i desse områda som sikrar tilgjenge gjennom heile anleggsperioden, noko som kan ha negative konsekvensar for folkehelsa. Attraktiviteten til områda kan òg bli noko redusert, sidan delar vil få dårlegare tilgjenge for allmenta.

Omsynssona for friluftsliv er no tydeleg utvida og omfattar store delar av planområdet.

For område FB8, Kalveliane, er det sikra i føresegne at dei kvalitetane området har for friluftsliv og skibruk ikkje skal forringast. Samtidig vert det opna for at ein sentral tilkomst til løpenettet kan leggast om, noko som kan betre tilgangen for folk flest.

**Målpunkt for barn og unge:**

Viktige målpunkt for barn og unge (som alpinsenter, skileikareala, samt nærfriluftsområder brukt i undervisning og av barnefamiliar) er bevart i denne planen.

**Samfunnstryggleik og beredskap:**

I planen er det gjort tiltak for å styrke samfunnstryggleiken. Naturlege flaumvegar er kartlagde og avsette som eigne omsynssoner i plankartet. Det er stilt krav om at tiltak mot skogbrann skal vurderast i reguleringsplanarbeidet, og aktsemdsområde og faresoner er synlege i plankartet. Eit område for fritidsbustader som ligg i faresone for ras og skred er framleis inkludert i planen, men det er sett eit tydeleg krav om utgreiing gjennom detaljreguleringsplan.

## Vedlegg

1. Innspel til planprosessen med kommentarar
2. Innspel til høyring av planforslaget.
3. Midt-Telemark kommune. 2023. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel (kvalitetssikring av Sweco AS)
4. Hertzberg, M.K. og Brynjulvsrud J.G. 2023. Naturtypekartlegging på Lifjell i Midt-Telemark kommune. Biofokus rapport 2023-089. Stiftelsen Biofokus. Oslo
5. Storm, H.N. og Løkka N. 2022. Videre utvikling av Lifjell. Innspill fra en spørreundersøkelse. Telemarksforskning, Bø.
6. Mimir AS 2022. Reiselivsfaglige vurderinger av svarene – tilleggsnotat til spørreundersøkelse.
7. Fremstad, M. 2023. Notat – Avrenningslinjer i KDP Lifjell. Sweco AS
8. Midt-Telemark kommune. 2023. Notat om bakgrunnskunnskap for friluftsliv på Lifjell – KDP område.
9. Midt-Telemark kommune. 2023. Notat om bakgrunnskunnskap landbruk – KDP Lifjell.
10. Midt-Telemark kommune. 2023. Notat om bakgrunnskunnskap for kulturmiljø på Lifjell-KDP område.
11. Midt-Telemark kommune. 2023. Notat: Verna vassdrag og kommunedelplan Lifjell.
12. Planprogram Kommunedelplan for Lifjell.
13. Meklingsprotokoll, 04.03.2025.

## Vedlegg 1 - Innspel til varsel om oppstart og planprogram med kommentarar

Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel om arealbruksendring til fritidsbustad	Kommunens merknad
1	9/8 6	Anne Gunn og Jan Reinert Kallum	Foreslår (1) alternativt område for cirka 8-10 hytter og (2) å skilje ut noverande hytta frå resten av eigendommen.	Området er ikkje tilrådd (sjå KU)
6	9/1 72	Therese Young	Har ei stor tomt, og ønsker derfor å leggje til rett for nokon fleire hytter og omregulere frå LNFR til fritidsbustad. Har også et ønske om vinterveg til området.	Det er ikkje anledning til å etablere tilkomstveg til området, slik arealbruken i området er i dag. Pga. omsyn til løpenettet og friluftsliv er det utfordrande med videre fortetting i Kalveliane. Kalveliane vert vurdert som eit område for fortetting i konsekvensutgreiinga. Området er tilrådd, men det stillast krav om felles planlegging for heile området i Kalveliane (sjå plankart og føresegner). Det vil si at ein ikkje kan byggje videre her, før det er godkjent ein ny detaljreguleringsplan for heile området.
9		Høgefjell AS v/Trygve Bjarkø	Det er viktig at området Høgefjell Syd blir værande i planen.	Delar av Høgefjell syd er svært bratte. Det er tilrådd å innsnevре området for fritidsbustad der det er hensiktsmessig, slik at ein unngår utbygging av infrastruktur eller bustad i terrenget brattare enn 1:3. Utbygging i terrenget brattare enn 1:3 vil ikkje bli tilrådd og er følgje opp i føresegnerne. Utbygging i svært bratt terrenget kan føre til store sår i landskapet. Det ble registrert en naturtype i området med sentral økosystemkvalitet og med høy lokalitetskvalitet. Ein utbygging som råker denne naturtypen er ikkje tilrådd.
9	10/ 10	Høgefjell AS v/Trygve Bjarkø	Foreslår eit nytt område i Torillstul/Aamotdalen med ca. 65 fritidsbustader, 5 frittliggende fritidsbustader (utan vegtilkomst), 4 områder for mikrohytter (utan vegtilkomst), 4 områder for mikrohytter (utan direkte vegtilkomst) og 1 kryssing av bekken med bru. I tillegg til omfattande vegenfrastruktur gjennom området, og store friområde og løypeplan (sommar og vinter).	Området er ikkje tilrådd (sjå KU)
11		Lifjell Hyttetomter AS v/Øystein Nordskog	Utvide H6 mellom Lifjelltunet og Grostul med nytt hytteområde på ca 28 daa og 23 hytter. Krever omlegging av skiløype, hvor høgspent legges i bakken (Midt-Telemark Energi). Lifjell løypelag stiller seg positivt til forslaget.	Området er ikkje tilrådd (sjå KU).
15		Lifjell Skisenter v/Per Hanstad	Nye utbyggingsområde – Bør skje frå parkering Jønnebu og nedover mot skaret på nordsiden av Lifjellvegen.	Det er kommet inn konkrete innspill om områder langs den aktuelle strekningen som vert vurdert i KUen
18		Svein Fossheim	Foreslår at det tillates utbygging av private fritidsbustader i S1 og S2	Sentrumsformål for S2 er oppretthold. S1 er delt opp i ulike formål, sjå plankart og planomtale.
18	9/4 67	Svein Fossheim	Foreslår eit nytt område for fritidsbustader i tilknyting til H8	Området er ikkje tilrådd (sjå KU)
34 og 38		Olav og Håkon Farnes	Re-establene H5 og H9 gjennom marknadstilpassa utbygging i sentrumsområdet, vest for Jønnbu hytteparkering. Avgrensar av fylkesvegen i vest og syd, av regulert heis i nord og Jønnbulia/Jønnbu, inkludert 9/200 og 9/201, i øst.	Reetablering av H5 og H9 er ikkje tilrådd (sjå KU). S1 er delt opp i ulike formål, sjå plankart og planomtale.

15		Per Hanstad	Jønnbulia, Høgefjell mv. er aktuelle fortettingsområder. Heilt nye utbyggingsområde bør ligge i området fra parkeringa ved Jønnbu og nedover mot Skaret på nordsida av Lifjellvegen. Det bør ikke etablerast nye utbyggingsområde høgare opp enn det som allereie er regulert. Området fra parkeringa på Jønnbu og vestover/nordover bør framleis vere regulert til LNF-område, skiløyper/stiar og alpinnedfarter/heiser.	Fleire områder på nordsida av Lifjellvegen vert vurdert i konsekvensutgreiinga, men er ikkje tilrådd (sjå KU). Det leggast ikkje til rette for nye utbyggingsområde vestover/nordover.
5 og 30	9/1 66	Liv Haglind og Stian Haglind Bakke	Omregulere 9/166 frå LNFR til fritidsbustad. Viser til moglegheit for å kjøpe vegrett og kople seg på vatn og kloakk.	Området er tilrådd (sjå KU)
27	10/ 121	Hans Hafskolt	Omregulere 10/121 frå næringsareal til fritidsbustad. Meiner at skitrekket blei plassert på tomta utan samtykke/varsle, som seinare blei retta opp i en jordskiftesak.	Det vurderast som delar av innspelet er privat rettslege forhold. Disse vert ikkje vurdert. Arealbruken vert konsekvensutgreidd, men området er ikkje tilrådd (sjå KU).
44		Bjørn Davidsen	Ønsker moglegheit for fortetting i eksisterande hytteområde, eksempelvis Jønnbu/Kalveliane	Kalveliane vert vurdert som eit område for fortetting i konsekvensutgreiinga. Området er tilrådd, men det stillast krav om felles planlegging for heile området i Kalveliane (sjå plankart og føresegner). Det vil si at ein ikkje kan bygge videre her, før det er godkjent ein ny detaljreguleringsplan for heile området.
23	9/8 6	Geir Tore Langås	Har behov for å utbetre "gamle kiosken" for å ivareta konstruksjonen. Det er ønskeleg å oppgradere hytta til ein meir funksjonell standard, for eksempel ved å utvide inntil 50 kvm, etablere soverom og et funksjonelt kjøkken.	Føresegner for LNF blir i stor grad vidareført. Det vil si at oppføring av nye eller vesentleg utviding av eksisterande fritidsbustader ikkje er tillate. Erstatningsbusstad (til dømes som følge av brann, alderdom eller liknande) til eksisterande fritidsbustad kan tillatast.
Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel om arealbruksendring til næring	Kommunens merknad
15		Per Hanstad	Viktig å behalde noko areal til framtidig næringsbygg i forbindelse med Vinterland-bygget. Dette kan være på den vesle kollen nordvest/rett bak Vinterlandbygget.	Området er tilrådd (sjå KU)
Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel om arealbruksendring til andre utbyggingsføremål/infrastrukturformål	Kommunens merknad
45	18/ 6	Alf Hans Hørte/Lars Johan Gylder	Gjere om gammal skistall til foreningshus.	Området er tilrådd (sjå KU)
15		Per Hanstand	Alle 8 alpinheiser bør stå i den nye planen. Høgast prioritet har D og F.	Heis D og F, samt tilhøyrande nedfarter, vidareførast i planen. Det er registrert en viktig naturtype i området for heis D. Kommunedelplanen overstyrer reguleringssplanen i dette område. Heisområde (G, H, J, K) og ein område satt av til kombinert formål i samband med dette vidareførast ikkje i ny plan. Bakgrunn til dette er at store delar av heisområdet vil komme i konflikt med §11 om kantvegetasjon i vassressursloven.
15		Per Hanstand	Meiner det er et behov for flere arealer for ulike familieaktiviteter sentralt på Lifjell (aking og annen lek)	Areal som er sett av for leik og aking (idrettsanlegg/alpinområde) vidareførast. Det er også satt av ein nytt areal til aking og lek i tilknyting til Vinterland.
15		Per Hanstad	Ønsker at S1 blir delvis omregulert til rekreasjonsareal. Gjelder da området frå tjernet, over området mellom parkeringsplassane og opp lia vest for Vinterlandbakken. Bør revurdere om området skal være regulert til fritidsbustader med utleigeplikt. Våt-/myrområde må ikkje byggast ned.	Området rundt tjernet er satt av til fritids- og turistformål. Området vest for Vinterlandbakken er delvis satt av til idrettsanlegg/alpinområde (aking og lek). Myrområdet, som ikkje er omfatta av pågående utbygging, er satt av til blågrønnstruktur. Det er satt av areal til å retablere tidlegare rundløype gjennom tidlegare S1. Ørvig delar av S1 er i alt hovudsak satt av til parkering (sjå plankart, føresegner og planomtale)



7	Nutestul Velforeining, Høgefjell Veilag og Grostul Velforening	Som konkret innspel bør moglegheitene for utbering av øvre del av Krintotraséen og videre oppover mot Glete vurderast. Tilsvarande bør ein sjå på om det er mogleg og etablere meir robuste løyper frå Anebuflåtin, opp øst for Anebunatten og videre oppover Oksla, som moglegger løypekjøring på mindre snø, så vel som moglegheitene for enkelt tilkomst til fjellet sommarstid.	Nye løypestraséar/stiar, som ikkje er tatt i bruk i dag, vert ikkje vurdert i planarbeidet. Innspelet takast med vidare til arbeidet med ein ny sti- og løypeplan for heile kommunen.
8	Lifjell Snøscooterklubb	Ønsker at det leggast inn ein framtidig løypestrasé frå Jønnbu området som evt. kan koplast saman med det planlagde løypenetet ved Hollane.	Det er ikkje anledning til å legge til rette for auka motorisert ferdsel igjennom dette planarbeidet. Innspelet tas med videre til arbeidet med ein ny sti- og løypeplan for hele kommunen.
9	Høgefjell AS v/Trygve Bjarkø	Alpinsatsing bør vidareførast. Meiner at det nå er grunnlag for vesentleg tilrettelegging for en slik satsing framover.	Heis D og F (nå heis C), samt tilhøyrande nedfarter, vidareførast i planen. Heisområde (G, H, J, K) og ein område satt av til kombinert formål i samband med dette vidareførast ikkje i ny plan. Bakgrunn til dette er at store delar av heisområdet vil komme i konflikt med §11 om kantvegetasjon i vassressursloven.
10	Lifjell Løypelag	Framhevar viktigeitene av utviklinga av løypenetet på Jønnbuplatået, som er noko mindre utsett for vêr enn høgfjellet. Det må settast av fleire areal til traséar for skiløyper og tursti, samt til skileikområde.	Det er satt av areal til å retablere rundløypa gjennom tidligere S1. Det er satt av eit område til idrettsanlegg (f.eks. til skileik/aking) i tilknytning til Vinterland. Øvrige områder som er satt av til dette formålet er vidareført. Det er med dette satt av fem områder til dette føremålet innanfor planområdet.
12	Bø Turlag	Ønsker stiar/løyper med minst 25 meter grøntareal (naturlig vegetasjon) på kvar side, og ingen hytteutbygging inntil stiar og løyper. Ønsker ikkje nedbygging av fleire topper og koller. Dette for å sikre moglege rasteplassar med utsikt langs løyper og stiar utan å komme i konflikt med hyttefolket. Det må gis løysningar for vegane der skiløypene kryssar grusvegar. Dette kan være skitunnelar, bruer eller andre tiltak som sikrar at man ikkje må ta av skiene ved krysning av veg.	Det leggast ikkje opp til ny utbygging langs eksisterande stiar og løyper med unntak av området nord i Kalveliane - her sikrar føresegnene har kvaliteten for ski- og friluftsliv ikkje forringast ved ein eventuell omlegging av løypa. Det er satt av areal i tilknyting til Vinterland bygget til næring. I dette område er det ei kolle som er mykje brukt i samband med drift av skianlegget. Det er gitt nokre føresegner som skal sikre at moglegheitene for aktivitet i dette området ikkje forringast. Det er ikkje anledning å gjere noko med eksisterande krysningar av veg/skiløypa i dette planarbeidet. Men det tilretteleggjars ikkje for fleire slike krysningar. Innspelet tas også med videre i arbeidet med ein sti- og løypeplan for heile kommunen.



12	Bø Turlag	For å sikre beitenæringer på Lifjell forslår Bø turlag (1) det må etablerast en markagrense på kote 800 m i botnen av Krintokleiva. Områdene utanfor grensa bør bandleggast/fredast, og kompensasjon for grunneigar må vurderast. (2) Jønnbuflåtin, myra vest for hyttefeltet og skrånninga opp mot Bøkstulnatten bør fredast/bandleggast til friluftsformål. (3) Nedste del av Krintokleiva er skjerma mot vind og bør tilretteleggast for skileik. Dette inkluderer bla. Kalveliene og Solskinsdalen som ligg inn under område F1 i eksisterande kommuneplan. (4) Ingen hyttebygging utanfor markagrensa frå botnen av Krintokleiva og oppover, og ingen hytter ovanfor eller utanfor eksisterande hyttefelt. (5) Det må sikrast gode tursti og løypetraséar innover fjellet som leder folk utan å komme i konflikt med naturinteresser og beitebruk. (6) Ingen veg byggast opp Krintokleiva og Gleksæ. (7) Ingen fleire skiheiser etablerast, med unntak av samanbindingsheisa som er under arbeid. (8) All vidare hyttebygging skjer ved fortetting	1) Ein kommune har ikkje anledning å gi områder varig vernestatus. Kommunen har anledning å innføre ein communal markagrense. Ein communal markagrense er retningsgivande med ikkje bindande og kan enten markerast gjennom ein ikkje juridisk linje eller omsynssone. Det er valt her å utvide eksisterande omsynssone for friluftsliv. Det er arealformål som er bindande, det opnast ikkje for nye utbyggingsområde vest eller nord for eksisterande bygnadar. 2) Delar av myra, som ikkje er satt av til løype eller alpin er satt av til blågrønnstruktur. Føresagnene knytt til arealformåla i området skal sikre at inngrep i myr ikkje førar til endringar i hydrologien. Tidlegare H8 er tatt ut av planen og området med eksisterande hytta er omgjort til LNF-spreidd med ein kvote på null. 3) Det er satt av eit område til skileik i botnen av Krintokleiva, i Kalveliane, i samband med Vinterland, på Grostul, og ved H7/Jønnbuflåtin. Innspel om eit nytt areal for skileik i Solskinsdalen tas med videre til arbeidet med sti- og løypeplan for hele Midt-Telemark kommune. 4) Sjå 1). Områder med eksisterande hytta utanfor hyttefelt og utan vegtilkomst er omgjort frå fritidsbustad til LNF-spreidd med ein kvote på null. Det var vanleg før at ein ha "rydda" opp og lagt eigendommar med eldre hytter utan vegtilkomst i kartet med fritidsbustad formål. Det er ikkje hensiktsmessig, sidan overordna plan da legger opp til fortetting i eit område utan eksisterande vegtilkomst og utan at konsekvensane av å opne opp for meir hytteutbygging i ei slik område er tilstrekkeleg utgreitt. Til dømes kan mangel på vegtilkomst til eit større hytteområde ha betydelege konsekvensar for tenester, som f.eks. heimesjukepleie og linkande, som kommunen er pålagt å yte også for hytteeigarar. 5) Det er ikkje lagt inn nye sti- og løypetraséar. Det er heller ikkje fortatt ein kartlegging av naturmangfold i disse områder, sidan områder som er under høy utbyggingspress vert prioritert i denne omgang. Innspelet tas med videre til arbeidet med ein sti- og løypeplan for heile Midt-Telemark kommune. 6) Det opnast ikkje opp for bygging av veg opp til høgfjellet. 7) Store delar av tidlegare alpintraser er tatt ut av planen med bakgrunn i at arealbruken kom i konflikt med vassressursloven. Heis C (tidlegare heis F) og sambindingsheisen (heis D) blir vidareførte i planen. Det er ønskeleg å støtte opp under aktivitetene og drifta til skisenteret/vinterland (viktig og populært tilbod for både lokal befolkning og besökande) og at drifta har moglegheiter igjen til videre utvikling i framtida. 8) Det opnast ikkje opp for nye områder for fritidsbustader i planen. Fleire områder for fritidsbustad, som ikkje vert realisert er teken ut av planen av omsyn til naturmangfold, klima og landskap. Planen legg til rette for vidare fortetting i Kalveliane (ovanfor F1) og viser særleg til planreserven i områdene H19/H10 (tidlegare H10/H11), H3 (tidlegare H4) og H2 (tidlegare H12),
14	Kjersti Helene Kvammen	Ønsker (1) flere løyper som ikke kommer i konflikt med hytter eller veg, og (2) å legge en sløyfe helt ut på Jønnbuflåtin, enten ved å tilføye en ekstra sløyfe på gul løype eller ved å utnytte myra i bunn av Solskinsdalen til ulike sløyfer (evt lysløype). Vil også at (3) skiheiser øst for Bøkstulnatten og opp Skårfjellholmen skal ut av planen.	1) Det leggast ikkje opp til nye kryssingar mellom veg/sti/løype. 2) Det er lagt inn areal som kan føre til at den tidlegare rundløypa på Jønnbuflåtin kan reetablerast. Lysløypa er teken ut av planen med bakgrunn i ein allereie problematisk lysforureining i området. Innspelet tas med videre til arbeidet med ein sti- og løypeplan for heile Midt-Telemark kommune. 3) Skiheisen i dette området er teken ut av planen med bakgrunn i at arealbruken kjem i konflikt med vassdragsloven.



17	Bø og Sauherad Røde Kors	Ønsker (1) at det legges til rette for en evt utvidelse av vaktbasen i Krintovegen 32, (2) eit ega treningsområde for skredtrening, og (3) flere tilrettelagte stier for bevegelseshemmede personer. Etterlyser også enkel tilkomst og forflytting i løypetrassene og 4) helikopterlandeplass langs veg/parkering.	1) Området ligg i ein regulert område. Det vurderast slik at det er moglegheiter for utviding av eksisterande bygg med bakgrunn i gjeldande plan. 2) Kommunen har etterspurt ytlegare informasjon om dette punkt, men har ikkje fått svar. Det er kommunen sin oppfatning at skredtrening kan utførast i LNF område utan at det settast av areal til andre formål. 3) Innspelet tas med videre til arbeidet med ein sti- og løypeplan for heile Midt-Telemark kommune. 4) Kommunen vurderer det slik at arealet sett av til hovudparkering er stort nok til å kunne brukast som landingsplass for redningshelikopter ved behov. Det verkar ikkje naudsint å sette av eit eige areal her, da eit redningshelikopter uansett vil forsøke å lande så nærmre skadestaden som mogleg.	
22	Lifjell Beitelag	Ønsker at ikkje-utbygd alpinanlegg tas ut av kommunedelplanen	Heis D og F (nå heis C), samt tilhøyrande nedfarter, vidareførast i planen. Heisområde (G, H, J, K) og ein område satt av til kombinert formål i samband med dette vidareførast ikkje i ny plan. Bakgrunn til dette er at store delar av heisområdet vil komme i konflikt med §11 om kantvegetasjon i vassressursloven.	
24	9/2 64	Helle Dønvik og Tomas Krafft	Dagens LNF-områder ønskes vidareført i ny plan. Urealiserte heistrasser, bortsett frå sambindingsheisen, ønskes ikkje vidareført av omsyn til natur, miljø og beitedyr.	Heis D og F (nå heis C), samt tilhøyrande nedfarter, vidareførast i planen. Heisområde (G, H, J, K) og ein område satt av til kombinert formål i samband med dette vidareførast ikkje i ny plan. Bakgrunn til dette er at store delar av heisområdet vil komme i konflikt med §11 om kantvegetasjon i vassressursloven. Det leggast ikkje opp til nye utbyggingsområde i planforslaget.
35	Tor Henning Forberg, Gunnar Amundsen og Kristin Sarmon Gundersen	Fleire skileikområde i området rundt Jønnbu og Krintofjellet bør sikrast mot utbygging i planen	Det er i alt satt av fem slike områder i planforslaget (sjå plankart og føresegner).	
43	Visit Bø	Viktig å sikre større parkering på Jønnbu og legge til rette for lading av elbilar	Kommunen vurderer at arealet satt av til parkering er stor nok til å imøtekomme dagens behov. Tidlegare områder for fritidsbustader utan vegtilkomst er gjort om til LNF-spreid med ein kvote på null. Ein vil dermed ikkje har moglegheit til å bygge fleire fritidsbustader utan vegtilkomst og ein vil dermed ikkje auke behovet for langtidsparkeringsplassar. Det kan vere naudsint med tiltak som aukar utnytting på hvoudparkeringa. Dette arbeidet kan gjerast uavhengig av dette planarbeidet. Arealbruken i planen avgrensar ikkje lading av elbilar i områder sett av til fritidsbustad, næring, parkering, privat- og offentleg tenesteyting. Om kommunen bør tar ansvar for etablering av ladestasjonar kan ikkje vurderast i dette planarbeidet	
42	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsattast som omsynssoner i plankartet (tbl. § 11-8 d/H740). Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til tbl., og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur ettertbl. § 11-7 nr. 2.	Det er kun distribusjonsnett i planområdet	
42		Vårbusvingen ønskes merket som utsiktspunkt med nedsett fartsgrense. Mange biler som stopper her	Viser til dialog med fylkeskommunen. Det er ikkje aktuelt per i dag å sette ned fartsgrensa på Fv3332.	
<b>Nr</b>	<b>G/b nr.</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Innspeil om arealbruksendring frå utbyggingsføremål til LNF</b>	
			<b>Kommunens merknad</b>	

41	Arnfinn Moe Hansen	<p>Meiner (1) at H8 ikke bør bygges videre på. Dette har/er et stort myrområde med mye vann. To bekker leder vann vekk frå myra, men det er knytt fleire utfordingar til disse bekkena som bla. stadig flaumproblematikk.</p> <p>Meiner (2) at bekkeløpa må teiknast inn i plankartet. Stripa i H8 rundt bekane må gjerast om til LNF (viser til film og kart).</p> <p>3) Meiner at fareområdet for ras i H8 må utvidast syd-vestover rundt Bøkstulnatten i retning mot H7. Det bør ikkje byggas ut meir i dette området. 4 )Med bakgrunn i klimaosyn bø myrområde bli verande urørt. H8 omtales også som 5) beiteområde for sau om viktig område for en stor harebestand, samt lirype og orrfugl.</p>	<p>1), 4) og 5) Utbyggingsområde i dette området er foreslått lagt til LNF. Området med eksisterande hyttar, men utan vegtilkomst er foreslått lagt til LNF spreidd med ein kvote på null. 2) Det er lagt eit eige notat rundt vassproblematiken her (sjå vedlegg til planen). 3) Det er NVE som har ansvaret for aktsemråde for skred.</p>	
Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel til føresegner	Kommunens merknad
15	Per Hanstad	<p>Meiner (1) at ny kommunedelplan bør innehalde meir detaljer knytt til estetisk utforming av hytteområde. Dette inkluderer materialval, fargebruk, terrengrilpassing og utebelysning mv. Meiner (2) at bestemmelsane for størrelse på hyttene bør bli meir fleksible. Bør være mogleg å bygge noko større hytter dersom tomten er stor.</p> <p>Foreslår alternativ til dagens bestemmelser: benytte utnyttelsesgrad og ikke en konkret kvadratmeterbegrensning.</p>	<p>1) Det er satt meir detaljerte krav til landskap og estetikk i ny kommunedelplan, samanlikna med både kommuneplanens arealdel og eldre Lifjell-plan. Etter ny plan skal vegar leggjast med god terrengrilpassing for å unngå store vegskjeringar, og naturleg vegetasjon skal takast vare på så langt som råd. Det er innført ein detaljert føresegn om gjerdebruk og lyskjelder. 2) Føresegne for utnytting er vidareførte i tråd med kommuneplanens arealdel. BYA – maks er eit eksakt mål. Dersom ein brukar BRA eller % BYA på tomta vil dette medføre større tomter og mindre utnytting av areal totalt sett. Storleiken på fritidsbustad er vanskeleg å regulere og må då regulerast gjennom maksstorleik eller maksstorleik på tomter. Det er ikkje ynskeleg med ein meir fleksibel grense i områder sett av til private fritidsbustader. Det vurderast som vanskeleg å innfri krava om landskapstilpassing og estetikk om det blir tillat større bygningar i desse områda. Det er sett av areal til sentrumsformål (tidlegare S2). Her vil det vere mogleg å etablere større bygningar til kommersiell bruk.</p>	
2	Lisa Mørkås og Åsmund Dagslet	Ønsker at reglene rundt utnytting av tomt harmoniserast i dei ulike hyttefeltet.	<p>Som hovudregel gjeld reguleringsplanen før kommunedelplanen for Lifjell (føresegne nr 1.2). Det vil seie at føresegne for utnytting gjelder i KDP Lifjell gjelder kun for nye reguleringsplanen, dersom ikkje annet er angitt i føresegne 1.2. Ein må søke om reguleringsendring dersom ein ønsker at dette også skal gjelde for eit område med ein reguleringsplan vedtatt før denne dato. Dette fordi planlegginga er føretatt med bakgrunn i ein annan utnyttlingsgrad. Det er naudsynt å vurdere ein eventuell endring av dette i eldre planer i kvar enkelt tilfelle.</p>	



7	Nutestul Velforening, Høgefjell Veilag og Grostul Velforening	<p>1) Ber om at det tas spesielt omsyn til krav om biologisk mangfold, miljømessige påverkingar, landskap og friluftsmessige forhold i det videre arbeidet. Dette må vektleggast tungt dersom eksisterande LNF-områder omdisponerast. 2) Kommunen bør videre stille sterke krav til faktisk utbygging av skiløyper/stiar i form av rekkefølgekrav som påleggast utbygg. Dette for å sikre at løyper faktisk blir realisert og ikke minst at kommunen stiller større krav til plassering av løyper. 3) Gjerdeforbod bør opphevast som følge av sterk fortetting og fjerning av naturlig vegetasjon. Setter følgende forutsetninger:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Gjerde skal ikke hindre allmenn fri ferdsel</li><li>• Gjerdene skal vere utforma slik at det ikke er representerer en fare for menneske eller dyr, f.eks. ved at det kun er tillat med skigard.</li><li>• Gjerde avgrensast til maksimalt 30-50 % av tomtgrensen og avgrensa til maksimalt tre sider av den aktuelle hyttetomten.</li><li>• Fullstendig inngjerding av tomter/areal tillatast ikke da dette kan innebere at dyr stenges inne med det stress og fare det kan medføre.</li><li>• Gjerde skal ikke være til hinder for trafikk eller nødvendig drift og vedlikehald av veg, vann, elektrisitet og avløp</li><li>• Oppsett av gjerde skal avklarast med-, og skje med samtykke frå rørte hyttenaboer. 4) Meiner at det ikke er behov for utleigeplikt for private hytter og at utleigemarknaden i dag fungerer svært bra. 5) Etterlyser bestemmelser som hindrar unødig lysforureining (f.eks. lyskjelder som peiker nedover)</li></ul>	<p>1) Det er utført ein kartlegging av naturmangfald i store delar av planområdet der det er vurdert videre utbygging. Naturmangfald, landskap og friluftsliv inngår som egne tema i konsekvensutgreiinga (sjå KU). 2) Det er ikkje planlagt nye krysningar av løype/sti/veg. 3) Gjerde tillatast og gjelder for alle fritidsbustader i planområdet (sjå føresegner 1.10 og 1.2). 4) Det innførast ikkje nye områder med utleigeplikt, tidlegare S1 område får delvis nytt arealbruk (sjå plankart). 5) Det innførast ein ny føresegen som skal bidra til å redusere lysforureining. I tillegg er lysløpetraséen som vert sett av i tidlegare plan tatt ut.</p>
9	Høgefjell AS v/Trygve Bjarkø	Nye hytteområde må ikke komme i konflikt med eksisterande skiløyper og turområde.	Det er ikke lagt til rette for fleire krysningar mellom skiløype/sti/veg
10	Lifjell løypelag	Kommunen bør stille strengare krav til utbygger når det gjelder plassering og opparbeiding av løypetraséar, samt omlegging av eksisterande trasear dersom det blir nødvendig. Nye kryssingspunkt mot vegar må ein unngå. Kravet om at alle tomtekjøparar/hytteeigarar må bidra med løpande kontingen til Løypelaget må videreførast.	Det er ikke lagt til rette for fleire krysningar mellom skiløype/sti/veg. Føresegnene om kryssingspunkt mellom veg og skiløype er i stor grad vidareført (sjå føresegner 1.16 d). Kryssing av veg og skiløype tillatast ikke. Kontingent til løypelaget og eventuelle avtaler/krav rundt dette er privatrettsleg. Kommunen kan ikke stille eit slik krav.
12	Bø Turlag	1) Det må avsetas areal til brede, grønne korridorer langs skiløyper og stiar med minst 25 meter på hver side. Ingen hyttebygging inntil stiar og løyper. 2) Ønsker ikke nedbygging av fleire topper og koller. Dette for å sikre moglege rasteplassar med utsikt langs løyper og stiar uten å komme i konflikt med hyttefolket. Det må gis løysinger for vegane der skiløypene krysser grusvegar. Dette kan være skitunnelar, bruer eller andre tiltak som sikrar at man ikke må ta av skiene ved kryssing av veg.	Det leggast ikke opp til ny utbygging langs eksisterande stiar og løyper med unntak av området nord i Kalveliane - føresegnene skal sikre at kvaliteten for ski- og friluftsliv ikkje forringast ved ein eventuell fortetting her. Det er satt av areal i tilknyting til Vinterland bygget til næring. I dette området er det ei kolle som er mykje brukt i samband med drift av skianlegget. Det er gitt nokre føresegnere som skal sikre at moglegheitene for aktivitet i dette området ikkje forringast. Det er ikke anledning å gjere noko med eksisterande kryssingar av veg/skiløypa i dette planarbeidet. Men det leggast ikke til rette for fleire slike kryssingar. Innspelet tas også med videre i arbeidet med ein sti- og løypeplan for heile kommunen.

12	Bø Turlag	Ønsker belysningsplan og regulering av belysning.	Det er innført nye føresegner som skal sikre at lysforureining reduserast (sjå føresegner 1.9 og 2.1.2 j). Tidlegare trase for lysløype er tatt ut av planen av omsyn til lysforureining. Det er også innført ein ny føresegn knytt til bygningar og anlegg 2.1.2 e) som seier at vindauge må utformast slik at det tek omsyn til synleghet og refleksjon. Eigen lysplan vert ikkje vurdert i planarbeidet
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Forbod mot nye enkeltavkøyringar vidareførast i ny plan	Sjå føresegner 1.5.5 a)
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Evt. krysningar av løyper og fv må planleggast planfritt.	Sjå føresegner 1.16 d)
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	I føresegner for plankrav til nye områdar som skal detaljregulerast må det settast krav til at ein ved utarbeiding av reguleringsplanar i størst mogleg grad ryddar opp i eksisterande avkøyrlar og parkeringslommar langs fylkesvegen. Det må og stillast krav til at nye kryss og andre tiltak mot fylkesvegen må planleggjast i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming.	Sjå føresegner 1.5.5 b)
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Klimaomsyna bør inkluderast i reguleringsføresegogene. Oppmodar til å ta inn reduksjon i klimagassutslepp som eit tydeleg tema i reguleringsplanen. Den planlagde vurderinga av moglegheitene for å setja krav til miljøvennlege energikjelder og energieffektive bygg, fell inn under dette temaet. Klimavennleg materialbruk og tilrettelegging for ladepunkt for el-biler er dømer på andre tiltak som kan vurderast. Tilrår å setje krav til miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester, samt lavt klimafotavtrykk for heile leveransen ved innkjøp av byggeprosjekter	Sjå føresegner 1.18.1, 2.1.1 d), 1.16. a)
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Hytter og infrastruktur i reguleringsplan bør leggjast utanfor område med myr. Se den regionale klimaplanen.	Sjå føresegner 1.16. a). Myr vert kartlagt i de mest sentrale områdane i planen (sjå rapport frå Biofokus, naturtypekartlegging 2023). Myra er i stor grad sett av med omsynsone der det verker hensiktsmessig. Deler av planen vert endra for å ivaretake fleire områder der det vert registrert myr (sjå plankart og planomtale). Det er tatt omsyn til beitedyr i planarbeidet. Det har inngått som eige tema i konsekvensutgreiinga for nye områder. Det er gjennomført et eige medverknadsmøte med beitenæringer underveis i planarbeidet. Det er innført ein ny føresegn og retningslinje knytt til gjerdebruk (sjå føresegner 1.10). Det er innført ein ny retningslinje angående tinglysing av beiteretten på fritidseigedommar knytt til fritidsbustader (sjå føresegner 2.1.2 og 2.1.3).
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Vurder bevaring av lokale kulturminne, føresegner mot riving osv.	Det er ikkje kjennskap til lokale kulturminnet i planområdet, der en slik bevaringsstrategi kan verre aktuelt.
14	Kjersti Helene Kvammen	Ønsker betre ivaretaking av beitenæringen og vidareføre gjerdeforbodet.	Det er tatt omsyn til beitedyr i planarbeidet. Det har inngått som eige tema i konsekvensutgreiinga for nye områder. Det er gjennomført et eige medverknadsmøte med beitenæringer underveis i planarbeidet. Det er innført ein ny føresegn og retningslinje knytt til gjerdebruk (sjå føresegner 1.10). Det er innført ein ny retningslinje angående tinglysing av beiteretten på fritidseigedommar knytt til fritidsbustader (sjå føresegner 2.1.2 og 2.1.3).



20	Reidun Helene Slåttedalen	Opptatt av beitenæringen og ønsker forbod mot trampoline, fotballnett og lignende som kan utgjøre en fare for dyra på fjellet. Er positive til gjerdebruk, dersom det ikke er negativ for beitedyra. Ønsker bestemmelser som hindrar lysforureining. Det bør sikrast straks beplanting etter gjennomført inngrep, slik at det ikke blir stygge sår i naturen.	Det er tatt omsyn til beitedyr i planarbeidet. Det har inngått som eige tema i konsekvensutgreiinga for nye områder. Det er gjennomført et eige medverknadsmøte med beitenæringa undervegs i planarbeidet. Det er innført ein ny føresegns og retningslinje knytt til gjerdebruk (sjå føresegner 1.10). Det er innført ein ny retningslinje angåande tinglysing av beiteretten på fritidseigedommar knytt til fritidsbustader (sjå føresegner 2.1.2 og 2.1.3). Plassering av mindre innretningar til fritidsbruk, f.eks. berbare telt, fotballnett, mindre basseng (obs. tryggleiksreglar i TEK), trampoline, hoppeslott og selskapstelt reknar ein ikke å vere omfatta av plan- og bygningsloven. Det er innført ein ny føresegns som skal dempe lysforureining (sjå føresegner 1.9). Området satt av til lysløype i føriige plan er tatt ut (sjå plankart og planomtale). Føresegner knytt til landskap og estetikk er vidareført og oppdatert i tråd med kommuneplanens arealdel (sjå føresegner 1.15. og planomtale).
22	Lifjell beitlag	Foreslår å tillate inngjerding av et lite areal rundt hyttene som er egna til å holde sau ute.	Det er innført ein ny føresegns og retningslinje knytt til gjerdebruk (sjå føresegner 1.10).
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Vi anbefaler at det i overordna planar blir tatt med rekkefølgjekrav i planføresegnene som sikrar tilkopling til avløpsanlegg med tilstrekkeleg kapasitet som blir drifta innanfor løyve etter forureiningslova. Tilknytingar til avløpsanlegg som ikke overheld reinsekrav eller ikke har kapasitet medfører ulovleg forureining, uavhengig av storleiken på anlegget og kven som er mynde.	Sjå føresegner 1.4.1 og 1.5
37	Lars Thedin og Inger Bjørkaas Thedin	Ønsker ombygg av hytte på Lifjelltunet for å tilpasse den rullestolbrukarar. Meiner at dette er eit føremål som bør inn i ny plan. Kommunestyret har avvist forslaget tidligare, men nå er forslaget å bygge ut hytta med to takstolar på 120 cm, for å få plass til større bad og soverom.	Sjå føresegner 1.12 om universell utforming. I dette området har det vert en eldre reguleringsplan. Reguleringsplanen gjelder framfor kommunedelplanen med mindre annet er angitt i føresegnehene. I planarbeidet vert det vurdert som hensiktmessig at gjeldande reguleringsplan i dette området opphevast med bakgrunn i klimaomsyn (sjå planomtale og føresegner). Eit slik tiltak som skildra bør avklarast på reguleringsplannivå innanfor rammene som overordna plan gir. Overordna plan legg vekt på at universell utforming av bygg skal prioriterast framfor spesialløysingar.
30	Miljøhygienisk avdeling	Miljøhygienisk avdeling anbefaler at det tas inn et krav i planen om at tilknyting til offentleg vann- og avløpsleidning etter pbl §27-1 og 27-2 andre til fjerde ledd også skal gjelde for fritidsbustader. I dei områda som ikke blir dekt av kommunalt avløp anbefaler vi at det utarbeides VA-plan for områdene. Dersom hyttefeltet skal ha høy sanitær standard, skal det i reguleringsplanen leggas inn bestemmelser om at det skal det foreligge godkjent VA-plan før det kan gis tillatelse til tiltak. VA-planen skal vise korleis vannforsyning og håndtering av avløpsvann skal løses i planområdet, og planen skal legges til grunn for senere detaljprosjektering. Etablering av vann- og avløpsanlegg skal skje i samsvar med godkjent VA-plan for hele planområdet.	Krav om tilknyting til offentleg vass- og avløpsleidning etter pbl § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd, gjeld også for fritidsbustader, jf. pbl § 30-6 (sjå føresegner 1.5.1). Det er stilt krav om VA rammeplan (sjå føresegner 1.5.3)



40	Statens Vegvesen	Det bør utarbeidast utfyllande avgjærder og retningslinjer til kommunedelplanen med tanke på rekkefølgekrav (tbl § 11-9 nr. 4). Det må klart gå fram av avgjerdene at rekkefølgekrava sikrar tilfredsstillande kapasitet på vegnettet og trafikksikker framkomme for køyrande, syklistar og fotgjengarar og dessutan tilfredsstillande teknisk infrastruktur. Med infrastruktur blir mellom anna meint køyreveg, gang- og sykkelveg, parkering, avløp, overvann og energiforsyning.	Sjå føresegner 1.4.1	
Nr	G/b nr.	Avsender	Øvrige innspel som ikkje krev føremålsending	
2	18/ 6	Lisa Mørkås og Åsmund Dagslet	Ønsker fartsgrense på 50 km/t frå Skaret/Gapet og på 60 km/t frå Bø Camping. Mange krysningar mellom løyper og veg opplevast som negativt, og fleire krysningar bør ein difor unngå. Ønske om felles renovasjon med sortering, f.eks. ovanfor gamle Lifjell Hotell.	Det har vært ein dialog med vegeigar (fylkeskommunen) om å sette ned fartsgrensa. Fylkeskommunen kunne ikkje etterkomme ønsket med bakgrunn i at det er eit påbod i norsk lov om å kjøre etter forhald. Det er tidlegare gjennomført ein fartsmåling i nærlieken av Lifjellstua/Vinterland og det vert ikkje registrert uaktsam køyring. Nye kryssingar av veg og skiløype tillatast ikkje (sjå føresegner 1.16 d). I samarbeid med Irmat er det satt av eit nytt areal til renovasjon ved Kalveliane. Men det vert ikkje aktuelt med kildesorteringsanlegg på dette tidspunkt.
3		Terje Sauar	Ønsker moglegheit for elbillading på Jønnbu parkeringa. Mogleg forteneste dersom kommunen driver det sjølv, evt. for en privat aktør	Innspellet tas med videre i øvrig arbeidet i kommunen. Det vurderast ikkje som naudsynt å sette av annan areal til elbillading i denne revideringa av planverket. Det vurderast slik at det er tilstrekkeleg plass på avsett hovudparkering til slike anlegg.
4	10/ 305	Svein Villiam Nilsen	Eigar av 10/305 ønsker muligheten til å sette opp skigård mellom hytte og kjøreveg/skiløype. Meiner at skigard også stopper snøfokk på uteplassen. Ønsker en generell oppmjuking av gjeldene regelverk rundt gjerdebruken. Et gjerde bør kunne brukast for å skilje tomt og vegbane for å forhindre ulykker og skjerme uteplassen mot mykje trafikk i området.	Sjå føresegner 1.10. Gjerde tillatast, men det settast krav om omsyn til beitedyr, og det avgrensast slik at det ikkje vert tillat at gjerde inn heile tomta. Dette for å hindre at stiar og naturlege ferdsselsvegar stengast. Gjerde utformast med ope rekksverk og må ikkje komme i konflikt med frisikt/frisiktoner.
7	Nutestul Velforening, Høgefjell Veilag og Grøstul Velforening		Meiner at kommunen bør ta meir ansvar og bidra til realisering av samankoplingsheis og heis i Krinto, samt styrking av stiar og løyper. Har ei forventing om at dei innbetalte midlane blir brukt til ei styrking av sommar- og vinterløyper. Kommunen bør stille forutsetningar om at alle hytteigarar/tomtekjøparar bidreg med løpende kontingen til Løypelaget. Meiner kommunen må legge til rette for infrastruktur til høghastighetslading.	Administrasjonen i kommunen har eit ønske om å prioritere arbeidet med eit sti- og løypeplan for heile kommunen framover. Kommunen har ingen rolle i finansieringa av ski- eller stiinfrastrukturen. Kommunen har ikkje anledning ti å krevje inn pengar for å realisere slik infrastruktur eller for å krevje inn kontingent til løypelaget. Kommunen kan krevje inn kostnadene knytt til påkoppling/etablering til/av kommunalt vatn, veg og avløp, men ikkje til privat infrastruktur som skiheiser eller kontingenter til foreiningar. Kommunen har per i dag heller ikkje anledning til å støtte eit slik arbeid økonomisk. Det anbefalast at velforeiningane tek dialogen med Lifjell skisenter og etterspør handlingsrommet frå det som er igjen av den tidlegare avtalen mellom grunneigarane. Det vurderast at det er sett av tilstrekkeleg areal til hovudparkering, som også kunne nyttast for lading av elbil der. Kommunen har ikke anledning å støtte etablering av ladeinfrastruktur på Lifjell økonomisk.
10	Lifjell Løypelag		Ønsker tettare samarbeid med kommunen	Administrasjonen i kommunen har eit ønske om å prioritere arbeidet med eit sti- og løypeplan for heile kommunen framover. Samarbeid med tur- og løypelaga i kommunen vil vere sentralt i dette arbeidet.
12	Bø turlag		Bø Turlag ønsker et kart over områda som eigner seg til bortoverski for folk flest. I dag er det generelt lite areal tilgjengeleg.	Viser til planlagt framtidig arbeid med eit sti- og løypeplan. Dette tas med videre som innspel til dette arbeidet.



14	Kjersti Helene Kvammen	Ønsker betre ivaretakelse av beitenæringen og at gjerdebruken blir vidareført. Ønsker ikke ytterlegare utbygging på Jønnbuflåtin - Krinto. Ønsker fleire løyper som ikkje kjem i konflikt med hytter eller veg, og at det leggast til ei sløyfe heilt ut på Jønnbuflåtin. Anten ei ekstra sløyfe på gul løype eller ved å utnytte myra i botnen av Solskinsdalen til ulike sløyfer (evt. lysløype).	I planforslaget foreslår ein at gjerdebruken tillatast, men under vise vilkår (sjå føresegner 1.10). Gjerdebruken opphevast med bakgrunn i eit ønske om dette frå blant annet beitenæringa. Der er ikkje foreslått nye utbyggingsområde på Jønnbuflåtin - Krinto. Det vises til planlagt framtidig arbeid med eit sti- og løypeplan. Ønskes om fleire løyper utanfor utbygde områder tas med videre til dette arbeidet. Lysløypa vert vurdert, men er foreslått tatt ut av planen med bakgrunn i problematikken med lysforureining i området.
20	Reidun Helene Slåttedalen	Meiner at det ved videre utbygging/fortetting sentralt bør vurderast alternative tilkomst for turstiar og bilvegar. Ønsker ikke scootertrasse i nærliken av hyttene pga. støyproblematikk. Det bør etablerast ei øvre grense for utbygging, og at vidare utbygging eventuelt skjer nedover. Myr bør vernast mot inngrep. Nemner at ake/leikeområdet ved siden av skisenteret har en stor verdi for småbarnsforeldre, som bør utviklast og tilretteleggast ytlegare. Er imot innføring av uteleieplikt av private hytter. Etterlyser elbilladestasjon på Jønnbu parkeringa.	Sjå plankart, planomtale og føresegner. Det er ikkje lagt inn ein egen løypetrase for snøscooter i planen. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde høgare opp i terrenget. Myrområde i sentrale utbyggingsområde vert kortlaget undervegs i planarbeidet (sjå egen fagrappport frå Biofokus). Fleire av disse er lagt inn med eit eige arealformål og ein omsynssone på 15 meter. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i områder med myr, og fleire av eksisterande utbyggingsområde er justert for å kunne ivareta myra. Kommunen meiner at det er tilstrekkeleg areal på hovudmarkeringa for evt. etablering av ladestasjonar for elbil, men kommunen har ikkje anledning til å støtte etablering av denne økonomisk på noverande tidspunkt.
21	Ingrid Sanda Ytterbøe og Elise Sanda Ytterbøe, Trygve Sanda, Henrik Sanda og Lars Erik Sanda	Ønsker ikke bygging av lysløype på sine eigendommar på område R2. Positive til ny løype i område, men ikkje med lys	Planlagt lysløypetrasé er tatt ut av planen (sjå plankart). Innspelet tas med videre i framtidig arbeid med eit sti- og løypeplan for heile Midt-Telemark kommune
22	Lifjell Beitelag	Lifjell Beitelag ønsker at kommunen sørger for utvida utmarkstilsyn med avgrensa politimynde i sommarferiesesongen for å redusere utfordring med lause hundar.	Innspelet tas med vidare i øvrig arbeid i kommunen. Det kan ikkje avklarast i planarbeidet.
22	Lifjell Beitelag	Lifjell Beitelag ønsker haldningsskapande arbeid med omsyn til hundeeiers plikter og båndtvang i hele beitesesongen.	Innspelet tas med videre i øvrig arbeid i kommunen. Det kan ikkje avklarast i planarbeidet.
33	Barnas Turlag Midt-Telemark	Ønsker at det som er igjen av slakare og ikkje utbygd turterren blir skjerma frå videre utbygging (områda frå parkeringa og opp mot Krinto, Bøkstulnatten og Andebudalen). Det opplevast at nærfjellet har blitt mindre tilgjengeleg med dagens utbygging, med store inngrep som stort sett fjernar både opphavleg terrengremasjon og naturlig vegetasjon. Utebelysning opplevast også som relativt omfattande, og det er en risiko for at det snart må veljast andre stader enn Lifjell frå Bøsida, for å finne urørt fjellterren eller for å sjå stjernehimmelen som er tilgjengeleg for barnegrupper. Et viktig poeng er at det ikkje er topptur eller lengde på turen som er hovudattraksjonen for målgruppa, men sjølve turen og det barna finn undervegs i naturen. Etterlyser at en samanhengande sti- og løpenett prioriterast, samt bevaring av koller og små utsiktspunkt. Ønsker ikke skiheiser lenger opp i fjellet. Viser til alternativ hytteutbygging med mindre terrengrinngrep.	Det er ikkje foreslått nye utbyggingsområde i planen. Det er innført ein ny føresegn som skal dempe lysforureining (sjå føresegner 1.9). Det er utført ein naturtype- og myrkartlegging. Fleire av funna er tatt inn og er synleggjort i planen (sjå plankart). Føresegn om planfri kryssing av veg og skiløype er vidareført (sjå føresegner 1.16 d)). Alpinanlegget mot høgfjellet er tatt ut av planen med bakgrunn i eit konflikt med vassressursloven. Føresegner for landskap og estetikk er vidareført og samordna med føresegner i kommuneplanens arealdel (sjå føresegner 1.15).

34 og 38	Olav og Håkon Farnes	Ønsker bedre tilrettelegging for å komme seg opp til høgfjellet. Ønsker realisering av sambindingsheisen, og da gjerne som stolheis med sommerbruk. Framhever viktigheten av å styrke eksisterende næring, men at en storstilt alpinsatsing ikke lenger er realistisk. Ønsker at det etablerast både turveg og skiløype fra området H7/H8/S1-2 til Fjellstul.	Det er vurdert at det er ikkje ønskeleg med videre tilrettelegging oppover mot høgfjellet, som aukar arealbeslaget (for eksempel i form av veg eller heis). Det er videre inngrep i eit område med sårbar natur og vil også ha negative konsekvensar for beiteenringen. Forbetring av eksisterande stiar tillatast dersom viktige økologiske funksjonar, til dømes våtområder, vert oppretthalde (sjå føresegner 2.3.1).	
35	Tor Henning Forberg, Gunnar Amundsen og Kristin Sarmon Gundersen	Ønsker realisering av sambindingsheis, men ikkje heis i Krinto. Nye hyttefelt bør ikkje byggas i nærleiken av eksisterande rekreasjonsområde. Framhevar viktigheten av samanhengande løpenett for eksempel ved å kope saman Vihus og Lifjell, og unngå krysningar.	Reguleringsplanen for sambindingsheisen er godkjent. Kommunen har ikkje anledning å støtte tiltaket økonomisk. Rekreasjonsområde er ivaretatt i stor grad i planforslaget (sjå plankart, planomtale og føresegner). Innspelet om løpenett tas med videre i arbeidet med ein ny sti- og løypeplan. Føresegn om planfri kryssing av veg og skiløype er vidareført (sjå føresegner 1.16 d)).	
43	Visit Bø	Meiner at det bør krevjast høgare døgnavgift for bobilparkering som går til inntekt for tur/løypelag. Støtter Mimirs anbefaling om å bevare area som er satt av til aktivitetar og heiser.	Innspelet om døgnavgift tas med videre i arbeidet i kommunen. Deler av det planlagde alpinanlegget vert i konflikt med vassressursloven og vert derfor tatt ut av planen (sjå plankart og planomtale). Det er gjennomført eit dialogmøte med sentral næringsaktør og gitt moglegheit til å foreslår ein alternativ plassering.	
Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel om kommunal markagrense	Kommunens merknad
12	Bø Turlag	Ønsker markagrense ved 800 meter	Ein communal markagrense kan enten markerast gjennom ein omsynssone eller ein ikkje juridisk linje. Det vil si ein communal markagrense kan kun verre av retningsgivande karakter. Det er foreslått ein utviding av eksisterande omsynssone i planforslaget (sjå plankart og planomtale). Det er heller ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i urørte områder i planforslaget.	
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Ønsker i utgangspunktet ikke bygging over tregrensa (cirka 700 moh) eller i sårbart terren, som er nasjonal praksis. Mener at langsiktige utbyggingsgrenser vil gi forutsigbarhet, i motsetning til hyttebygging som stadig tøyer grensene. Tilar streng byggegrense mot snaufjellet og høgdedraga i det nære landskapsrommet	Det er tatt omsyn til i planforslaget (sjå plankart og planomtale).	
14	Kjersti Helene Kvammen	Markagrense vest for H7/nord for H15	Ein communal markagrense kan enten markerast gjennom ein omsynssone eller ein ikkje juridisk linje. Det vil si ein communal markagrense kan kun verre av retningsgivande karakter. Det er foreslått ein utviding av eksisterande omsynssone i planforslaget (sjå plankart og planomtale). Det er heller ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i urørte områder i planforslaget.	
22	Lifjell beitelag	Ikke utvide arealet for hyttebygging	Det er tatt omsyn til i planforslaget (sjå konsekvensutgreiing, plankart og planomtale).	
35	Tor Henning Forberg, Gunnar Amundsen og Kristin Sarmon Gundersen	Ønsker en markagrense i botn av Bøkstulnatten og Krintofjellet.	Ein communal markagrense kan enten markerast gjennom ein omsynssone eller ein ikkje juridisk linje. Det vil si ein communal markagrense kan kun verre av retningsgivande karakter. Det er foreslått ein utviding av eksisterande omsynssone i planforslaget (sjå plankart og planomtale). Det er heller ikkje lagt inn nye utbyggingsområde i urørte områder i planforslaget.	



12	Bø Turlag	For å sikre beitenæringer på Lifjell forslår Bø turlag at det (1) må etablerast en markagrense på kote 800 m i botnen av Krintokleiva. Områdene utenfor grensa bør båndlegges/fredes, og kompensasjon for grunneiere må vurderes. (2) Jønntbuflåtin, myra vest for hyttefeltet og skrånninga opp mot Bøkstulnatten bør fredes/båndlegges til friluftsformål. (3) Nederste del av Krintokleiva er skjermet mot vind og bør tilretteliggges for skileik. Dette inkluderer bla. Kalveliene og Solskinsdalen som ligger inn under område F1 i eksisterende kommuneplan. (4) Ingen hyttebygging utenfor markagrensa fra bunnen av Krintokleiva og oppover, og ingen hytter ovenfor eller utenfor eksisterende hyttefelt. (5) Det må sikres gode turstier og løypetraseer innover fjellet som leder folk utan å komme i konflikt med naturinteresser og beitebruk. (6) Ingen veg bygges opp Krintokleiva og Glekse. (7) Ingen flere skiheiser etableres, med unntak av sammenbindningsheisen som er under arbeid, og (8) all videre hyttebygging skjer ved fortetting	1) Det er tatt omsyn til i planforslaget, ved at eksisterande omsynssone for friluftsliv ble utvida - communal markagrense. At kommunen vurdere at området ikke bør byggast ut gir ikke grunnlag for økonomisk kompensasjon for grunneiere. 2) Det er tatt omsyn til i planforslaget med bakgrunn i naturtype- og myrkartlegginga som ble gjennomført i juni 2023. 3) Formål for idrettsanlegg/skileiksområde blir vidareført. Det er ønskeleg med fortetting øvst i Kalveliane, men det stillast krav til fellesplanlegging og at ski- og friluftskvalitetane i dette område ikkje forringast. 4) Det vert ikkje foreslått nye utbyggingsområde. 5) Innspelet tas med videre i arbeidet med eit sti- og løypeplan for heile kommunen 6) Det er tatt omsyn til i planforslaget 7) Sambindingsheisen og heis C (tidlegare heis F) er foreslått vidareført - aktivitetstilbodet knytt til skisenteret/vinterland vurderast å vere eit viktig stad for både lokalbefolkinga og besøkande og da særleg for barn og unge. Det er derfor ønskeleg å bygge opp under aktivitetene skisenteret/vinterland legger til rette for, så langt det let seg gjøre. Heisanlegget høgare opp i terrenget er tatt ut med bakgrunn i at desse er i konflikt med vassressurslova. 8) Det er ikkje føreslått nye utbyggingsområde, men eit nytt område øvst i Kalveliane for fortetting (krav om felles planlegging, krav om at kvalitetane for ski- og friluftsliv i området ikkje forringast).
7	Nutestul Velforening, Høgefjell Veilag og Grostul Velforening	Ønsker ikke videre utbygging oppover mot fjellet. Ønsker byggegrense og bevaring av dagens "belte" mot høgfjellet.	Det er tatt omsyn til i planarbeidet (sjå plankart og planomtale). I ein kommuneplan er det arealformål som er bindande for arealbruken. Ei communal markagrense (her foreslått gjennom ein omsynssone for friluftsliv) har først og fremst retningsgivande karakter.
28	Kjernegruppa, Bærekraftig liv i Bø	Etterlyser ei grense for utbygging på Lifjell utafrå eit berekraftsperspektiv. Frykter verditap av området for både lokalbefolkinga og besøkande om det bygges for mange hytter, og ønsker derfor ei verdivurdering av hytteutbygginga sett opp mot naturmangfald/miljøomsyn. Meiner at utbygginga vil påverke allemannsretten og det å kunne utøve friluftsliv negativt.	Det er tatt omsyn til i planarbeidet (sjå plankart og planomtale). I ein kommuneplan er det arealformål som er bindande for arealbruken. Ei communal markagrense (her foreslått gjennom ein omsynssone for friluftsliv) har først og fremmest retningsgivande karakter.
29	Margit Ims	Etterlyser (1) at det blir satt ei grense (markagrense) for videre utbygging utifrå natur- og miljøomsyn og omsyn til friluftsliv, slik som eksempelvis krysning av veg og skiløyper. (2) Muligheter for opplæring om Lifjell i barnehager og skoler, og (3) et artsregnskap, vern av myrområder, beitemarker, dele/utleieordninger på hytter og oppfølging av Den europeiske landskapskonvensjonen. Det er også viktig at skileiksområda sikrast for allmenta.	1) Det er foreslått en communal markagrense i form av ei utvida omsynssone for friluftsliv. Ei communal markagrense er av retningsgivande karakter. Det er arealformåla som er bindande for arealbruken. Det er gjennomført ei naturtype- og myrkartlegging. Resultat av denne er tatt omsyn til i utarbeiding av planforslaget. Det er vidareført kravet om planfri krysning av veg og skiløyper (sjå føresegner). 2) Innspelet tas med videre i arbeidet i oppvekstsektoren. 3) Skileiksområda er i stor grad vidareført, samt at det er lagt ut eit nytt område til formålet. Det er gjennomført ein naturtype- og myrkartlegging i juni 2023 som er tatt omsyn til i planarbeidet (sjå planomtale, føresegner og konsekvensutgreiing).
31	Anders Hefre	Uttrykker sin bekymring for at ein del av den lokale identiteten kan gå tapt om det blir tillat meir utbygging på Lifjell. Det blir vist til at området er lite og at karakteren forandras raskt. Etterlyser markagrense .	Det er føreslått ei communal markagrense i form av ei utvida omsynssone for friluftsliv. Ei communal markagrense er av retningsgivande karakter. Det er arealformåla som er bindande for arealbruken. Det er

				ikke lagt ut nye utbyggingsområde i urørte naturområde i planforslaget.
32	Dag-Øyvind og Ingvil Olsen Djuvik	Etterlyser markagrense. Ønsker ikke meir utbygging av korkje hytter eller infrastruktur på Lifjell. Ønsker ikke realisering av heis/veg oppover i fjellet. Eksisterande stiar/løyper må takast i vare, og ikke byggast inn. Vegane inn i hyttefelt må vere frakomleg med barnevogn, rullestol og lignande og ikke vere stengt av med bom. Ønsker at det blir tatt omsyn til lysforureining (f.eks. avslått lysning når hyttene ikke er i bruk).	Det er foreslått ei kommunal markagrense i form av ei utvida omsynssone for friluftsliv. Ei kommunal markagrense er av retningsgivande karakter. Det er arealformål som er bindande for arealbruken. Det er ikke lagt ut nye utbyggingsområde i urørte naturområder i planforslaget. Deler av det planlagte alpinanlegget er tatt ut av planen med bakgrunn i at delar av traséen vil vere i konflikt med vassressurslova. Heis C (tidligere heis F) og heis D (samанbindningsheis) er vidareført i planen (sjå plankart, planomtale). Det er innført ei føresegn som skal dempe lysforureining. Planlagt lysløype er ikke viderført i planforslaget av omsyn til lysforureining. Det er kommunen som gir samtykke til bompengerinnkreving på private veger. Framkome og tilgang er viktig. Det er det lagt vekt på i planforslaget gjennom føresegn 1.16 c).	
Nr	G/b nr.	Avsendar	Innspel til planprogram	Kommunens merknad
12	Bø turlag	Bø turlag mener at kommunen må (1) sikre tilstrekkeleg med urørte områder. Vil sjå at tilhøvet mellom utbygging og urørt natur drøftast i planprosessen. (2) Avklare brukergrupper. Aktuelle spørsmål i denne samanheng er kven og kor mange skal ein utvikle for, kva kvaliteter etterspør ulike brukergrupper, lokalbefolking mf. (3) Gjennomføre konsekvensutgreiing for natur og friluftsliv, både generelt og konkret for føreslått arealdisponeringar.	Innspel med relevans for planprogram er svart ut der.	
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Interessene til barn og unge bør utredast. Ved sidan av gode møteplasser, må det leggast særleg vekt på trafiksikre løysingar og gode gang- og sykkeløysingar.		
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Kommunedelplanen må legge rammer for å sikre traffiktryggleiken langs fv 3332 og elles i området. Lokalisering av aktivitetene og planlegging av stiar, vegar og løyper må vurderast i planarbeidet.		
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Automatisk freda kulturminne er ikkje kartlagt i KDP området. Dvs. at KDP ikke vil ha direkte rettsverkand for AFK, som igjen vil seie at det må vurderast i kvar enkelt reguleringsplan. Dersom kommunen ønsker å få avklart tilhøvet til AFK i kommuneplanens arealdel, må dette takast opp med regional kulturminneforvaltning. Kommunen må koste undersøkingar som er naudsynte for å kunne vurdere om utbygging kjem i konflikt med AFK, jf. Kulturminnelova § 10.		
13	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	Evt. vurder bevaring av lokale kulturminne.		
16	Bård I. Freberg	Ønsker at vidare fortetting og arealbeslaglegging skjer i eit folkehelseperspektiv. Få areal som er egna til ein del brukergrupper "nede", og høgfjellet er vêrutsett.		
22	Lifjell Beitelag	Foreslår beitebruksplan, som ei oversikt over beiterettar i område.		

25	Direktoratet for mineralforvaltning (DIRMIN)	DMF anbefaler at kommunen gjennom planarbeidet oppretter kontakt med NGU for å hente inn ytterlegare informasjon om registreringer. DMF anbefaler at kommunen også gjennom planarbeidet vurderar om planen påverker tilgangen til ressursane heilt sør i planområdet (registrert sand- og grusforkomst med liten betydning) på kort og lang sikt.	
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Forventer at kommunen gjennomfører endringer i planen som følge av endringar i nasjonale føringer. Viser til rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet, Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltninga sin innsigelsespraksis (revidert februar 2021) og rettleiaren Arealdelen i kommuneplanen, sjå <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kpa/id2904728/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kpa/id2904728/</a>	
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Anbefaler at eit viktig tema i arbeidet blir å gjennomgå ikkje-realiserete byggeområde i kommunedelplanen, og på grunnlag av ny kunnskap og nye føringer identifisere område som t.d. bør til bakeførast til LNF-område fordi dei er i strid med omsynet til jordvern, naturmangfald, myr o.l., eller som det ikkje er behov for. Dette bør nemnast i planprogrammet. Kommunen må vidare ikkje legge opp til ei større utbygging enn det det reelt er behov for.	
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Etterspør ei meir detaljert KU som viser kva metoder som skal nyttast. I forskrift om konsekvensutgreiingar § 13 tredje ledd står det at for kommuneplanens arealdel skal forslaget til planprogram skilje mellom krav til utgreiing av enkeltområde og krav til utgreiing av planen som heilskap. Tilsvarande gjeld òg for kommunedelplanar. Planmynda skal klargjøre kva dokumentasjon som skal følgje forslag til nye utbyggingsområde.	
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Saknar ei nærmare drøfting av målsettingar om berekraft i samband med rullering av kommunedelplan for Lifjell. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 står det at kommunane skal legge FNs berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Dette må takast inn i planprogrammet, og det bør drøftast kva dette betyr for kommunedelplan for Lifjell og korleis planlegginga kan bidra til at vi når måla. Vi ser at det er enkelte mindre myreal innanfor planområdet, også innanfor byggeområde i gjeldande plan. Noko av dette kan vere naturtypar av opptil nasjonal interesse etter Miljødirektoratets instruks. Det bør derfor gjerast kartlegging av myrer innanfor planområdet etter instruksen, og desse bør eventuelt tilbakeførast til LNF-område.	

26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Innanfor planavgrensinga er det ganske store areal med eldre barskog (hogstklasse 5). Her er det generelt stort potensial for forekomst av naturkvalitetar av opptil nasjonal interesse, mellom anna knytt til naturtypane «gammel granskog» og «gammel furuskog». Areal som er foreslått endra fra LNF til byggeområde bør derfor undersøkast etter standard metodikk (Miljødirektoratets instruks, NiN). Slike utgreiingar bør gjennomførast på eit overordnet plannivå, på bakgrunn av at interesseavveggingar med omsyn på naturmangfald i nokre tilfelle er avgjerande for om føreslåtte byggeområde kan realiserast eller ikkje og for å skape tilstrekkeleg føreseieleg vilkår. Dette gjelder til dømes der større delar av eit foreslått byggeområde har naturkvalitetar av nasjonal interesse. Vi rår også til at det blir gjort tilsvarende utgreiing av naturmangfald for eksisterande område der det ikkje er utarbeidd reguleringsplan, dersom naturmangfaldet i området tidlegare ikkje har vore utgreidd. Vi registrerer at kommunen har spela inn og foreslått NiN-kartlegging. Etter det vi har kjennskap til nå er ikkje dette området planlagt utgreidd i løpet av 2022 i regi av Miljødirektoratet. Kommunen må derfor sjølv ta initiativ til og få kartlagt naturmangfald innanfor planområdet, der det er naudsynt	
25	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Nedfartar i gjeldende planfoslag er til dels lagt heilt over bekkeløp. Vi ser at ei slik planløysing er i strid med forskrift om rammer for vassforvaltninga, rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag; 016/6 Lifjellområdet og vannressurslovens føresegner om kantvegetasjon. På denne bakrunnen vurderer vi at nokre av dei planlagde alpinløypene/nedfartane i gjeldande kommunedelplan som ennå ikkje er bygd – i nedbørfeltet til bekk frå Fjellstaldalen/Skårafjell – bør takast ut av planen i den føreståande rulleringa. Vi vurderer at planlagde nedfartar i hovud- og sideløp til den aktuelle bekken er strid med vassforskrifta, RPR for verna vassdrag samt vassressurslovens føresegner om kantvegetasjon.	
25	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Overvannshåndtering må vurderast ved videre utbygging mtp klimaendringer, og for å unngå frigjering av klimagassar ved utbygginga gjennom graving, masseutskifting osv.	
26	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Det må gjennomgåande takast omsyn til forventa framtidige klimaendringer gjennom klimatilpassing av planar for utbygging, sjå Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018) og tilhøyrande rettleiar om klimatilpassing. Viser til DSB sin temaretteleiar Klimahjelperen, Klimaprofil for Telemark og NVE sitt faktaark 7/2018 Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen	



26		Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Ved utarbeidning av eit budsjett for klimautslepp som følgje av arealbruksendringar, forventes ein detaljert vurdering av djupe og grunne myrar. For store myrareal som kan bli rørt av tiltaket bør myrdjup målast. For omdisponering av myr har Regionale klimaplanar for Telemark/regional planstrategi for Vestfold og Telemark strategi for auka karbonbinding i jord, som inneber å ta særskild vare på og å unngå omdisponering av myrområde og eldre skog. Det er derfor tilrådd at tomter blir lagt utanfor slike områder.	
26		Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Oppfordrar kommunen til å gå gjennom gjeldande plan og vurdere på nytt eksisterande område som er lagt til rette for over tregrensa. Ei utbygging i eit sårbart terrenget som kan gje nær- og fjernverknader bør unngåast, det gjeld både vidareføring av tidlegare planlagde hytteområde og tilrettelegging av nye område over tregrensa.	
24	9/2 64	Helle Dønvik og Tomas Krafft	Naturvern, miljøvern og hensyn til beitedyr prioriteres og fremheves som et overordnet mål i planen.	
36		Naturvernforbundet i Midt-Telemark	Ønsker at planprogrammet i betydelig sterkere grad vektlegger konsekvensene av arealinngrep for naturmangfold. Mener (1) at naturens tilstand på Lifjell må vurderast i sammenheng og ikke bare tilknyttet til enkeltsaker. (2) At en bør legge opp til fastsetting av markagrense. (3) Planprogrammet bør formulere eit «skånsamhetsprinsipp» knytt til tyngre tekniske inngrep, slik at ein til dømes unngår unødvendig sprenging og fylling av masser. (4) Det bør stillast krav til dimensjonering og estetisk utforming av nye fritidsbustader, slik at desse ikkje blir for ruvande og skjemmande i landskapet. (5) Areal satt av til vintersportanlegg i gjeldende plan er for omgangsrike og bør reduserast med bakgrunn i de store arealinngrep dette ville medføre. Forventer også at vedtatte arealstrategier følges opp og etterlyser en bedre definisjon av fortetting i forhold til Lifjell.	
40		Statens Vegvesen	Påpeker (1) viktigheten av at arealutnytting og planlegging blir gjennomført i tråd med nasjonale føringer. Dette betyr å planlegga for redusert behov for transport, og etablera gode løysingar for gående og syklande, og dessutan kollektivtrafikk der folk ferda. Vidare (2) at det er viktig at veksten i persontrafikk blir tatt med gonge, sykkel eller kollektiv. Må også (3) vurdere traffiksikkerhet særskilt for nye utbyggingsområder	
42		Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Kommunens råd om å gjøre FN sine berekraftsmål til ein del av planarbeidet. Regjeringa forventar, både i Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023 og i Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, at kommunane legg dei høye utslippsalternativa frå nasjonale klimautgreiningar til grunn for sin arealplanlegging.	



42	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Til kartelegging av skred- og flomfare rår vi til at kommunen bruker (1) aktsemkart i NVE Atlas som utgangspunkt for avgrensning av fareområde for skred i bratt terreng. I praksis vil truleg (2) aktsemkartet for snøskred vise yttergrense for alle skredtyper. (3) Aktsemkart for flaum blir lagt til grunn for å fastsette omsynssone flaum i kommuneplanens arealdel. Detaljeringsgraden i kartet er tilpassa kommuneplannivået, og er ega til bruk som eit første vurderingsgrunnlag i KU og/eller ROS-analyser knytt til kommuneplanen. Dersom reell fare ikkje er avklart, er det viktig å nytte aktsemdområda til å avgrense omsynssoner og sette krav om reguleringsplan før de kan gi løyve til tiltak. Det er eit viktig prinsipp å avklare reell naturfare på siste plannivå, jf. H5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og saksbehandling»	
42	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Viser til rettleiar 4/2022 «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar»	
42	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal, rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien "Bruk og vern av sjø og vassdrag", jf. pbl. § 11-7 nr.6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar.	
42	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	De må legge opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I konsekvensutgreiinga bør det gå fram som eige vurderingstema korleis nye planlagde tiltak påverkar verneverdiane i vassdraget.	
43	Visit Bø	Etterlyser langsiktig plan for sti- og løypenetett, se eksemepelvis Hallingdal for inspirasjon for utvikling av sykkeltilbuddet. Lifjell er både hytte- og turistdestinasjon og samarbeid med grunneiere er særlig viktig. Mener at videre utbygging må bidra økonomisk til attraksjonsutvikling av Lifjell som destinasjon.	
43	Visit Bø	En reisemålsutviklingsprosess er noe Visit Bø har sett på via forprosjektet om bærekraftig reisemålsregistrering. Destinasjonen som helhet mangler en helhetlig langsiktig strategi. En reisemålsutviklingsprosess for bare Lifjell vil ikke være å foretrukke, men en samlet mulighetsanalyse for reiselivet i Midt-Telemark regionen er et behov. Visit Bø ønsker å ta dette arbeidet opp høsten 2022.	

## Vedlegg 2 - Innspel til høyring av planforslaget

Nr	G/bnr.	Avsendar	Oppsummering av innspel
1		Åsmund Dagslet	Hytteeigar på Østerlikollen og medlem av Østerlikollen Veilag, uttrykkjer bekymring over auka trafikk på Lifjellvegen utan tilsvarende oppgradering av vegstandarden. Han framhevar at fartsgrensa på 80 km/t er ueigna med tanke på tryggleiken for fotgiengarar og syklistar. Dagslet føreslår ei generell fartsreduksjon til 60 km/t og ytterlegare reduksjon til 40-50 km/t i område med mykje fotgiengarar og uoversiktlege stader, som forbi gamle Lifjell Hotell og frå Gapet parkering til toppen. Han understrekar behovet for rask handling for å hindre alvorlege ulykker før den nye planen trer i kraft.
2		Midt-Telemark Arbeiderparti Seniorforum	1) Markagrense: Dei meiner at ei markagrense på Lifjell slik ho er innført no, ikkje er føremålstenleg. 2) Tomtefelt FB 20: Føreslår at tomtefeltet FB 20 blir fjerna frå planen 3) Tomtefelt Grostul FB 21: Ved utviding må skiløypetraseen sikrast (rekkefølgekrav) og beitenærings vektleggjast tungt 4) Hytteutbygging: Meiner vidare hytteutbygging bør vere svært restriktiv.
3		Tonje Kallum Kringlebu	Støttar Bø Turlag sine refleksjonar. Meiner at Jønnbu som rekreasjonsområde for små og eldre står i fare for å bli øydelagt, og det er viktig å avgrense vidare skade i dette området. Meinar at hytteutbygginga på Lifjell har vore brutal med store naturinngrep. For å verne myr, dyreliv og naturopplevelingar for framtidige generasjonar, bør hyttebygging avgrensast til eit minimum. Det er ønske om at orrfuglleik på myrene ved H8 (no FB19) kan bevarast for komande generasjonar.
4		Lede AS	Viser til Føre AS
5	9/145, 9/134, 9/490	Jan Einar Stølan	1) Ynskjer endringer i H10 (no FB6). Viser til å sørvestre hjørnet ved eigedommane g/bnr 9/145 og 9/134 viser avvik mellom eigedomsgrenser og formålslinjer. Meiner at det at delar av eigendommen vert avsett til LNF-formål hindrar fornuftig bruk av areala. Ynskjer at det trekantforma området mellom 9/145 og reguléringsplan for Jønnbulia avsettast til LNF-formål, medan LNF-formål inne på 9/145 og 9/134 omgjørast til byggeformål. 2) Ynskjer at FB6 vert utvida til å inkludere eigedom 9/490 og justere omsynssone til registrert myreførekost (utan den anbefalte bufferen på 15 meter). Meiner at natur- og miljøomsyn kan takast vare på gjennom detaljregulering, men ynskjer samtidig forutsigbarheit om at eigedomen faktisk kan byggjast ut. Alternativt ønskjast det å bygging av mindre hytteklynger (5-10 eininger) i LNF-område tillatast med krav om detaljregulering.
6		DIRMIN	DMF har ikkje fleire merknadar til planforslaget.
7	9/473	Kirsten Lunde	Uttrykkar uro for mogleg verditap på si fritidsbustad (9/473) med bakgrunn i NVE si aktosheitskart for snøskred. Ber kommunen gjennomføre ein skredanalyse og eventuelle sikringstiltak i området. Forventar at kommunen tek ansvar for skredsikring og eventuelt verditap på hytta.
8		Bø Turlag	Bø Turlag støttar utvikling av einkel og tilgjengeleg friluftsliv på Lifjell, men er bekymra for naturinngrep og hyttebygging som kan redusera kvalitetane på fjellet. Ynskjer å bevara mest mogleg av Lifjell utan bebyggelse for å sikre naturkvalitetar og friluftsliv. Fleire hytter vil redusere tilgjenge og friluftsmøgleigheter. 1) Ynskjer primært byggestopp og grunngir dette detaljert, 2) Ynskjer ikkje utbygging i områda FB11, FB19, FB20 og FB21. Men framhevar særleg kvalitetane i FB20 og FB21. 3) Bø turlag har og innspel til føresegner, deriblant 1.8 (Sikre fri ferdsel i hytteområder), 1.9 (Kun tillate lys når bygningar er i bruk), 1.1 1 (Føresegner om gjerder skal ikkje kunne fråvikast), 1.16 (Framheve punkt c og d, og ynskjer 25 meter grønne korridorar langs stier og løyper), 3.2 (Meiner hensynsponer for natur og myr er og viktige for friluftsliv)



9		Brukergruppe Lifjell	Sentrale brukargrupper av planområdet på Lifjell er opptatt av å ta vare på viktige naturkvalitetar på eit attraktivt rekreasjonsområde for dei generasjonane som kjem etter oss. Dokumentet presenterer viktige kvalitetar ved planområdet som partane er einige om, med innspel frå ulike organisasjonar og lag (Nutestul velforening, Grostul velforening, Sollia veillag, Høgefjell veilag, Lifjelltunnet veilag, DNT turlag, leirskule, Bø turlag). Fellesmøtet ønskjer at Jønnbuområdet skal vera ein attraktiv naturarena for Midt-Telemark kommune og regionen, både sommar og vinter. Det legges vekt på å balansere utbygging, næringsutvikling og friområde av god kvalitet for allmenheten, spesielt for barnefamiliar og eldre. Det etterlyses gode muligheter for friluftsliv i attraktive naturområde, med langsiktig plan for ski- og løyper, breie grøne korridorar langs skiløyper og hovudstiar, trafikksikre løysingar, og vern av viktige område for friluftsliv og skileik. Konkrete behov som å sikre område som ligg skjerma mot vind, bevare skog- og myrområde, og oppretthalde populære aktivitetsplassar blir også peikt på. Dette presiserast med at det 1) setjast av tilstrekkelege grøne korridorar langs skiløyper og hovudstiar, 2) at dei sikrar mogelege rasteplassar langs løyper og stiar, 3) at det unngås kryssing av skiløyper/vegar og at eksisterande kryssingar må trafikksikras og 4) at det må vedtakast ein langsiktig byggegrense mot friområder. Konkret blir det krevd at 5) Jønnbuflotin (utan bebyggelse), myr- og skogområdet vest for hyttefeltet på Jønnbuflotin og skråninga opp mot Krintofjellet og Bøkstulnatten må sikras til friluftsliv. 6) at Lia/området nord for parkeringsplassen innanfor S1-området i eksisterande kommunedelplan, må framleis kunne nyttast til ski, aking og avslapping i naturen. 7) at den spennande rundløypa på Jønnbuflotin, no avskoren vest for skihisen, må bli verande på myra nord i S1-området.
10	9/136, 9/129, 9/126	Advokat Helge Aarnes	Grunneigarane ynskjer å framleis ha moglegheita til å bygge på den delen av tomtene som er passande for bebyggelse, spesielt den øvste delen av tomtene som ligg lengst frå myrområdet nedanfor. Dei ynskjer ein endring frå det foreslatte formålet LNF tilbake til fritidsbustad, i samsvar med gjeldande plan. Sjå den innsende illustrasjonen.
11		Forum for natur og friluftsliv Telemark	<b>Positive aspekt:</b> Markagrense/byggegrense: Støtte til markagrense/byggegrense på fjellet. Bevaring av myr- og våtmarker: Men viktig å følgje nasjonale forventningar. Naturypekartlegging og lysforureining: Positiv vurdering av uavhengig naturypekartlegging og tar for seg lysforureningsproblematikken. Prioritering av lokalbefolkinga: Meiner å planen anerkjenner prioritering av lokalbefolkinga og vern av naturkvalitetar. <b>Kritikk og utfordringar:</b> Mål om økt bruk: Politikarane bør vurdere om målet skal vere auka bruk og tilrettelegging for kvar ein pris. Uttrykkjer uro over at fleire politikarar ønskjer meir utbygging og meir tilrettelegging i området/og seinare privatisering av store område. Interkommunalt plansamarbeid: Etterspør samarbeid mellom Midt-Telemark, Seljord og Notodden for heilskapleg utvikling. <b>Hytteutbygging og infrastruktur:</b> Motstand mot utbygging: Tydelig motstand mot omgjering av arealformål i FB11, FB19, FB20 og FB21 til utbyggingsområde. Naturmangfaldlovens intensjon: Meiner å omgjering av desse områda strir mot naturmangfaldlovens intensjon og Norges internasjonale forpliktingar. <b>Næringsutvikling:</b> Skepsis til hytteutbygging: Kritisk til hytteutbygging og anna infrastruktur som ein berekraftig næring, med referanse til negative erfaringar frå Trysil. <b>Lokal kunnskap og støtte:</b> Støttar Bø Turlag si uttale om verdien av lokal bruk, inkludert dyrehald, beiteområde og tur- og skiløyper. <b>Global utfordring:</b> Klimakrise og naturkrise: Kommunedelplanen må begrense utbygging for å ta vare på naturmangfaldet og bremse global oppvarming. <b>Avslutning:</b> Forvaltnign av Lifjell må vere berekraftig, og vidare utbygging må begrensast for å ta vare på natur- og opplevingsverdiene.
12	9/172	Therese Young	Sende inn samme innspel som ved planoppstart. Har ei stor tomt, og ønsker derfor å leggje til rett for nokon fleire hytter og omregulere frå LNFR til fritidsbolig. Har også eit ønske om vinterveg til området.

13	Advokat Hilde Sannes Holløkken (på vegne av Erik Idland Knatterud og Bø Beitelag BA)	<p>Gir nyttige opplysninger om Bø Beitelag, beiterett, streifbeite, utfordingane og konfliktnivået, voktarplikta, dyreeigarane sitt erstatningsansvar mellom anna.</p> <p><b>Føresenger punkt 1.11</b></p> <p>Knatterud og Bø Beitelag BA støttar forslaget om gjerdehald rundt hyttene og opning for gjerder over 50 meter. Dei foreslår at forbodet mot gjerder som stenger stiar bør tilpassast for å tillate strategisk plasserte sperregjerder i ytterkanten av beiteområdet..</p> <p><b>Føresenger punkt 2.1.2</b></p> <p>Tinglysing av beiterettar kan vere ein fordel, men det må erkjenne at ikkje alle slike rettar vil vere tinglyste, då dei ofte er basert på hevd og lokale sedvaner.</p> <p>Forvantar at dei nye bestemmelsane vil vere retningsgivande for framtidige dispensasjonssøknader, slik at hytteigarar kan setje opp gjerde for å verne eigedomane sine mot beitedyr, sjølv om det finst motstridande reguleringsbestemmlesar.</p>
14	USN/friluftslivsutdanningene	<p>Friluftslivstudiane ved USN, Campus Bø nyttar Lifjell mykje, spesielt rundt Jønnbu. Kommunedelplanen inneber konfliktar mellom beite, friluftsliv og hytteutbygging. For dei er auka hytteutbygging den største konflikten.</p> <p><b>Kjem med konkrete innvendingar til planforslaget:</b></p> <p>FB20: Bratt terreng, krev store naturinngrep, inneheld myr og ligg over 700 m. Dei ønskjer ikkje utbygging her.</p> <p>FB19: Ligg over 700 m, er bratt og rasutsett, og forstyrrar utsikta frå Bøkstulnatten. Dei ønskjer ikkje utbygging her.</p> <p>FB21: Øydelegg grøne korridorar til Grostusbekken/mistar moglegheit til bekkevandring. Dei ønskjer ikkje utbygging her.</p> <p>Generelle merknader:</p> <p>Med 460 tomter i reserve og dagens 600 hytter på Lifjell, er det spørsmål om området tåler meir press. Dei meiner dette forringar området for undervisning og friluftsliv.</p> <p><b>Tilrådingar:</b></p> <p>Om kommunen held fram med utbygging, bør det byggjast ein parkeringsplass øvst, slik at allmenta ikkje må gjennom eit bustadfelt for å kome seg ut i naturen. Kommunen bør ta omsyn til verdifulle område skildra i planomtalen (s. 29-30).</p> <p>Viser og til ein ny rapport om verknaden av fritidsbustadbygging i Innlandet som sier at dagens positive bidrag frå fritidsbustader til kommuneregnskapa ikkje nødvendigvis vil vere dei same i framtida. Det er uklart om skatteinntektene frå deltidsinnbyggjarane overstig utgiftene til tekniske tenester og helse- og omsorgstenester. Framtidige helseutgifter kan auke som følgje av fleire eldre deltidsinnbyggjarar, og det er usikkerheit kring framtidige skattereglar og brukarbetalingar (Handberg og Bruvoll 2024 s.7).</p> <p><b>Vurdering av kommunedelplanen:</b></p> <p>Sjølv om Midt-Telemark kommune i samfunnsdelen 2019-2031 har som mål å nyetablere og vidareutvikle eksisterande næring (Planomtale s. 5), er det ikkje sikkert at dette bør skje gjennom hytteutbygging. Visar til en bokreferanse og figur om virkninger av fritidsbustadutbygging med markedsverdier og verdier utanfor marked.</p> <p>Dei meiner at planarbeidet er positivt og grundig, med omsyn til nasjonale forventingar og rikspolitiske retningslinje, men meiner at det er merkeleg at lokalpolitikarane går imot dei administrative anbefalingane på fleire punkt.</p>
15	Rødt Midt-Telemark	Rødt Midt-Telemark oppfordrar til å avvise alle nye hytteområder som det ikkje allereie er gitt byggetillatelse for, og beskytte naturen på Lifjell for framtidige generasjonar. Dei viser til negative konsekvensar for allemannsretten, friluftsliv, klima samt mogleg brot med den globale naturavtalen
16	9/248	<p>Overordna:</p> <p>Meiner at det er særstakt viktig å ta vare på myrområda i Jønnbu-området, særleg myrer der det kan finnast myrmalm. Meiner å Jønnbu truleg har fått namnet sitt frå tidlegare tiders myrmalm og jernutvinning i området.</p> <p>Gnr. 9 bnr. 248:</p> <p>Dette er ei relativt litau hyttetomt der byggeområdet er føreslått betydelig innsnevra etter at kommunen har funne myr på tomta. Vedkommende er einig i at myr bør bevarast og at kommunens forslag til nye grenser for myr i området er viktig. Samtidig ber han om ei ytterlegare undersøking slik at eksakt avgrensing av byggeområdet kan fastslåast.</p> <p>Forslag:</p> <p>Anmoder kommunen om tillatelse/dispensasjon for å kunne bygge ei hytte i to etasjar på denne tomta for å minske fotavtrykket og betre ivaretaka myrområdet. Hyttene på begge sider av tomta ligg høgt i terrenget, slik at ei to etasjers hytte ikkje blir for dominante. Tomtens utforming med den nye begrensinga medfører at ei hytte må oppførast med langvegger meir i retning aust-vest, i motsetning til dei fleste andre hytter i området der langvegger ligg meir nord-sør.</p>

17	Lifjelltunet Hytteeierforening	<p>Lifjelltunet Hytteeierforening oppmodar til å ta FB21 ut av planen for vidare utbygging og bevarast som eit viktig område for miljø, lokalbefolking og hyttefolk. Lifjelltunet hytteeierforening støttar merknaden i planomtalen som frårår utbygging av FB21 på grunn av negative konsekvensar for løypeinfrastruktur, friluftsområde, beitenærings, naturmangfald og myrområde.</p> <p>Konsekvensutgreiinga og ROS-analysen viser at utbygginga ikkje bør tilrådast. Meinar at bevaring av området sikrar populære sosiale og aktivitetsområder for alle, inkludert barnehagar og leirskolar. Fleire hytter og vegar vil øydelegge skiløyper og vere trafikkfarleg. Bygging i bratte og våte områder fører til betydelige inngrep og øydelegging av landskapet. Området er også multerikt.</p>
18	MDG Midt-Telemark	<p>MDG motset seg utvidingane i formannskapets vedtak av 11.03.2024, områda FB8, FB10, FB20 og FB21. Dei ønskjer også å ta ut FB9, FB17 og FB18 på grunn av naturvern og lysforureining. Ved eventuelt vedtak om vidare utbygging, støttar MDG det minst ekspansive alternativet.</p> <p>MDG-Midt-Telemark motset seg ytterlegare hytteutbygging på Lifjell grunna klart større ulempar enn fordeler, primært av økonomisk karakter. Det er viktigare å bevare areala på Lifjell for å styrke lokalsamfunnet og overhalde internasjonale og nasjonale miljøforpliktingar.</p> <p><b>Hovudargument:</b>  Meiner ulempene med hytteutbygging overstiger fordelen, som hovudsakleg er økonomiske.  Internasjonale, nasjonale og regionale forpliktingar til vern av natur, klima og lokale ressursar må følgjast.  MDG støttar det minst ekspansive alternativet ved eventuelt vedtak om hytteutbygging.  Andre innspel /føresegner/markagrense:  Dei etterlyser ein grundigare kommunaløkonomisk analyse før endelig vedtak. Vil ikkje basere Marka-grensa på høgdekurver, men heller på den endelege planen vedteken av kommunestyret.  Etterlyser meir presis informasjon er ønska om gjerdetypar og estetiske utfordringar.  MDG vil ikkje setje maksimalgrense på 30% takflate for solcellepanel, men krev at minst 30% av takflata skal ha solcellepanel, med moglegheit for fritak/dispensasjon.</p>
19_1	Lifjell Hyttetomter AS	<p>Oppfordrar til at FB21 blir vidare vurdert.</p> <p><b>Hovudpunktar:</b>  Støtte til utviding av hyttefeltet i Grostul-området, med tanke på å utnytte eksisterande infrastruktur effektivt.  Behov for varierte hyttetomter som appellerer til brei kjøparinteresse og styrkar områdets attraktivitet.  Planlagt omlegging av skiløypa for å forbetre barnevennlegheit og integrering i eksisterande løpenett.</p> <p><b>Argumentasjon:</b>  FB21 ligg strategisk forankra mellom eksisterande hytteområde, med tilgang til nødvendig infrastruktur for vatn og kloakk.  Meinar at området er ideelt for hyttebygging med minimal innverkanad på natur og friluftsliv, og vil ikkje påverke nærliggjande leike- og skileikområde.  Meinar å framstilling av arealbruk og skiløypa i planomtala er feilaktig og at foreslått utbygging ikkje får negative konsekvensar for friluftsliv eller folkehelse. Meinar alle interesssor kan ivaretas i ein evt. detaljregulering</p>
19_2	Østerli Sameige og Lifjell Hyttetomter AS	<p>Har registrert at planomtalen etter Formannskapets vedtak 11.03.24 inneholder formuleringar som gir inntrykk av at skiløpen og akeområdet skal fjernes fra planen. Dette meiner dei er misvisende, da forslaget aldri har inkludert fjerning av disse aktivitetene. Meinar at det tydeleg kjem fram at omlegginga av skiløypa ikkje vil påverke ake- og skileikområda. Meinar at det har vært dialog med kommunen over flere år om å omlegge skiløpen for å forbedre den, noe som har blitt positivt mottatt av Lifjell Løypelag. Ber om en forklaring på hvorfor dette fremstilles slik i planomtalen. Dialog med kommunen (vedlegg til innspel): 22.06.2020: Revidert innspel til kommunedelplanen. 26.10.2020: Førespurnad om oppstartsmøte for reguleringsforslag for det aktuelle feltet. 25.01.2021: Søknad om prinsippvedtak i PTN-utvalet 15.05.2022: Innspel til rullering av kommunedelplanen</p>

20	10/10, 10/169 og 10/90	Trygve Bjarkø	<p><b>10/10 (innspel 9):</b> Kjem med eigne vurderingar og innspel til konsekvensutgreiing av innspel 9, og viser uenighet i fleire punkt. Viser blant anna til at det er planlagt ein grøn utbygging utan større terregengendringar, og mikrohytter/offgrid-hytter utan vatn og avløp og meiner å følgjande vurdering av temaene er meir korrekt:</p> <p>Bekker: Berre Torillbekk har årleg vassføring. Ein foreslått bru nordover vil ikkje påverke kantvegetasjonen. Meiner å omsynnsone kun bør vere rundt torillbekk, ikkje øvrige bekker.</p> <p>Beite: Området har ikkje beiterett, men sauene har funne veien til Høgefell etter 45 år. Utbygging kan forbetre beiteforholda.</p> <p>Natur: Dei fleste delane av området har låg naturverdi. Gamal skog vert verna, og raudlista artar vil nyte godt av vernesonen.</p> <p>Vann: Kun Torillbekk har årleg vassføring. Brua for utbygging vil ikkje påverke kantvegetasjonen langs bekken.</p> <p>Landskap: Området grensar til regulerte hyttefelt med infrastruktur som kan utvidast. Minimalt inngrep er planlagt for vegen.</p> <p>Friluftsliv: Tilgangen til området vil bli betre for fleire grupper.</p> <p>Energi: Området har tidleg morgonsol, noko som er positivt for miljøet. Solcellepanel og ladestasjonar for elbil er planlagt.</p> <p>Klima: Myrområdet vert verna, med ladestasjonar for elbil og område for microhytter for unge barnefamiliar med elbil.</p> <p>Trafikk: Området har tilgang til ny gang-/sykkel-/skiløype, og det er planar om å utvide sykkel-/skiløyper.</p> <p>Infrastruktur: Offentleg nett har tilstrekkeleg kapasitet for straum, vatn og avløp, medan anna infrastruktur blir dekka av utbyggaren.</p> <p>Barn og unge: Ein utbygging vil støtte skisenteret og føre til fleire skiløyper.</p> <p>Samlet vurdering: Meiner at utbygginga vil verne gamal skog og myr, med ein plan for spredt bebyggelse som passar til framtidas hytteområde. Meiner i tillegg at det har vært manglende medvirkning og ber om dokumentasjon av dialogen med næringslivet i planprosessen, møtedatoer og deltakere</p> <p><b>GBNR 10/10:</b> Foreslår å avgrense det nye LNF-området syd for eigedom 10/169 til å omfatte berre bratt terreg ned mot gamalskogen. Gamalskogen ligg naturlig under eit stup og bør vernast med strenge bestemmelser i reguleringsplanen. Meiner at LNF-område foreslått i ny plan er mykje større enn naudsynt og at det ikkje er naudsynt med en omsynssone rundt naturtypen her, meiner omsyna kan tas i ein detaljregulering.</p> <p><b>GBNR 10/90:</b> Ber om at heile eigedom 10/90 vert regulert som byggeområde, eller alternativt at nedre delen blir LNF-område.</p> <p><b>Føresegnar:</b> Foreslår endring av færesegna slik at micro- og minihytter ikkje har krav om tilknyting til offentleg infrastruktur, med mindre det er hensiktsmessig og tilgjengeleg i nærlieken. Meinar at dette vil sikre fleksibilitet i utbyggingen og oppfylle behovet for mindre investeringar som er meir tilgjengeleg for barnefamiliar og andre.</p>
21		Birdlife Indre Telemark	<p>BirdLife Indre Telemark ønsker å påpeike betydninga av å vurdere korleis utviklinga på Lifjell påverkar fuglelivet. Fuglar er viktige for økosystemet og for menneske, då dei regulerer insektbestandar og spreier frø. På Lifjell er særleg Jønnbuområdet utsatt for auka trafikk og utbygging, noko som trugar det sårbare naturmangfaldet. Høgefell omtallast som tapt pga. utbygginga gjenom brutal vegbygging og store hyttar.</p> <p><b>Hovudpunkt:</b></p> <p>Topografi og press: Lifjell har unike høgfjell i sør, og er ein populær turområde. Hyttelbygging, særlig i Jønnbuområdet, fører til tap av natur og aukar presset på dei attverande urørte områda.</p> <p>Tap av habitat: Område som Høgefell og delar av Jønnbuplatået har allereie mist mykje av skogen, noko som påverkar fugleartane som bur der. Artar som orrfugl og rype er sårbare når vegetasjonen fjernast og trafikken aukar.</p> <p>Manglende kartlegging: Det er ikkje gjort nokon grundig kartlegging av fuglelivet på Lifjell, inkludert konsekvensanalyse. BirdLife Indre Telemark tilrår sterkt at dette vert gjort før nye område blir lagt ut til hyttebygging.</p> <p>Raudlista fuglar: Fleire raudlista fuglar er registrert i planområdet på Lifjell (12). Det er viktig å ta omsyn til desse artane ved vidare planlegging.</p> <p>Myrområde: Myrområde som myra nedanfor Jønnbuflotin er viktige for vilt og fugl, men er truga av planlagt utbygging.</p> <p><b>Anbefaling:</b></p> <p>Før vidare utbygging, må det gjennomførast ei grundig kartlegging av fuglelivet på Lifjell.</p> <p>Kommunen må ta ansvar for å bevare naturmangfaldet, slik at komande generasjonar også kan oppleve desse verdiane.</p>

22	Grostul Velforening	<p>Grostul Velforening (representerer hytteeigarar i Grostulområdet (FB4)) roser arbeidet som er utført av administrasjonen, samt visar støtte til en føreslåtte markagrensa og dei tilhøyrande krava. Ber om at FB21 blir tatt ut av planen for å bevare totalkvaliteten av området for både dyr og menneske.</p> <p><b>Argumentasjon:</b></p> <p>Motstand mot utbygging av FB21 : Stiller seg undrande til at FB21 er inkludert i planen for potensielt utbygging. Området er i dag urørt natur med myr og registrerte naturtypar, og inneholder mykje brukt sommar- og vinterløype som dei meiner vil bli vesentleg forringa ved utbygging. FB21 fungerer og som ei buffersonne mellom FB4 og FB3 og sikrar uhindra tilgang til urørt natur.</p> <p>Bevaring av vegetasjon: Men dersom FB21 likevel vert inkludert i planen, meiner dei at det viktig at delar av vegetasjonen i og rundt feltet blir bevert, spesielt langs løypene og mot tilstøytande område FB4 og FB3.</p> <p>Sommar- og vinterløype: Meiner at kommunen bør sikre tilstrekkeleg areal til ny sommar- og vinterløype, opparbeide traseen slik at den ikkje kjem i konflikt med vegar eller anna infrastruktur, og vurdere terrenget mot FB4 for eigna bruk utan behov for spesielle sikringstiltak.</p> <p>Sikring av innkjøring: Det bør stillast krav om at utbyggar sikrar innkjøringa til Grostulvegen med bom, i tråd med andre vegar i området.</p>	
23	Linjeforening for Natur og miljøforvaltning og Spire Bø	<p>Krever betre ivaretaking av trua naturtypar, ingen vidare utbygging av myr, beite eller friluftsområde, og prioritering av natur- og miljøomsyn framfor kortsiktig profitt. Spesielt krev dei at FB19 og FB21 blir bevert som friluftsområde og beite.</p> <p>Meiner at nedbygging av myr i strid med Stortingets forslag om forbod er uansvarleg. Store areal er allereie nedbygd, noko som dei meiner ikkje er berekraftig.</p> <p>31 naturtyperlokaltetar og 12 raudlisteartar på Lifjell må ivaretakast. Meiner at planlagd utbygging trugar desse områda.</p> <p>Meiner at vidare utbygging, spesielt i FB19, FB20 og FB21, vil forringe friluftsområda og gjøre dei mindre tilgjengelege.</p> <p>Meiner at vedtaket om FB19 og FB21 som fritidsbustader trugar viktig beitemark og lokal matproduksjon.</p> <p>Ber om at kommunen prioriterer langsiktig ivaretaking av naturen over kortsiktig profitt. og trekk fram naturbeitemark som ein rødlista naturtype</p>	
24	143 Midt-Telemarkinger	<p>Felles innspel fra 143 Midt-Telemarkinger. Meiner at grensa for nedbygging er nådd og framtidige generasjoner må få seie sitt om arealbruken. Meiner at omfattande hyttebygginga har ført til store inngrep i naturen, noko som ikkje er berekraftig på lang sikt. Og framhevar at Lifjell er viktig for innbuggarane i Midt-Telemark. Meiner at ansett kor store verdiar hyttefolket legg att i bygda, så går det ei grense for kor mykje natur som kan forsvarast å bygge ned av økonomiske omsyn. Ber om å tre føreslåtte nye bygeområder igjen tas ut av planen:</p> <p><b>FB21 (Grostul):</b> Området inkluderer gammalskog, myr og viktige friluftsområde. Utbygging vil frigjere store mengder klimagassar og skade verdifulle naturområde, i strid med kommunens mål om å redusere klimagassutslepp.</p> <p><b>FB19 (Bøkstulnatten):</b> Området har gammal granskog med nasjonal og regional verdi. Det ligg ikkje i tilknyting til eksisterande bygeområde og er rasutsett. Utbygging her er uforenlig med å ta vare på naturverdiane.</p> <p><b>FB20 (Jønnbuflåtin):</b> Store delar av området er myr, som ikkje bør byggast ut med dagens kunnskap om myras betydning.</p>	
25	10/62 og 10/63	Geir Bø	<p>Tomtene som heilt eller delvis er sett av som LNF i planforslaget på grunn av funn av naturtypar. Eigaren av tomte ønskjer at begge tomtene framleis kan brukast til fritidsbustad i framtida, og trekker fram eige økonomisk tap på grunn av endring i føremål frå fritidsbustad til LNF-føremål som hovudargument.</p>
26	Lars Thedin og Inger Bjørkaas Thedin	<p>Ber om at formannskapets framlegg om å ta inn eit utvida FB21 vert trekt. Området frå nedre del av Krinto og løypa som går nedanfor hyttefeltet FB3, med inngangen til Anebuflåtin og vidare nedover FB21 Grostul, bør vere som det er i dag. Dette området er mykje brukt av barnefamiliar og bør få vere eit naturområde, ikkje tettast til med meir utbygging. Heile vegen ned til skiheisen og vidare ned "Solskinnsdalane" (plankart FB10) bør framleis opplevast som eit naturområde, ikkje eit hyttefelt.</p> <p>Heile løype- og turtraseen som går frå skiheisen og opp til Krinto bør sjåast i ein samanheng. Det bør gje opplevinga av å vere på fjellet i urørt natur, i motsetning til å gå i eit hyttefelt.</p> <p>Akebakken nedanfor hyttefeltet FB3, frå parkeringsplassen, er mykje brukt av både born og voksne. Det er ingen liknande akebakker utanom nedfarten frå Krinto, som kan vere farleg for dei minste.</p> <p>Meinar at den vesle akebakken bør vernast og ikke bli påverka av hytteutbygging i området FB21.</p> <p>Planen ivaretak viktige miljø- og naturtypar, og dette området bør vere like viktig som andre delar av planen.</p>	

27	Naturvern-forbundet i Midt-Telemark	<p>Er bekymra for at formannskapet har inkludert område i konflikt med store natur- og friluftslivinteresser og meinar at fire byggjeområda må takast ut av planen for å bevare natur- og friluftslivskvalitetane på Lifjell, stoppe bit-for-bit-nedbygging som driv naturtapet i Noreg. Meinar at kommunen må ta ansvar for å bevare naturen lokalt og følgje fortettingsprinsippet strengt for å hindre vidare press på utviding av hytteutbygginga.</p> <p><b>FB11:</b> Området er ikkje bygd ut og ei utbygging her vil påverke ein sterkt truga naturtype (rik gransumpskog). Dette medfører uforsvarleg stor belastning på naturtypen, og planen kan opphevast utan erstatningsplikt då byggeløyve ikkje er gitt.</p> <p><b>FB19:</b> Utbygging her vil utvide utbygd areal oppover Lifjell, vere i konflikt med markagrensa og skade friluftslivet. Det vil råke til verdifulle naturtyper med raudlisteartar, og myr vil bli råka av utbygging, noko som er uheldig frå eit klimaperspektiv. Området er også utsatt for snøskred.</p> <p><b>FB20:</b> Området består hovudsakleg av myr, som kommunen sjølv har understreka viktigeita av å bevare. Bygging på myr er i strid med nasjonale forventingar til bevaring av myr, og det er vanskeleg å sjå korleis ein kan unngå anleggssarbeid på myra. Visar og til føresegner 1.16 og 3.2.2 i planforslaget.</p> <p><b>FB21 Grostul:</b> Svaært problematisk utbyggingsforslaget strir mot markagrensa og vil øydeleggje gammalskog med høg kvalitet og raudlisteartar. Ei utbygging vil også påverke friluftslivet negativt, då ei av hovudløypene går gjennom området. Området bør ikkje leggjast til som hytteområde. Det framhevast også at ei utbygging her ikkje kan omtala som ei fortetting.</p>
28	9/38  Håkon Farnes, Anne Farnes, Olav Farnes	<p>Dei tøttar fullt ut innspelet frå Lifjell Næringslag. Dei meinar at kommunedelplanen legg føringar for større område basert på lokale forhold, noko som de meinar høyrer heime på reguleringsplansnivå.</p> <p><b>KU/ROS-analysen:</b> Meinar at det er feil i KU/ROS-analyesen, som omtalen av p-plassen ved Jønnbu (nå i FB8) som "dårleg vedlikehalde beitemark", når den faktisk har vore ein parkeringsplass i mange år.</p> <p><b>Områdekommmentarar:</b></p> <p><b>Øvst i Jønnbulia/Kikutrustin (LNFR4):</b> Området er regulert til hytteutbygging, og dei har gjort store investeringar i infrastruktur basert på dette. Området inkluderer BH-14, som delvis består av krattskog og lyng på tørr skogbotn.</p> <p>Forslag: Oppretthalde gjeldande reguleringsplan.</p> <p><b>Solskinnsdalen (tidlegare H5), innspelsnr. 34/38-1:</b> Meinar at KU/ROS-analyesen feilaktig hevder at området er dominert av myr. Det er faktisk markante bergstrukturar og granskog. Meinar at ROS-analyesen sin påstand om trafikkstøy er også uforståeleg.</p> <p>Forslag: Ta området inn som utbyggingsområde.</p> <p><b>ABA3 (Kalveliene):</b> Området er utepekt som satsingsområde.</p> <p>Forslag: Endre til utbyggingsområde.</p> <p><b>Området ovanfor p-plassen på Jønnbu (innspelsnr. 34/38-3):</b> Dette området er regulert til p-plass, ligg tett inntil alpintraseen og VVA-hovudløp.</p> <p>Forslag: Endre til utbyggingsområde, med fokus på alpinaktivitet og parkeringsløysingar</p>
29	Lifjell Næringslag	<p>Lifjell Næringslag vart stifta 12. april 2024 og består av ca. 20 grunneigarar, næringsdrivande og andre aktørar.</p> <p><b>Manglande dialog:</b> Næringslaget meiner det har vore for lite dialog mellom kommunen og aktørene på Lifjell i arbeidet med kommunedelplanen. Meinar at prosessen har vore uforutsigbar, og forslaget kom brått på utan tilstrekkeleg moglegheit for diskusjon i forkant av høyring.</p> <p><b>Utbyggingsområder:</b> Meinar at berre rundt 65 av hyttetomtane i planreserven er attraktive (plus 40 etter vedtaket i FS mars24). Framhevar at eit mangfold av tomter er nødvendig for å oppretthalde eit fungerande marked. Næringslaget er positive til at fire nye utbyggingsområder vart lagt til etter behandling i formannskapet.</p> <p><b>Alpinanlegg:</b> Næringslaget meiner det er uheldig at område avsett til alpinanlegg er tatt ut av planen. Dei ønskjer at desse områda vert vidareført for å støtte utviklinga av Lifjell som skidestinasjon.</p> <p><b>Føresegner:</b> <b>Universell utforming:</b> Tilpass krava til TEK17. <b>Myr:</b> Tillat utbygging på små, grunne myrer med lite miljøpåverknad. <b>Kryssing av veg og skiløype:</b> Tillat dette der det er hensiktsmessig. <b>Omsynssone for myr:</b> Vurder myr i utbyggingsområde ved reguleringsplan. <b>Avslutning:</b> Næringslaget trur framtidige reguleringsplaner vil ivareta alle interesser på Lifjell. Forsvarleg og kontinuerleg utbygging skal sikre at Lifjell framleis er eit attraktivt val for fritidsbustader</p>

30	Randi Bjørkaas Slettebø og Per Simon Slettebø	<p>Meinar at planen bør sikre at viktige miljø- og naturtypar vert ivaretatt, og at eksisterande reguleringsplanar blir følgd.</p> <p><b>FB7:</b> Sammenbindingsheis og kryssende veier: Ber om at kommunedelplanen tilrettelegg for realisering av ny veitrase for nedre veg, som ivaretar felles kulvert, slik det er fastsett i reguleringsplanen frå 19.06.2000 (Sone 4 plan 15 ved Jønnbu).</p> <p><b>FB8 og FB10:</b> Kalveliaene og Solskinnsdalen opp mot Krinto: Støttar forslaget om ny felles plan for Kalveliane og at Solskinnsdalen vert sikra til fordel for natur, miljø og fritidsbruk. Meinar at det er viktig at løype- og turtraseen frå Torilstul til Krinto vert ivaretatt og sett i samanheng.</p> <p><b>FB21:</b> Nytt område lagt inn av Formannskapet: Foreslår at forslaget om utviding av FB21 vert trekt. Framhevar at dette området er viktig for barne- og familieleik, ski- og turløyper, og som inngang til fjellnatur utan hyttefelt.</p> <p><b>FB3:</b> Dersom det er planlagt ei ny hyttetomt (18/164/?) i akebakken frå hyttefeltet mot FB21, bør hytta plasserast slik at akebakken kan brukast fullt ut.</p>
31	Torunn og Arnfinn Moe	<p>Kommentarer til området FB19 (tidlegare H8): Peikar på uklarheiter rundt to bekker: Meinar at der ein inkonsistens mellom føresegner, planomtale og plankartet. Meinar at tidlegare planar ikkje viste området med fritidsbustadformål på grunn av to eksisterande bekker. Meinar at bekkene no er fjernet frå kartet, sjølv om dei framleis eksisterer. Området er no markert som flomutsatt, men framleis angitt til fritidsbebyggelse, noko som dei meinar er ulogisk. Konklusjon: Fargekodingen bør endrast ved å fjerne gul farge for fritidsbebyggelse og inntegne begge bekkene for å gi eit korrekt bilet av området. Fare for skred: Framhevar observasjonar av mindre snøskred frå Bøkstulnatten i fire av dei siste elleve vintrane. Samt visar til bildedokumentasjon Konkluderar med at området med skredfare på kartet bør utvidast vidare sørover i retning H7 (no FB1) for å ta høgde for større framtidige skred.</p>
32	Hege Marit Folkestad	<p>Støttar forslaget om å endre FB20 til fritidsbustad. Framhevar at området i dag er regulert til sentrumsformål, men at denne reguleringa har vore hemmande for utvikling grunna manglande økonomisk berekraft. Framhevar at FB20 ligg sentralt og er godt tilrettelagt med infrastruktur som vatn, avløp og straum, at atkomst er enkel via eksisterande vegnett, utan å krysse skiløyper eller stiar. Dei ser det som naturleg å fortette området med fritidsbustader, som vil redusere transportbehovet og bevare nærliggande naturområde. Påpeiker at myr, bratt terreg og andre naturforhold vil bli vurdert i detaljreguleringa. Meinar at bebyggelse kan tilpassast terrenget og at myr vil bli vurdert ig ivareteke i vidare planprosessar. Meinar at området ikkje er godt tilrettelagt for barnelek eller aktivitetar, sjølv om enkelte påpeiker bruken av området til dette. Framhevar at organisert barnelek skjer i Vinterland, aust for eigedomen.</p>
33	9/119	<p>Motset seg ytterligare omregulering av eigendommen til LNF. Ynskjer å halde tomta som fritidsbustad (FB) og ikkje endre den til LNF Spreidd (LSF). Ynskjer moglighet å etablere tilkomstveg til hytta pga eldre familiemedlemmar. Meiner at ønskene ikkje kolliderer med friluftsinteressene, sidan dei meinar at dette området ikkje er benytta av allmennheta. Meiner at ein omregulering vil avgrense bruken deires av eigedommen og hindre naudsynte tiltak i framtida. meinar at det er tilstrekkeleg med parkeringsmuligheter og for fleire hytta på 9/119 selv utan veggtilkomst.</p>
34	USN, institutt for natur, helse og miljø	<p>Dei er generelt bekymra for det auka presset ytterlegare hytteutbygging og utvikling vil medføre for området. Nevner eksplisit:</p> <p><b>Myr som verdifull naturtype og karbonlager:</b> Utbygging av myr vil frigjere store mengder klimagassar, noko som står i strid med måla til Midt-Telemark. Omsynszone for myr (H560_1) på plankartet er ikkje foreinleg med utbygging, spesielt gjeld dette FB20 og delvis FB21. FB20 vil krevje store naturinngrep for å kunne nyttast til byggeomål, spesielt i dei bratte nedre delane. Vidare vil utbygging her kome i konflikt med byggegrensa på 700 m.o.h.</p> <p><b>Omsynszone for naturtype (H560_2):</b> Dette området må takast på alvor for å unngå nedbygging. Det gjeld særleg FB21 (Grostul), der både myr og gammelskog må hensynstakast, samt FB19 (aust for Bøkstulnatten) med gammal granskog. FB19 ligg dessutan isolert frå eksisterande bebyggelse og vil krevje betydelege inngrep, noko som kan føre til irreversible tap av til no uberørte område.</p> <p><b>Parkeringsplass nord for FB17 (LFNR):</b> Dette området er kjent for djupe myrar og bør ikkje byggjast ned.</p>

35	9/422	Advokat Håvard Wiig Andersen	<p>Merknad på vegne av Arnfinn Moe og Torunn Moe, eigare av gnr. 9 bnr. 421 og 422. Ber om at gjeldande arealformål for gnr. 9 bnr. 422 (fritidsbustad) vert vidareført uendra.</p> <p><b>Bakgrunn og argumentasjon:</b></p> <p>Eiendomsutvikling: Visar til å eigarne kjøpte Jønnbuflåtin 147 i 2016 som byggeklar tomt, og har investert i naudsnyt infrastruktur. Framhevar at forslaget om å omgjere tomen til grønstruktur og LNFR vil gjøre den ubebyggeleg og utan verdi.</p> <p>Viser til manglende grunngjeving: Meinar å planen om å leggje turstien/skiløypa over eigendommen verkar uforståeleg og utan klar grunngjeving. Meinar at det er uklårt kva samfunnsinteresse som rettferdigger dette inngrepet.</p> <p>Topografiske omsyn: Meinar å omlegging av turstien/skiløypa i eit flatt terren vil være unødvendig og ufordelaktig. Meinar å halde fast ved noverande plan vil sikre betre skiforhold i den bratte bakken vidare austover.</p>
36		Monica Schjelderup	<p>Utrykkar bekymring for den omfattande lysforurensinga på Lifjell, som skaper eit miljø som minner om Las Vegas heller enn ein stad der natur og naturleg lys får dominere. Dette er ikkje i tråd med korleis andre utbygde fjellområde handterer lysforurensing.</p> <p>Nevner utfordringar ved lysforurensing:</p> <p>Miljøpåverknad: Overforbruk av straum.</p> <p>Dyreliv: Negative verknader på dyrelivet.</p> <p>Naturoppleving: Tap av moglegheit til å oppleve naturleg lys, nordlys og stjernehimmel.</p> <p>Nevner moglege forslag:</p> <p>Slå av lys når hyttene ikkje er i bruk.</p> <p>Alle utelys bør vende nedover for å minimere lysforurensing.</p> <p>Innføre klare reglar for lysbruk, lik dei som finst i andre hyttefelt.</p>
37		Norges vassdrags- og energidirektorat	<p><b>NVE fremjer motsegn</b></p> <p><b>Hovudpunkt i motsega:</b></p> <p><b>1) Skredfare:</b></p> <p>Område for fritidsbustader: Det er foreslått nye fritidsbustader i eit område som er skredutsatt utan at skredfaren er tilstrekkeleg avklara.</p> <p>Føresegner: Dei eksisterande føresegnene er ikkje strenge nok for å hindre nye tiltak og fortetting i skredutsatte området.</p> <p>Kartgrunnlag: Gamle snøaktsemdkart frå 2010 er brukt i staden for dei oppdaterte karta frå 2023.</p> <p><b>2) Avklaring av skredfare:</b></p> <p>Tiltak for å fjerne motsegn: Kommunen må anten stille plankrav for området, få ei fagleg vurdering av skredfaren før planvedtak, eller fjerne området frå planen. Og nye snøaktsemdkart må nyttast.</p> <p>Føresegner for utbygging: Det må stå tydeleg i føresegnene at fortetting og ny utbygging i skredutsatte området ikkje er tillate</p> <p><b>NVE sitt faglege råd:</b></p> <p>Flaumvegar: Rår til at det innførast klare krav om at det ikkje er tillate med tiltak som stenger flaumvegane.</p> <p>Verna vassdrag: Rår til å konkretisere føresegna med at tiltak i verneområdet må vurderast opp mot vernegrunnlaget og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.</p> <p>Flaumfare: Rår til presiseringar av både føresegnene og retningslinjer og kjem med rettleiing</p> <p>Overvasshandtering: Rår til presisering i føresegner og retningslinjer og kjem med rettleiing</p> <p><b>Prosesseen vidare:</b></p> <p>Kommunen kan ikkje eigengodkjenne planen med rettsverknad før grunnlaget for motsegnar er fjerna.</p> <p>NVE oppmodar til dialog for å finne løysingar som kan kome motsegnar i møte.</p> <p>Dersom kommunen ikkje følgjer opp NVEs motsegn, kan dei be om mekling hjå Statsforvaltaren.</p>
38	10/102, 10/106, 10/215	Anders Unum	<p>Viser til eit planinitiativ for området sendt 27.11.2023 og påfølgjande kommunikasjon angåande regulering av 10/102, 10/106 og 10/215. Kjem med følgjande innspel:</p> <p><b>Myrar og karbonrike område:</b> Framhevar at det ikkje finst myrområde av betydning på eigedom 10/102, utanom ein mindre stripe i nord. Peiker på at nærliggjande myrar ligg nord for eigedom på gnr/bnr 10/55 og 10/14.</p> <p><b>Skiløyper:</b> Framhevar at planinitiativ berører ikkje skiløyper eller deira traséar og at dei har vore nøye med å unngå konflikta med dette.</p> <p><b>Infrastruktur:</b> Meiner at det ikkje er behov for ny infrastruktur ut over tilkopling til eksisterande nettverk. Deiser ikkje kapasitetsproblem eller behov for ytterlegare inngrep.</p> <p><b>Gammelskog og artsfunn:</b> Viser til kartleggingen fra Biofokus og viser til naturtypefunn på eigendommen. Dei meiner at funnet ikkje gjer grunnlag for å omregulere heile eigedom til LNF, og meiner at det ikkje er særlig med eldre vegetasjon i området.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Dei meiner at forslaget om LNF-området er for omfattande og grunnlaget delvis feil. Omregulering til LNF bør avgrensast til område der det meiner at det faktisk er gjort viktige artsfunn.</p>

39	Svein Fossheim	<p><b>Ynskjer at FB19 endrast i samsvar med eit plankart for H8 som vert vedlagt innspelet:</b>  Meinar å store delar av FB19 har vore byggeområde for hytter sidan 1970-talet.  Visar til å H8 er namnet i gjeldande plan, men meinat at eit ulovleg vedtak i 2014 gjorde H8 usamanhengande.  Meinar å H8 tek omsyn til verneverdig skog og karbonrike område, med 61 dekar sett av til LNF.  Meinar at utbygging av H8 sikrar VA-tilgang og rassikker veg, og kan gje kommunen over 4 millionar kroner.  Meinar ROS-analysen (KUen) for H8 er misvisande og inneholder feil om beitenæringer og friluftsområde.</p> <p><b>Ynskjer å markagrensa flyttast mot fjellet i samsvar med nordlege byggegrense på H8:</b>  Meinar at ein kommunikasjonsfeil har ført til at delar av FB19 ligg utanfor markagrensa.  Meinar å markagrensa må følge nordlege grensa til H8 for å vere korrekt og synleg på plankartet.</p> <p><b>Ynskjer at kommunen utredrer skredfaren frå Bøkstulnatten mot FB1 og FB19 (H8):</b>  Visar til at plankartet må oppdaterast i samsvar med NVE sine oppdateringer.  Meinar at skredfaren må kartleggast i samsvar med Sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt.  Meinar at rassikring kan leggast inn som rekkefølgekrav ved utbygging av FB19.</p> <p><b>Ynskjer at FB20 justerast i samsvar med eit plankart for S1-2 som vert vedlagt innspelet:</b>  Meinar at tbygging av S1-2 er i tråd med kommuneplanen om fortetting av fritidsbustader.  Meinar at området tek omsyn til karbonrike område, med 30 dekar sett av til LNF.  Meinar at S1-2 vil ha god tilgjengeleighet utan store naturinngrep og følgje ein spesifisert designmanual.  Meinar at FB20 er ikkje eit viktig friluftsområde, og utbygging vil ikkje påverke tilgjengeleighet eller bruk for friluftsliv.</p>
40	Telemark Fylkeskommune	<p><b>Telemark fylkeskommune fremjer motsegn til planforslaget for kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 på følgande punkt:</b>  Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjes motsegn til byggjeområde <b>FB21 Grostul</b>, om myr og barns leik, jamfør rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og regional planstrategi for Vestfold og Telemark. Motsegna kan løysas ved at området ikkje blir sett av til byggjeområde i planen.</p> <p>Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjes motsegn til byggjeområda <b>FB11, FB19 og FB20</b>, om myr, jamfør nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og regional planstrategi for Vestfold og Telemark. Motsegna kan løysas ved at områda ikkje blir sett av til byggjeområde i planen.</p>
40	Telemark Fylkeskommune	<p>Rettleiing</p> <p><b>1)</b> I føresegn punkt 1.4.1 er det ein tastefeil - det står pbl § 21-1 a-m. Det skal vere § 20-1 a-m</p> <p><b>2)</b> Fylkeskommunen gjer merksam på at arealformålet LNF-spreidd gir sjølvstendig heimel til føresegner, og vil derfor tilrå til at det blir sett eigne føresegner til formålet om tillaten grad av utnytting og utforming med meir. Dei planfaglege råda frå fylkeskommunen er og at arealformålet blir vist med sirkelsymbol for fritidsbustader på eigedommar som har størreise meir enn 1 daa, jf. retningsline til punkt 2.1.2 om tilrådde tomtesterleikar.</p> <p><b>3)</b> Den planfaglege råden frå fylkeskommunen er å vise område regulert til friluftslivsformål som grønstruktur på plankartet til kommunedelplanen, særleg for dei områda der reguléringsplanane blir føresette oppheva bør dette bli korrigert.</p> <p><b>4)</b> Det er i planmaterialet vist til ein tidlegare vassforvaltningsplan, noverande plan er Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion for planperioden 2022-2027. Fylkeskommunen ber om at planarbeidet inkluderer retningsliner eller føresegner som minimerer potensielle inngrep i vassdragsbeltet.</p> <p><b>5)</b> Det er brukt flategeometri for å vise vegane i forslaget til plankart, med varierande breidd henta frå underliggende reguléringsplanar eller basert på eigedomsgrenser langs vegen. Når kommunedelplanen blir teikna i stor målestokk som her (1:5000), er det dei faglege råda frå fylkeskommunen å vise ei vegbreidd som inneber at det blir inkludert 3 meter til vegskulder, grøft og snøopplag på kvar side av køyrevegen, tilsvarende annan veggrunn i reguléringsplanar. Restarealet bør leggjast til tilgrensande arealformål, ikkje vistast som vegformål på plankartet.</p> <p><b>6)</b> Veglova fastset ei byggjegrense mot fylkesveg på 50 meter frå senterlinje veg dersom det ikkje er fastsett anna byggjegrense i plan etter plan- og bygningslova. Der det ikkje finst reguléringsplanar, og dessutan der reguléringsplanar skal opphevast, kunne det vore fornuftig å fastsetje ei nærmare byggjegrense i kommunedelplanen for å unngå dispensasjonssøknader frå veglovas føresegner. Det er ikkje gjort her mot fylkesveg 3332 - Lifjellvegen.</p> <p>Føresegn punkt 2.1.2 bokstav k) slår fast at det ikkje blir nye avkjøyringar tillatne frå fylkesvegen, og dette er i tråd med innspelet fylkeskommunen hadde til oppstarten av planarbeidet.</p> <p>I området ved FB11 bør kryssande skiløype (turdrag TD mørk grøn på plankartet) detaljvurderast ved planlegging av FB8 Kalveliane, og formast ut betre for å oppnå større trafikktryggleik, særleg sett opp mot regulert parkeringsplass aust for fylkesvegen, sjå utsnitt av forslag til plankart i innspelet</p>

40	Telemark Fylkeskommune	<p><b>7)</b> Det er svært positivt at kommunen har valt ut gamle stølslandskap, og sett omsynssoner rundt desse (H570 bevaring kulturmiljø). Men retningslinene i planen er noko uklare, og det er viktig at kommunen seier noko om kva verdiar det er viktig å ta vare på. Kulturlandskapet og stølslandskapet bør bli nemnt spesielt, saman med tufter, murar og andre strukturar i landskapet. Kommunen bør og nemne dei utvalde stølslandskapa som ein del av føresegnehene under føresegnehene punkt 2.4.1 og 2 a). Føresegnehene må sikre områda mot motorisert ferdsel, som ikkje skjer på frosen mark, som til dømes hogstmaskiner, då det er næringsretta landbruk som er tillate innanfor LNF-området, men som kan gjere stor skade på kultur og stølslandskapet.</p> <p><b>8)Fritids- og turistformål (FTU)</b></p> <p>Den føreslåtte endringa frå LNF-område til byggjeområde for fritids- og turistformål FTU er ikkje konsekvensutgreidd. I planomtalen blir området beskrive som tidlegare sentrumsfomål, og at det derfor ikkje fører til eit nytt konsekvensbilete. Etter vurderinga frå fylkeskommunen er dette mangelfullt vurdert, og området endringa bør ikkje vedtakast før det er gjennomført ei grundigare konsekvensutgreiing.</p>
41	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	<p><b>Fremjer motsegn:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• FB7, Jønnbuseter – naturmangfald</li> <li>• FB8, Kalveliane – naturmangfald</li> <li>• FB11 (tidlegare H9) – naturmangfald og myr</li> <li>• FB16 (tidlegare H12) – naturmangfald</li> <li>• FB19 (tidlegare H8) – naturmangfald og myr</li> <li>• FB20 (tidlegare S1) – myr</li> <li>• FB21, Grostul – naturmangfald og myr</li> <li>• FTU – Tjønna ved hovedparkering – verna vassdrag</li> </ul>